



KOMMUNESTYRET (KS) INNKALLING

Møtedato:	26.03.2020
Møtestad:	Fjernmøte via Teams
Møtetid:	Kl 17:00

Orienteringar:

- Kommunen si handtering av koronakrisa
- Politisk arbeid framover

Medlemer som ikkje kan møta må snarast melda frå til Øygarden kommune, via [politikarportalen](#) eller tlf. 56 38 54 03/e-post: beate.hetlevik@oygarden.kommune.no. Er nokon ugilde i ei sak, må det meldast frå om dette.

Varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Møtet vert streama via [Kommune-TV](#) . Dirigentbordet vert filma og oversikt over chatten på Teams vert vist på skjerm.

Medlemer vil få lenke på e-post til deltaking via Teams.

24.03.2020

Tom Georg Indrevik
ordførar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

SAKLISTE:

Sak nr.	Sakstittel
036/20	Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll
037/20	Referatsaker og orienteringer
038/20	Innspel til nasjonal transportplan 2022-2033
039/20	Mynde til formannskap og ordfører i høve den ekstraordinære situasjonen med viruset Covid-19
040/20	Val av representantar til styret i Bustadstiftinga
041/20	Val av medlem til representantskapet for Bergen og omland Farvannsforvaltning (BOF IKS) 2020-2023
042/20	Val av politisk utval for oppfølging av kommunedirektøren
043/20	Val av representant til Kystkultur no! for perioden 2020-2023
044/20	Val av representantar til styret i stiftinga Fjell Festning
045/20	Val av representantar til styret i stiftinga Nordsjøfartsmuseet 2019-2023
046/20	Val av representantar til årsmøtet i IUA Bergen region for perioden 2019-2023
047/20	Val av representatar til styret i Kystmuseet i Øygarden 2019-2023
048/20	Val av styremedlemmar til stiftinga Johannes Kleppevik sitt minnefond
049/20	Val av politiske representantar til samarbeidsutvala ved grunnskulane



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret (KS)	26.03.2020	036/20

Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Protokoll - Kommunestyret - 20.02.2020

Innstilling til vedtak

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Saksopplysningar

Denne saka omhandlar godkjenning av innkalling og saksliste i tillegg til møteprotokoll frå førre møte.



KOMMUNESTYRET

MØTEPROTOKOLL

Møtedato:	20.02.2020
Møtestad:	Øygarden rådhus - Straume - kultursalen
Møtetid:	kl 14:00 - 22:10

Medlemer som møtte	Parti/Organisasjon
Espen Cornell Jacobsen	Arbeiderpartiet (Ap)
Espen Stølsnes Harkestad	Arbeiderpartiet (Ap)
Geir Knarvik Fjeldstad	Arbeiderpartiet (Ap)
Marianne Sandahl Bjørøy	Arbeiderpartiet (Ap)
Mons Tore Nakken	Arbeiderpartiet (Ap)
Ruben Håvik	Arbeiderpartiet (Ap)
Åse Gunn Husebø	Arbeiderpartiet (Ap)
Einar Hadler Jakobsen	Folkeaksjonen Nei til mer Bompenger (FNB)
Leif Bjarne Fjellro	Folkeaksjonen Nei til mer Bompenger (FNB)
Odd Erik Lind	Folkeaksjonen Nei til mer Bompenger (FNB)
Per Reidar H. Wergeland Asheim	Folkeaksjonen Nei til mer Bompenger (FNB)
Anita Garlid Johannessen	Fremskrittspartiet (FrP)
Svein Berger Bjørge	Fremskrittspartiet (FrP)
Svein Otto Jacobsen	Fremskrittspartiet (FrP)
Andreas Tjong Kallekleiv	Høgre (H)
Anne-Sissel Fjæreide	Høgre (H)
Ernst Morten Einarsen	Høgre (H)
Inge Kausland	Høgre (H)
Michael Sangolt	Høgre (H)
Nils Kåre Skoge	Høgre (H)
Robert Kaupang Sæle	Høgre (H)
Silvia Haugland	Høgre (H)
Synne Nordøy	Høgre (H)
Tom Georg Indrevik	Høgre (H)
Atle Dåvøy	Kristelig folkeparti (KrF)
Helge Nilsen	Kristelig folkeparti (KrF)
Vidar Klepsvik	Kristelig folkeparti (KrF)
Bjørn Tore Hatletun	Miljøpartiet Dei Grøne (MDG)
Maria Thomassen	Miljøpartiet Dei Grøne (MDG)
Hege Misje	Sotralista (SL)
Jan Utkilen	Sotralista (SL)
Kjell Rune Garlid	Sotralista (SL)

Nils Bjarne Tofterå	Sotralista (SL)
Nina Glesnes	Sotralista (SL)
Anita Andrine Skjold Hellesø	Senterpartiet (Sp)
Hogne Hole	Senterpartiet (Sp)
Solveig Dale Rong	Senterpartiet (Sp)
Eva Aarskog	Sosialistisk Venstreparti (SV)
Symphorien Pombe	Sosialistisk Venstreparti (SV)
Børge Haugetun	Venstre (V)

Medlemer med forfall	Parti/ Organisasjon	Varamedlemer som møtte	Parti/ Organisasjon
Linn Raaheim-Nordfonn	Ap	Egil Haaland	Ap
Torgeir Benjamin Nyborg	FrP	Anders Algerøy Hjartøy	FrP
Nils Bjarte Sæle	Raudt	Kenneth Andre Straume	Raudt

Møteleiar	Tom Georg Indrevik
Møtesekretær	Beate Hetlevik
Frå administrasjonen møtte	

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

SAKLISTE:

Sak nr.	Sakstittel
006/20	Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll
007/20	Referatsaker og orienteringer
008/20	Interpellasjonar og spørsmål
009/20	Orientering om Nye perler i nordsjøløypa og godkjenning av prosjektplanen
010/20	Byvekstavtale for Bergensområdet 2019 - 2029 - framlegging av ferdigforhandla avtale for politisk godkjenning
011/20	Oppstart av kommunal planstrategi 2020 – 2023 – prosess, pågåande planoppgåver og arbeid med kommuneplanen
012/20	Smittevernplan med pandemi-del
013/20	Oppmoding i frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet om busetjing av flyktningar i 2020
014/20	Høve til å søkja skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjønn)
015/20	Høyring på lokal inntaks- og formidlingsforskrift til vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune
016/20	Avklaring av politisk delegeringsreglement
017/20	Val av politisk utval for oppfølging av kommunedirektøren
018/20	Nye satsar for SFO
019/20	Sluttbehandling med motsegn - Detaljregulering for Ebbesvikneset - gbnr 45/4 m.fl. - Ebbesvika
020/20	Folkerøysting om kommunenamnet
021/20	Politisk plattform 2020 - 2023
022/20	Korleis sikra pensjonsandel for folkevalde som vert trekt i løn frå arbeidsgjevar
023/20	Ny selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS frå 2020
024/20	Val av representant til representantskapet til interkommunalt arkiv 2020-2023
025/20	Val av medlem til representantskapet for Bergen og omland Farvannsforvaltning (BOF IKS) 2020-2023
026/20	Val av politiske representantar til samarbeidsutvala ved grunnskulane
027/20	Val av representantar til styret i stiftinga Fjell Festning
028/20	Val av representantar til styret i Bustadstiftinga
029/20	Val av styremedlemmar til stiftinga Johannes Kleppevik sitt minnefond
030/20	Val av representatar til styret i Kystmuseet i Øygarden 2019-2023
031/20	Val av representantar til styret i stiftinga Nordsjøfartsmuseet 2019-2023

- 032/20 Val av representantar til årsmøtet i IUA Bergen region for perioden 2019-2023
- 033/20 Val av representant til Kystkultur no! for perioden 2020-2023
- 034/20 Fritak for politiske verv og suppleringsval
- 035/20 Nye vedtekter for SFO og barnehagane i Øygarden kommune

006/20: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Innstilling til vedtak

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Desse tok ordet i saka:

Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Svein Otto Jacobsen (SI), Jan Utkilen (SI)

Merknadar til sakslista:

Sak 19/20 - Sluttbehandling med motsegn - Detaljregulering for Ebbesvikneset - gbnr 45/4 m.fl. - Ebbesvika

Saka vert trekt frå sakskartet då den først må til mekling hos Fylkesmannen. Saka vart ved ein incurie sett på sakskartet.

Marianne Sandahl Bjørøy (Ap) oppmoda om at saka vert sendt til behandling i utval for plan med synfaring før den går til mekling hjå Fylkesmannen. Kommunestyret slutta seg til dette.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 006/20

Møteprotokollane frå dei to siste møta vert godkjent slik dei ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

007/20: Referatsaker og orienteringer

Innstilling til vedtak:

Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Desse tok ordet i saka:

Nils Kåre Skoge (H), Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Ernst Einarsen (H), Nina Glesnes (SI), Børge Haugetun (V), Einar Hadler Jacobsen (FNB), Symphorien Pombe (SV), Vidar Klepsvik (KrF), Svein Otto Jakobsen (SI), Helge Nilsen (KrF)

ORIENTERINGAR

- Økonomirapport rekneskap 2019 v/kommunedirektør Rune Lid
- Bustadstiftinga v/styreleiar Gunnar Sulen
- Øygarden bustadutvikling v/leiar Nina Glesnes

Presentasjonar ligg ved denne saka.

Ordføraren orienterte om desse sakene:

- Rolla til politisk arbeidsutval (PAU):

Eit førebauende arbeidsutval som fordeler saker til utvala, går gjennom sakslister og kan be om nye saker. Det vert ikkje gjort vedtak i utvalet

- Det vert gjort ein formidabel innsats med bygging av den nye kommuneorganisasjonen. Alt er ikkje på plass og det er for lang behandlingstid på fleire område
- Møte med rektoratet på Høyskulen på Vestlandet for å diskutere eit vidare og tettare strategisk samarbeid
- Mulighetsanalysen for Aquakultur vert presentert i starten av mai. Dette er viktig i forhold til at kommunen nå ligg i to produksjonsområde
- Oppstart av konkurranse komande veke vedrørende strilahaiku. Her vil vi engasjere innbyggjarane og skular til å kome med forslag til nye ordspel

REFERATSAKER

RS 007/20 - Gjeld søknad om oreigning av rettar til uttak av drikkevarnt frå Steinsvatnet

Solveig Dale Rong (SP) retta spørsmål om ho er ugild då ho er ein av grunneigarane av Steinsvatnet. Kommunestyret såg ikkje noko grunn til det då dette er ei orienteringsak.

Det var ingen protokollerte merknadar til referatsakene.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 007/20

Referatsaker og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

008/20: Interpellasjonar og spørsmål

Innstilling til vedtak

Spørsmål og interpellasjonar med svar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Spørsmål vedrørende byvekst Per Reidar H. Wergeland Asheim FNB

Øygarden formannskap har vedtatt at de går inn for avtale om byvekst. I avtale om byvekst omtales all privat biltrafikk uansett kjøretøy type, ønsket begrenset og helst redusert for å oppnå klimamål og redusert trafikk belastning på veiene.

Kan Ordfører gi nærmere orientering om hvilke trafikkreduserende tiltak en ser for seg å innføre, når det blir innført og hvor mye dette vil koste kommunebudsjettet I investeringer og kostnader for den enkelte innbyggerne i eventuelle daglig utgifter i forbindelse med arbeidsreiser og reise til fritidsaktiviteter innad i kommunen.

Spørsmålet vert overført til behandling av saka om byvekst.

Interpellasjon Kenneth Andre Straume Raudt

Sønne til kontrollutvalgets leder mottok, ifølge opplysninger fra Bergens Tidende, trusler om "snuteslag" fra en av prosjektlederne i Øygarden kommune. Det som gjør denne saken spesielt alvorlig er at prosjektlederen som ifølge artikkelen skal ha kommet med voldstrusler, sannsynligvis er implisert i saker som ligger til behandling på kontrollutvalgets bord. Man kan derfor lese den

angivelige trusselen som et mislykket forsøk på å gjøre utvalgets leder ugild, for å sette kjepper i hjulene for kontrollutvalgets arbeid. Dette vil i så fall kunne sees på som et angrep på lokaldemokratiet.

Hvilke rutiner har kommunen for oppfølging når denne type opplysninger om ansatte kommer fram?
Har disse rutinene blitt fulgt?

Hva har kommunedirektøren foretatt seg av konkrete undersøkelser i saken?

Hvilke tiltak har kommunedirektøren foretatt seg ovenfor den aktuelle prosjektlederen?

Det bes om en konkret og oppklarende redegjørelse fra kommunedirektøren.

Svar frå ordføraren:

Dette er ei sak som er under arbeid i kontrollutvalet og det vil komma informasjon om dette arbeidet når et ligg føre. Dei tre gamle kommunane hadde reglement knytt til personalforvaltning. I samanslåingsprosjektet «Nye Øygarden kommune» er det gjort eit grundig arbeid for å få desse harmonisert og gjeldande for den nye kommunen. Administrasjonsutvalet vedtok 18. februar fleire reglement knytt til personalforvaltning. Arbeidet med rutinar held fram på dette feltet som på fleire andre felt.

Spørsmål Eva Aarskog SV

Folk i Sund har lenge reagert på den dårlege tilstanden på fleire av minnestøttene etter falne under 2. verdskrig. Dette gjeld særleg minnestøtta på Telavåg, men òg minnestøttene ved Kausland - og Sund Kyrkje. I arbeidet med Kultursoga i Sund unnlet ein å ta med bilete av nokre av minnestøttene. Nokre minnestøtter var då i ei så dårleg forfatning, at ein ikkje kunne tyde fleie av namna som var rissa inn i steinen. Dette oppørte både lokale folk og tilreisande.

Dette er direkte pinleg for ei kommune med si krigshistorie knytt til Telavågstragedien. Det er òg trist for familiane til dei falne å oppleve at ingen tek ansvar for å få vedlikehaldsarbeidet gjort.

Kort sakshistorikk frå tidlegare Sund Kommune:

Tidlegare ordførar i Sund, Kari-Anne Landro, sette saka på dagsorden som orienteringssak til kommunestyret, med fokus på at vedlikehaldsarbeidet skulle overtakast av avdeling for park /grønt i nye Øygarden kommune.

Det vart i sakspapira til Formannskapet om kostnadene for vedlikehald vist til eit prisestimat på oppussing av samtlege minnestøtter i Sund (Telavåg, Sund Kyrkje, Kausland kyrkje og Stranda skule) på om lag kr.450.000,- inkl.mva.

Rådmann i Sund, Rune Lid, skreiv i si vurdering av saka:

«Ein vil i framtida legge alle minnestøttene inn i kommunen sitt driftssystem for jamnleg oppfølging.

*Når ein frå 1.januar 2020 går inn i ein ny kommune, vil ein ha eit eige tenesteområde innan grønt/park som har betre erfaring/kompetanse med vedlikehald av minnestøtter enn det vår eigen driftsavdeling har. **Det vil bli lagt opp til at dette tenesteområde vil ta seg av minnestøttene, legge dei inn i ein tilsynsplan og gå inn med naudsynt vedlikehald** (NB! Vår utheving). Grønt/park har gjort tilsvarande arbeid med minnestøtte i Fjell kommune og vil kunne ta på seg tilsvarande arbeid i søre delen av vår nye kommune.*

Ved å ta slikt vedlikehaldsarbeid med eige mannskap slepp ein å kjøpe inn eksterne tenester for kr.450.000,- inkl.mva».

Både formannskapet og kommunestyret tok saka til orientering.

Denne våren vert det fleire markeringar ved minnestøttene rundt om i Øygarden kommune i samband med at det er 75 år sidan 2.verdenskrig tok slutt. Då forventar tilreisande og lokalbefolkning at vedlikehaldsarbeidet på og rundt minnestøttene er gjort, og at det igjen er mogleg å lese alle namna på dei falne som skal heidrast for sin innsats for fedrelandet vårt.

Øygarden SV ynskjer svar på om tenesteområdet innan grønt/park har lagt minnestøttene inn i sin tilsynsplan, og om naudsynt vedlikehold er satt i gong, eller skal settast i gong, spesielt med tanke på markeringane som vil finne stad den 8.mai i år.

Svar frå ordførar:

Arbeidet med å med oppgradering av minnestøttene er sett i gang og skal være slutført før markeringar tar til. Det er minnestøtta i Telavåg har høgast prioritet.

Alle tre minnestøttene er vaska og reingjort. Før ein kan male på namna på støttene, må desse kleast inn med presenning slik at ein kan setje på varme. Til dette er ein avhengig av høveleg vær, noko som har vore mangelvare så langt i år. Så snart været gjer det mogleg vil arbeidet halde fram. Når oppgradering av støttene er gjennomført vil dei bli lagt inn i tenesteområde grønt sin tilsynsplan.

Spørsmål vedrørende byggesak Anita Garlid Johannessen FrP

Kor lang behandlingstid er det på byggesaker, held man tidsfristane? Kor mange ligg inne til behandling? Stemmer det at folk ikkje får svar når dei tek kontakt med byggesaksavdelinga og spør kor i systemet sakene deira er?

Svar frå ordførar:

«Status pr i dag er følgjande:

- Pr i dag er det om lag 90 saker med fristoverskriding
- Klagesaker – om lag 40 saker med fristoverskriding
- Så langt i år er det kome om lag 90 nye saker
- Behandlingstid – behandlingstid vil variere alt ettersom type søknad og kva frist som er etter pbl.

Grunna stor sakstilflyt og fleire vakansar på byggesak i dei gamle kommunane gjekk me inn i ny kommune med ein stor portefølje med ikkje behandla saker. I januar har det vore fokus på å få oversikt, overføre gamle saker til nytt sakssystem (stort manuelt arbeid) og opplæring i nye rutinar og sakssystem. Ein er no i posisjon til å få opp produksjonen i forhold til saksbehandling. For å avhjelpe dette ytterlegare vil 3 sakshandsamarar som primært arbeider med tilsyn, klagesaker og ulovlighetssaker no for ein periode behandle byggesaker. Målet vårt er at ein innan sommaren skal vera ajour i forhold til fristoverskriding på nye saker. I tida fram til ein er ajour må det påreknast fristoverskridingar.

Når det gjeld svar på søknader/telefonar om eigne saker/generelle spørsmål, så har dette ikkje fungert godt nok. Det er gjort tiltak frå og med førre veke. Alle saksbehandlarar skal vera tilgjengeleg for spørsmål frå kundar to dagar i veka (tysdag/torsdag) – dette gjeld primært eksisterande saker der ein ønskjer å snakke med saksbehandlar. I tillegg vert det etablert ei vaktordning der kundar og dei tre andre dagane (man, ons, fre) skal få svar på spørsmål mellom kl 12 – 15. Det blir og arbeidd med forbedring av innsynsverktøy for kundar inn mot kartsystem, noko som på sikt vil medføre at kundar vil kunne følgje status på sakene digitalt».

Interpellasjon - Planer om motorveg gjennom friluftsområdet Midtmarka må stoppes Maria Thomassen MDG

MDG ber kommunestyret stoppe/skrote planer om motorveg gjennom det uberørte LNF-område Midtmarka på Sotra.

Bakgrunn:

Kommunedelplan Sotrasambandet delprosjekt 3, Fv 561 Kolltveit – Ågotnes ble vedtatt av Fjell kommune den 26.11.2009.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2019: I medhald av plan- og bygningslova §12-12 godkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 561 Kolltveit - Ågotnes, med plankart revidert 18.11.2019, føresegner revidert 18.11.2019 og planomtale revidert og datert 18.11.2019.

MDG mener nye offentlige planer og ny kunnskap tilsier at videre plan om ny Rv561 gjennom Midtmarka må skrotes. Vegprosjektet har ikke tatt tilstrekkelig hensyn til naturmangfoldet, kulturminner og verdien som friluftsområde. Kommunestyret må også stoppe denne vegplanen sett i lys av Byvekstavtalen (Byutviklingsavtalen) som krever at det ikke skal bli økning i personbiltrafikken.

Midtmarka er av Miljødirektoratet definert som friluftsområde med høy verdi
<https://kart.naturbase.no/>.

MDG stiller spørsmålsteget ved gyldigheten til saken behandlet 12.12.2019 (siste kommunestyremøte i Fjell) og vegplanen som er godkjent over 10 år tilbake i tid. Private reguleringsplaner har kun en levetid på 5 år. Det gir et uheldig signal til innbyggerne når denne offentlige planen hentes frem etter så lang tid uten grundig vurdering og behandling etter gjeldende lover og plankrav.

Påkrevde trafiksikringstiltak må vurderes med utgangspunkt i eksisterende veg mellom Kolltveit og Ågotnes (Rv561).

MDG mener at Byvekstavtalen, som overordnet plan, skal hensyntas i planarbeidet med ny Rv561 gjennom Midtmarka og vegprosjektet må derfor bortfalle. Dette for å kunne nå målet til Byvekstavtalen om nullvekst i personbiltrafikken.

MDG stiller derfor spørsmål ved valg av rekkefølge for politisk behandling av plan om motorveg gjennom friluftsområdet Midtmarka og Byvekstavtalen. Disse sakene er behandlet med kun to måneders mellomrom. Har administrasjon og kommunestyret behandlet saken om motorveg på Sotra etter kommunens verdier og etiske prinsipper?

Detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 561 Kolltveit - Ågotnes:
<http://sak.fjell.kommune.no/eInnsyn/RegistryEntry/DocumentDetails/102741>

Svar frå ordførar:

Dette er ein nyleg vedteken plan, spørsmålet om å avvikle plan er eit politisk spørsmål.

Interpellasjon: Krav om ny vurdering av hurtigbåt med nullutslipp mellom Øygarden og Bergen

Maria Thomassen MDG

MDG krever ny vurdering- av hurtigbåt med nullutslipp mellom Øygarden og Bergen.

Så lenge arbeidet med den nye Sotrabrua pågår kan en hurtigbåtrute med tilhørende park-and-ride (P-plasser) være en god og langsiktig løsning for folk som pendler mellom Øygarden og Bergen sentrum.

MDG har vært i kontakt med BKK som mer enn gjerne kan bidra med etablering og drift av ladeinfrastruktur for en slik hurtigbåtløsning. BKK Nett har erfaring og har allerede etablert infrastruktur for fergelading.

I 2018 ble det utredet av COWI, på vegne av Skyss, at båtløsningen vil bli dyr og omfattende å få til mellom Øygarden og Vågen. Den utredningen vurderte IKKE nullutslippsløsninger som drastisk kan få

ned driftsutgiftene, redusere CO2 utslipp, og ikke minst gi mulighet for å bli finansiert via støtteordninger.

Det vil bli mye omlegging av Rv555 i årene fremover knyttet til arbeid med det nye Sotrasambadet. Vi kan få et trafikkbilde som ingen har oversikt over vil utvikle seg. Bilkøene og busstilbudet er utfordrende for mange. En båtrute vil kunne redusere behov for både buss og privatbiler og få ned trafikken i årene fremover.

En nullutslippsløsning vil i stor grad kunne støttes med offentlige midler. Tram prosjektet i Rogaland er et eksempel som er tildelt midler via EUs Horisont2020-program.

MDG ber Øygarden kommune ta opp igjen dialogen med Skyss og Vestland fylkeskommune for å vurdere om det likevel er muligheter for en hurtigbåtrute med nullutslippsløsninger. Ved også invitere Bergen-og Askøy kommune med i dialogen, vil det gjerne bli enklere å få gjennomslag for båtruten. Det vil være mer realisme i prosjektet ved å kunne koble på stoppested både på Askøy (Hanøytangen, Hetlevik, Follese) og i Bergen (Godvik, Kjøkkelvik, Laksevåg).

En båtrute mellom Øygarden og Bergen må sees i lys av Byvekstavtalen. En hurtigbåt med nullutslippsløsning vil bidra til mindre bruk av privatbilismen i regionen. Ved å delfinansiere en slik hurtigbåtløsning med midler fra Byvekstavtalen vil gjøre at flere innbyggere i kommunen vil se verdien av denne avtalen.

Båtforbindelse mellom nye Øygarden og Bergen:

<https://www.skyss.no/globalassets/strategiar-og-fagstoff/fagrapportar-og-utgreiingar/2019/batforbindelse-nye-oygarden-bergen.pdf>

Eu sponser utvikling av norsk el-hurtigbåt med 110 millioner:

<https://www.tu.no/artikler/eu-sponser-utvikling-av-norsk-el-hurtigbat-med-110-millioner/427277>

Asplan Viak ser på mulighet for bybåt i Bergen:

<https://www.asplanviak.no/aktuelt/2019/12/10/asplan-viak-ser-paa-muligheter-for-bybaat-i-bergen/>

Svar frå ordførar:

Ordføraren redegjorde for vedtak i Fellesnemnda

Politisk - ikkje aktuelt med utkast til svar frå kommunedirektøren

Vedtak frå Fellesnemnda

Innstillinga punkt 1-5, og framlegg om nytt punkt 6, vart deretter samrøystes vedtekne.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.06.2019:

1. Fellesnemnda ser på rapporten som eit viktig bidrag for å vidare drøftingar av kollektivtilbodet og trafikutfordringar. Det er viktig at planlegging av kollektivtilbodet vert sett i samanheng på tvers av kommunegrensene i Bergensregionen, og kommunen ønskjer å bidra aktivt i dette arbeidet.
2. Med auka aktivitet og etablering av Ågotnes Hamn, er Ågotnes eit alternativ som styrkar seg som ein aktuell lokalitet for varig båtsamband. Fellesnemnda ønskjer at det vert arbeidd vidare med dette alternativet, på kort og lang sikt.
3. Fellesnemnda meiner at passasjergrunnlaget innanfor gang- og sykkel har eit større potensiale enn det som framkjem av rapporten. Saman med betre kunnskap om reisevanane til dei som jobbar på Lillesotra, vil båt kombinert med sykkel kunne styrke attraktiviteten knytt til kaiplassering på Lillesotra. Fellesnemnda ønskjer at det vert arbeidd vidare med å vurdere grunnlaget for Brattholmen-kai, på kort og lang sikt.
4. Fellesnemnda ønskjer at det vert arbeidd vidare med å vurdere Straume Sjøfront i kombinasjon med parkering i kystbygarasjen, som ny lokalitet på Straume. Lokaliteten har utfordringar knytt til seglingstid, men effekten av direkte tilkomst til kai via sykkel tunnelen frå Kystbygarasjen/Straume sentrum aukar sjansane for at alternativet skal opplevast som attraktivt og effektivt. Fellesnemnda ønskjer at det vert arbeidd vidare med å utgreie Straume sjøfront som kaialternativ, på kort og lang sikt.
5. Fellesnemnda ber om at fylkeskommunen greier ut og vurderer saka opp mot beredskaps-situasjonen som Nye Øygarden kommune står ovanfor fram mot opninga av nytt fastlandssamband i 2026.
6. For å betre trafikksituasjonen ved rundkjøringa på Kolltveit ynskjer kommunen at det vert arbeidd med eit båt-alternativ i sør. Sidan det er vanskeleg å leggje til rette for parkering på Klokkevik ynskjer kommunen at det vert arbeidd vidare med eit alternativ på Skaganeset på kort og lang sikt.

Spørsmål: Hvordan står det til med den psykiske helsehjelpen i kommunen for barn? Maria Thomassen MDG

I Formannskapsmøte (04.02.20) var det et spørsmål til kommunedirektøren om hvordan det sto til i den psykiske helsehjelpen i kommunen. "Var det lange ventetider?" Formannskapet fikk til svar at det ikke var noen kø i det hele tatt for de voksne. Et lyst bilde. Men, hvordan står det til med den psykiske helsehjelpen for barna i kommunen? Er det like lyst?

Svar frå ordførar:

Kommunen har mange tiltak knytt til psykisk helsehjelp for barn og unge. Mellom anna har barnehagar og skular fleire program for å førebyggja psykiske helseproblem. Den nye organiseringa BUFT (tenester til barn og unge) skal sikra betre heilskap og samordna tenester.

Kommunen har fire kommunepsykologstillingar for barn og unge, samt at vi held på å etablera tilbodet «en som lytter» på Helsestasjon for Ungdom i samarbeid med Mental helse for ungdom. Individuelle tilbod for barn og unge går via fastlege. Kommunepsykologane har gruppetilbod, der er det ikkje køar, då det er eit lavterskeltilbod. Henvising til gruppetilbod går ofte via skulehelseteneste/helstestasjonar. Det kan vera ventetid på 2-3 veker til gruppetilboda. Det viktige er å forebygge ved å inkludere alle i gode nettverk. Det er vesentleg å kunne oppdage psykisk uhelse, og at ein veit korleis/ kvar ein kan få hjelp. Dette er eit kontinuerleg arbeid i alle tenester som arbeider med barn og unge.

Spørsmål: Mobildekning Kolltveit-tunellen Einar Hadler Jakobsen FNB

Mobildekning i Kolltveit tunellen er dårleg eller manglande, kan kommunen sjå på dette til fordel for innbyggjarane?

Svar frå ordførar:

Spørsmålet vart stilt i sist møte i utval for samfunnsutvikling og ein får svar til neste møte i utvalet

Desse tok ordet i saka:

Kenneth André Straume, Eva Aarskog (SV), Nils Kåre Skoge (H), Anita Garlid Johannessen (FrP), Maria Thomassen (MDG), Einar Hadler Jakobsen (FNB)

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 008/20

Spørsmål og interpellasjonar med svar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

009/20: Orientering om Nye perler i nordsjøløypa og godkjenning av prosjektplanen

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre godkjenner prosjektplanen for Nye PiN

Behandling i Utval for tenester og levekår 05.02.2020:

Kulturleiar Christel Møvik-Olsen presenterte plan for nysatsing for delar av Perler i Nordsjøløypa. Presentasjonen hennar vert knytt til saka.
Etter engasjert drøfting vart kommunedirektøren si innstilling samrøystes vedteken.

Vedtak i Utval for tenester og levekår 05.02.2020 - saksnr. 010/20

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre godkjenner prosjektplanen for Nye PiN.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Desse tok ordet i saka

Silvia Haugland (H), Eva Aarskog (SV)

Kulturleiar Christel Møvik Olsen orienterte om saka. Presentasjonen ligg ved saka.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 009/20

Øygarden kommunestyre godkjenner prosjektplanen for Nye PiN.

010/20: Byvekstavtale for Bergensområdet 2019 - 2029 - framlegging av ferdigforhandla avtale for politisk godkjenning

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek sluttforhandla byvekstavtale for Bergensområdet for perioden 2019-2029.
2. Kommunestyret meiner den økonomiske ramma i avtalen er god og at avtalen vil medverka til å finansiere viktige drifts- og investeringstiltak i kommunen og regionen. Kommunestyret sluttar seg til avtalen som eit godt grunnlag for eit forpliktande areal- og transportpolitisk samarbeid i Bergensområdet.
3. Kommunestyret viser til dei gode resultata ein ser i Bergensområdet med omsyn til betra luftkvalitet, reduserte bilandelar og svært gode kollektivtal og uttrykkjer difor ei forventning om at høgare statlege rammer vert lagt på bordet ved reforhandling av avtalen, i 2021.
4. Øygarden kommune er ein kommune i eit felles bu- og arbeidsmarked og Kommunestyret ser positivt på byvekstavtalen som ein arena for å drøfte vidare samarbeid for å styrke areal- og transportløysingar i bergensregionen.
5. Kommunestyret ber om ei sak om prioritering av prosjekt frå Øygarden kommune inn mot vidare arbeid med samla prioriteringsliste/handlingsplan for avtaleområdet.

Behandling i Formannskapet 04.02.2020:

Framlegg FNB Leif Bjarne Fjellro FNB

I det at om man taper inntekt på Nye Øygardsbroen og oppfyller byvekstavlens 2% grunnlag for klimamål, og null vekst ved reduksjon av trafikkgrunnlaget knyttet til avtalen, så ville tapet bli kompensert gjennom økte bompenger lokalt, dette er stortingskomiteene sitt ansvar å ta stilling til om staten tapte bompenger midler lokalt i kommunene.

Fnb derimot ønsker avtalen fjernet da denne vil føre til ytterligere kostnader for den enkelte innbygger.

Kommunedirektøren må ligge avtalen ut til offentlig høring, og høringsfristen bør være 3 mnd. Da avtalen innebærer tiltak med vesentlige virkninger, da følger den også lov om Utredning i forhold til utredningsinstruksen §3-3.

Røysting: 1 røysta for forslaget (FNB) og fall.

Desse tok ordet i saka:

Silvia Haugland (H), Leif Fjellro (FNB), Maria Thomassen (MDG), Vidar Klepsvik (KrF), Anita Garlid Johannessen (FrP), Nina Glesnes (SL), Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Nils Kåre Skoge (H), Espen Harkestad (Ap)

Innstillinga:

7 røysta for innstillinga (H (3), KrF (1), FrP (1), MDG (1), SL (1)) og 4 røysta mot (AP (3), FNB (1)).
Innstillinga vart tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 04.02.2020 - saksnr. 013/20

Innstillinga vart tilrådd.

Alternativt forslag fra Raudt Øygarden Kenneth Andre Straume Raudt

I den byvekstavtalen som har blitt framforhandlet, blir det ikke åpnet for at de økte, statlige midlene kan brukes til byggetrinn 5 i Åsane. Framdeles er planene fundamentert på inntekter fra bompenger – som i igjen forutsetter at biltrafikken blir opprettholdt på dagens nivå. Dette framstår ikke som tydelig klima- og miljøvennlig, og er en ansvarsfraskrivning fra regjeringen.

Prinsipielt mener partiet at det må settes et øvre tak på daglig bompengeinnkreving fra bilister.

Arealpolitikken til kommunene som er med i avtalen, er også et kontroversielt element. På dette området ønsker staten å innføre sterkere restriksjoner på hvor en kan bygge. For å redusere biltrafikken, er målet at det skal bygges i bymessige områder for å redusere biltrafikken. Dette er en tydelig endring av arealbruken i de tidligere kommunene Sund, Fjell og Øygarden. Nye arealstrategi for Øygarden skal integreres i samfunnsdelen i ny arealplan. Det er uheldig at konsekvensene av arealføringene i byvekstavtalen ikke er tydeliggjort for den nye kommunen vest for Sotrabroen.

Dersom arealdelen i avtalen blir strengt håndhevet, kan dette også ha innvirkning på kommunale tiltak for bedring av kollektivløsninger.

Avtalen viser heller ikke noen bedring i kollektivdekningen for kommunen.

1. Øygarden kommune vedtar ikke sluttforhandlet byvekstavtale for Bergen og omegnskommunene for perioden 2019–2029.

2. Øygarden kommune aksepterer ikke de økonomiske rammene for avtalen. Kommunen mener det prinsipielt må være slik at store og nødvendige samferdselsprosjekt som f.eks. bybanen blir fullfinansiert av staten. Finansiering eller delfinansiering av slike prosjekt må ikke belastes trafikanter. Sekundært

3. Øygarden kommune har behov for en omfattende kapasitet- og kvalitetsøkning på infrastrukturnett både på land og sjø. Slik det ser ut nå, vil ny Sotrabru være ferdig i tiåret mellom 2020 og 2030. Dette er et OPS-prosjekt, og hvordan dette blir kostnadmessig for trafikantene, er lite kjent og heller ikke belyst i byvekstavtalen. En framforhandlet avtale for Øygarden kommune bør derfor ha en øvre grense for daglig bompengekostnad når trafikanter må gjennom flere bomstasjoner.

4. Øygarden kommune mener at takstsamarbeidet også bør gjelde for snøggåter i hele fylket. Det må åpnes opp for å avlaste biltrafikken med et integrert kollektivnett sjøveien mellom Øygarden kommune og Bergen kommune/eventuelt andre nabokommuner.

Det vart halde punktvis avrøysting:

1. 1 røysta for (Raudt)
2. 1 røysta for (Raudt)
3. 1 røysta for (Raudt)
4. 1 røysta for (Raudt)

Punkt 1 - 4 i forslaget fall

Tilrådding Fnb Øygarden Einar Hadler Jakobsen FNB

Folkeaksjonen Nei til Mer Bompenger (FNB) i Nye Øygarden kommune avviser det fremlagte forslaget til byvekstavtale.

For oss i Nye Øygarden kommune har betydningen av en byvekstavtale konsekvenser som hverken kommunestyre eller ordfører har tatt stilling til.

Negative og positive sider burde belyses av administrasjonen i forkant av behandling i de aktuelle kommuner på en god måte, slik det er lagt opp til i dag så er dette ikke utført i forhold til en klar kommunikasjonsstrategi som forklarer hvorfor byvekstavtale gjennomføres og hvilke fordeler den kan gi by og bygdene.

Politikerne i fylkes- og kommunestyrene er imidlertid lite involvert i byverksavtaleforhandlingene og dette demokratiske underskuddet er et problem når en skal stå til ansvar for et forhandlet resultat som en ikke har hatt innflytelse på.

Saksfremlegg som skal forankre avtalen lokalt er også svært forenklet og kompleksitet i spørsmålene rundt avtaleverket blir unngått i forhold til detaljinformasjon samt at viktige premisser for gjennomføring kan derfor også bli utelatt.

Når det gjelder ny Sotra bro og veiforbindelser i aksene nord syd – øst blir det derfor en manglende konsistens når en på ene siden ønsker et nytt fastlandssystem knyttet til bompenger, og samtidig en byvekstavtale med forpliktelser som er bundet i nullvekst mål mot personaltrafikk, denne inkonsistensen utgjør en klar utfordring for å få avtalen til å fungere.

Alle virkemidler i forhold til innsatsindikatorer er ikke fastsatt lokalt i Nye Øygarden og en vet av den grunn ikke hva vår motytelse innebærer for denne avtalen.

Tilrådning

1. Kommunestyret er uroet over kollektiv dekningen ellers i kommunen og mener at en byvekst avtale ikke er veien å gå for å løse dette.
2. Kommunestyret ønsker at nødvendig infrastruktur må dekkes gjennom den ordinære skattepolitikken knyttet til statsbudsjettet.
3. Kommunestyret understreker at det er kritikk verdig å binde seg til en avtale som ligger sterke føringer på areal planlegging i nye øygarden kommune, der kraftig fortetning til kollektivknutepunkt er sentralt.
4. Kommunestyret ser at Prosjekt planen har ingen logisk sammenheng i forhold til nullvekstmålsetninger som er definert som formålet med byvekstavtalen

Punktvis avrøysting:

1. 4 røysta for (FNB)
2. 4 røysta for (FNB)
3. 4 røysta for (FNB)
4. 4 røysta for (FNB)

Punkt 1 - 4 i forslaget fall

Protokolltilførsel Jan Utkilen SL

«Byvekstavtalen vert godkjent under føresetnad av at det i løpet av avtaleperioden vert sett av tilsvarande beløp i distriktsutbyggingsfondet som skal nyttast til å vidareutvikle bygdene. Kommunestyret vil stå fri til å seie opp avtalen ved reforhandlingane hausten 2021 dersom målsettinga utanfor regional vekstsone ikkje er på plass.»

Protokolltilførselen vart lagt til møteboka.

Desse tok ordet i saka:

Tom Georg Indrevik (H), Atle Dāvøy (KrF), Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Sven Berger Bjørg (FrP), Andreas Kallekleiv (H), Hogne Hole (SP), Anita Hellesø (SP), Børge Haugetun (V), Nina Glesnes (SI), Nils Kåre Skoge (H), Espen Stølsnes Harkstad (Ap), Jan Utkilen (SI), Einar Hadler Jakobsen (FNB), Mons Tore Nakken (Ap), Silvia Haugland (H), Maria Thomassen (MDG), Svein Otto Jacobsen (FrP),

Helge Nilsen (KrF), Anita Garlid (FrP,) Per Reidar Asheim (FNB)

Det vart gjennomført prøverøysting i saka.

Innstilling - Røysting

31 røysta for (H 10), KrF (4), SL (4), SV (2), MDG (2), V (1), Anita Garlid (FrP), Ap (7))

14 røysta mot (FNB (4), FrP (3), Raudt (1), SP (4), (Kjell Rune Garlid (SL), (Mons Tore Nakken (Ap))

Innstillinga vart vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 010/20

1. Kommunestyret vedtek sluttforhandla byvekstavtale for Bergensområdet for perioden 2019-2029.
2. Kommunestyret meiner den økonomiske ramma i avtalen er god og at avtalen vil medverka til å finansiere viktige drifts- og investeringstiltak i kommunen og regionen. Kommunestyret sluttar seg til avtalen som eit godt grunnlag for eit forpliktande areal- og transportpolitisk samarbeid i Bergensområdet.
3. Kommunestyret viser til dei gode resultata ein ser i Bergensområdet med omsyn til betra luftkvalitet, reduserte bilandelar og svært gode kollektivtal og uttrykkjer difor ei forventning om at høgare statlege rammer vert lagt på bordet ved reforhandling av avtalen, i 2021.
4. Øygarden kommune er ein kommune i eit felles bu- og arbeidsmarked og Kommunestyret ser positivt på byvekstavtalen som ein arena for å drøfte vidare samarbeid for å styrke areal- og transportløysingar i bergensregionen.
5. Kommunestyret ber om ei sak om prioritering av prosjekt frå Øygarden kommune inn mot vidare arbeid med samla prioriteringsliste/handlingsplan for avtaleområdet.

011/20: Oppstart av kommunal planstrategi 2020 – 2023 – prosess, pågåande planoppgåver og arbeid med kommuneplanen

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til prosess for utarbeiding av Øygarden sin planstrategi 2020 – 2023, slik det går fram i vurderinga til kommunedirektøren.
2. Kommunestyret sluttar seg til framlegg om å starta arbeidet med å utarbeida planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, slik det går fram i vurderinga til kommunedirektøren.
3. Kommunestyret sluttar seg til prioriteringar av planoppgåver for 2020, slik det går fram i vurderinga til kommunedirektøren.

Behandling i Utval for samfunnsutvikling 05.02.2020:

Eli Fosso samfunnsplanleggjar, orienterte om arbeidet med planstrategi for perioden 2020 - 2023.

Hanna Gjesdal einingsleiar for plan, geodata og oppmåling, orienterte om oppstart av planprogram for samfunnsplanen og prioriteringar av planoppgåver fram til planstrategien er vedteken.

Innstillinga vart stemt over slik:

Pkt 1 og 2 vart stemt over samla og vart samrøystes vedtekne. Pkt. 3 var stemt over separat og fekk

ingen stemmer, og fall.

Vedtak i Utval for samfunnsutvikling 05.02.2020 - saksnr. 003/20

Utval for samfunnsutvikling tilrår kommunestyret å gjere følgjande vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til prosess for utarbeiding av Øygarden sin planstrategi 2020 – 2023, slik det går fram i vurderinga til kommunedirektøren.
2. Kommunestyret sluttar seg til framlegg om å starta arbeidet med å utarbeida planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, slik det går fram i vurderinga til kommunedirektøren.

Behandling i Utval for tenester og levekår 05.02.2020:

Endringsforslag Ernst Morten Einarsen H

Punkt 3. i innstillinga utgår. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg, punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for tenester og levekår 05.02.2020 - saksnr. 012/20

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til prosess for utarbeiding av Øygarden sin planstrategi 2020 – 2023, slik det går fram i vurderinga til kommunedirektøren.
2. Kommunestyret sluttar seg til framlegg om å starta arbeidet med å utarbeida planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, slik det går fram i vurderinga til kommunedirektøren.

Behandling i Utval for plan 06.02.2020:

Fellesforslag frå utvalet Svein Otto Jacobsen FrP

Utvalet for plan tilrår følgjande:

1. Kommunestyret sluttar seg til prosess for utarbeiding av Øygarden sin planstrategi 2020 – 2023, slik det går fram i vurderinga til kommunedirektøren.
2. Kommunestyret sluttar seg til framlegg om å starta arbeidet med å utarbeida planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, slik det går fram i vurderinga til kommunedirektøren.

Einingsleiar for plan, Hanna Gjesdal og samfunnsplanleggjar Eli Janett Fosso presentert oppstart av kommunal planstrategi 2020 - 2023. Presentasjonen vert lagt ved denne saka.

Viktig presisering at dette er politikarane sin strategi for å styra kommande planarbeid vidare. Det vart orientert om tal på planar som dei tre gamle kommunane alt har vedteke og kva planar som ligg klar til behandling.

Fellesframlegget frå utvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for plan 06.02.2020 - saksnr. 003/20

Utvalet for plan tilrår følgjande:

1. Kommunestyret sluttar seg til prosess for utarbeiding av Øygarden sin planstrategi 2020 – 2023, slik det går fram i vurderinga til kommunedirektøren.
2. Kommunestyret sluttar seg til framlegg om å starta arbeidet med å utarbeida planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, slik det går fram i vurderinga til kommunedirektøren.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Endringsforslag frå H,SL, Frp, Krf, og V Andreas Tjong Kallekleiv H

Nytt pkt. 3.

Kommunestyret vedtek at kommunale/private planar som er starta opp i dei tidlegare kommunane og nemnt i vedlegg til KS saka, vert ein del av det vidare arbeid med planstrategiprosessen. Det er sentralt at slike pågåande planar vert slutført.

Representasjon under prosessen Egil Haaland Ap

Råd for personar med nedsett funksjonsnedsetjing og Eldrerådet blir representert i prosessen på lik linje med Ungdommens kommunestyre, jfr. vedtektene for råda paragraf 3.

Desse tok ordet i saka:

Andreas Kallekleiv (H), Marianne Våge Berland (Ap), Egil Haaland (Ap), Svein Otto Jacobsen (FrP)

Innstillinga med nytt punkt 3 (forslag frå Andreas Kallekleiv)

Røysting: 43 røysta for (AP (8), SP (4), SV (2), FNB (4), Raudt(1), (H (10), FrP (4), SL (5), V (1), KrF (4) - **vart vedteke**

Forslaget få Egil Haaland vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 011/20

1. Kommunestyret sluttar seg til prosess for utarbeiding av Øygarden sin planstrategi 2020 – 2023, slik det går fram i vurderinga til kommunedirektøren.
2. Kommunestyret sluttar seg til framlegg om å starta arbeidet med å utarbeida planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, slik det går fram i vurderinga til kommunedirektøren.
3. Kommunestyret vedtek at kommunale/private planar som er starta opp i dei tidlegare kommunane og nemnt i vedlegg til KS saka, vert ein del av det vidare arbeid med planstrategiprosessen. Det er sentralt at slike pågåande planar vert slutført.
4. Råd for personar med nedsett funksjonsnedsetjing og Eldrerådet blir representert i prosessen på lik linje med Ungdommens kommunestyre, jfr. vedtektene for råda paragraf 3.

012/20: Smittevernplan med pandemi-del

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret godkjenner Smittevernplanen for Øygarden kommune med pandemi-del slik den ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Retting og endringsforslag Åse Gunn Husebø Ap

Endring på ordlyd i smittervernplan:

I kapittel 1 , side 3 : endre «hovedutvalg for helsevern og sosiale tenester» til «utval for tenester og levekår».

Forslag til tillegg i pandemiplan : (tillegg i kursiv)

Side 9: Hovudoppgåver instans/verksemd i samband med kommunal pandemiplan.

- Vurdere ekstraordinært møte. *Oppgåvene vert delegert frå kommunestyret til formannskap.*

Desse tok ordet i saka:

Åse Gunn Husebø (Ap), Symphorien Pombe (SV)

Innstillinga + retting og endringsforslag frå Åse Gunn Husebø vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 012/20

Kommunestyret godkjenner Smittevernplanen for Øygarden kommune med pandemi-del slik den ligg føre med desse endringane:

Endring på ordlyd i smittervernplan:

I kapittel 1, side 3 : endre «hovedutvalg for helsevern og sosiale tenester» til «utval for tenester og levekår».

Tillegg i pandemiplan : (tillegg i kursiv)

Side 9 : Hovudoppgåver instans/verksemd i samband med kommunal pandemiplan.

- Vurdere ekstraordinært møte. *Oppgåvene vert delegert frå kommunestyret til formannskap.*

013/20: Oppmoding i frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet om busetjing av flyktningar i 2020

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret vedtek:

1. Øygarden kommune vil busetje 28 flyktningar i 2020, der tre av plassane vert atterhaldt til einslege mindreårige som kjem til landet utan føresette.

Behandling i Utval for tenester og levekår 05.02.2020:

Endringsforslag frå SV Eva Aarskog SV

Foreslår mottak av 6 mindreårige flyktningar og 34 vaksne.

Framlegget fekk 1 røyst (SV) og fall.

Endringsforslag frå FrP Kristin Børve Jacobsen FrP

Øygarden kommune seier nei til IMDI sin førespurnad om mottak av 28 flyktningar. Øygarden kommune må fokusera på om dei har ein berekraftig økonomi.

Forslaget fekk 1 røyst (FrP) og fall.

Leiar for flyktningeteneste svara på spørsmål og gav noko tilleggsinformasjon om handtering av einslege mindreårige.

Kommunedirektøren si innstilling vart vedteke mot 1 røyst.

Vedtak i Utval for tenester og levekår 05.02.2020 - saksnr. 007/20

Tilråding til vedtak:

Øygarden kommune vil busette 28 flyktningar i 2020, der tre av plassane vert atterhaldt til einslege mindreårige som kjem til landet utan føresette.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Endringsforslag Bjørn Tore Hatletun MDG

MDG fremmer forslag om ei auke frå 28 busette der tre er einslege mindreårige, til 38 busette der 7 er einslege mindreårige.

Røysting: 5 røysta for forslaget (SV (2), MDG(2), Raudt(1). **Forslaget fall.**

Endringsforslag fremja i UTL Anita Garlid Johannessen FrP

Øygarden kommune seier nei til IMDI sin førespurnad om mottak av 28 flyktningar. Øygarden kommune må fokusera på om dei har ein berekraftig økonomi.

Røysting: 4 røysta for forslaget (FrP). **Forslaget fall.**

Tilleggsforslag Marianne Sandahl Bjørøy Ap

Arbeiderpartiet ber ordførar vurdere om å videreføre Integreringsutvalet som fungerte i Fjell kommune, også inn i Øygarden kommune

Røysting: Tilleggsforslaget vart samrøystes vedteke.

Desse tok ordet i saka:

Vidar Klepsvik (KrF), Eva Aarskog (SV), Bjørn Tore Hatletun (MDG), Nina Glesnes (SI), Anita Garlid Johannessen (FrP), Børge Haugetun (V), Ernst Einarsen (H), Andreas Kallekleiv (H), Maria Thomassen (MDG), Svein Otto Jacobsen (FrP), Kenneth Andre Straume (Raudt), Symphorien Pombe (SV)

Det var 44 i salen under avrøystinga.

Innstillinga/Tilrådinga frå utval for tenester og levekår (UTL)

Røysting: 33 røysta for (AP (8), SP (2), FNB (4), H (10), SL (5), V (1), KrF (4). **Tilrådinga vart vedteke.**

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 013/20

Kommunestyret vedtek:

1. Øygarden kommune vil busette 28 flyktningar i 2020, der tre av plassane vert atterhaldt til einslege mindreårige som kjem til landet utan føresette
2. Ber ordførar vurdere om å videreføre Integreringsutvalet som fungerte i Fjell kommune, også inn i Øygarden kommune

014/20: Høve til å søkja skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjønn)

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til at Øygarden kommune søker skjønsmidlar til fornyings- og

innovasjonsprosjekt i tråd med saksutgreiinga.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Desse tok ordet i saka:

Jan Utkilen (SL)

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 014/20

Kommunestyret sluttar seg til at Øygarden kommune søker skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i tråd med saksutgreiinga.

015/20: Høyring på lokal inntaks- og formidlingsforskrift til vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre sluttar seg til uttale til Lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune slik det går fram av saksutgreiinga.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Endringsforslag Synne Nordøy H

1. Ungdommane må sikrast valgfriheit og dei må innanfor dei foreslåtte inntaksområda bli innført fritt skuleval
2. Det er avgjerande for søkjarane at dei får reelle valmulegheiter og at størrelsene på områdene ikke blir satt for snevert.
3. Ved spesiallinjer som det kun finner et begrenset antall plasser av, skal karakterer alltid legges til grunn ved inntak. I tillegg vil ferdigheter også legges til grunn der det er nødvendig.

Røysting: 26 røysta for forslaget (H (10), FrP (4), SL (5), V (1), KrF (4), FNB (2)). **Forslaget vart vedteke.**

Forslag frå Ap, SV, Mdg, Sp og Rødt Marianne Sandahl Bjørøy Ap

1. Alle elevar skal ha rett til å gå på ein skule nær der dei bur, samstundes som ein kan søkje på andre skular dersom ein ønskjer det. Det må sikrast eit godt skuletilbud i distrikta samstundes som ein kan utvikle meir mangfald i byskulane. Inntaket til vidaregåande skule skal ikkje vere karakterbasert.
2. Øygarden kommune sluttar seg til uttale til lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune og legg til grunn at alternativ 2 Nærskuleprinsippet som det berande prinsipp.

Røysting: 19 røysta for forslaget (AP (8), SP (4), SV (2), MDG (2), FNB (2), Rødt(1)). **Forslaget fall.**

Desse tok ordet i saka:

Synne Nordøy (H), Andreas Kallekleiv (H), Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Eva Aarskog (SV), Symphorien Pombe (SV), Helge Nilsen (KrF), Anita Garlid (FrP), Silvia Haugland (H), Åse Gunn Husbø (Ap)

Forslaga vart sett opp mot kvarandre.

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 015/20

1. Ungdommane må sikrast valgfriheit og dei må innanfor dei foreslåtte inntaksområda bli innført fritt skuleval
2. Det er avgjerande for søkjarane at dei får reelle valmulegheiter og at størrelsene på områdene ikke blir satt for snevert.
3. Ved spesiallinjer som det kun finner et begrenset antall plasser av, skal karakterer alltid legges til grunn ved inntak. I tillegg vil ferdigheter også legges til grunn der det er nødvendig.

016/20: Avklaring av politisk delegeringsreglement

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret stadfester politiske delegeringsreglementet, med dei avklaringar som går fram av denne saka knytt til politisk mynde til utvala
2. Kommunestyret vedtek at politiske utval og arbeidsgrupper som ikkje er oppretta av kommunestyret vert avvikla, jf. vedteke politisk delegeringsreglement.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 016/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

017/20: Val av politisk utval for oppfølging av kommunedirektøren

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å oppnemna politisk utval for å ivareta arbeidsgjevaransvaret for kommunedirektøren. For perioden 2020 - 2023 vert følgjande personar valde:
.....
2. Utvalet får mynde til å følgja opp arbeidsgjevaransvaret slik det går fram av saka.

Behandling i Formannskapet 14.01.2020:

Forslag til representantar til utvalet Nils Kåre Skoge H

Ordfører Tom Georg Indrevik, varaordfører Torill Selsvoll Nyborg og Marianne Sandal Bjørøy
gruppeleder AP

Desse tok ordet i saka:

Nils Kåre Skoge

Innstillinga + forslag frå Nils Kåre Skoge (H) vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 14.01.2020 - saksnr. 005/20

1. Kommunestyret vedtek å oppnemna politisk utval for å ivareta arbeidsgjevaransvaret for kommunedirektøren. For perioden 2020 - 2023 vert følgjande personar valde:
 - Ordførar Tom Georg Indrevik
 - Varaordførar Torill Selsvold Nyborg
 - Gruppeleiar Ap - Marianne Sandahl Bjørøy
2. Utvalet får mynde til å følgja opp arbeidsgjevaransvaret slik det går fram av saka.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 017/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

018/20: Nye satsar for SFO

Innstilling til vedtak:

Satsane vert vedtekne slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 05.11.2019:

Utsetjingsforslag Nils Kåre Skoge H

Saka vert utsett.

Utsetjingsforslaget vart samrøystes vedteke.

Desse tok ordet i saka:

Silvia Haugland (H), Espen Harkestad (Ap)

Vedtak i Formannskapet 05.11.2019 - saksnr. 006/19

Saka vert utsett.

Behandling i Utval for tenester og levekår 06.11.2019:

Saka vart handsama i Formannskapet 05.11.2019 og vart utsett der.

Saka vert difor trekt frå sakskartet til Utval for tenester og levekår.

Vedtak i Utval for tenester og levekår 06.11.2019 - saksnr. 004/19

Saka vert trekt frå sakskartet til Utval for tenester og levekår.

Behandling i Utval for tenester og levekår 05.02.2020:

Oversendingsforslag Espen Cornell Jacobsen Ap

AP: Saka vert sendt over til gebyrutvalget, da arbeidsgruppa ikkje har drøfta satsane. Framlegget fekk 4 røyster og fall (mindretal AP, SV og FNB).

Kommentar frå Per Reidar Aasheim om at administrasjonen rettar følgjande feil i tabellen: timepris til kr 29,40.

Innstillinga til kommunedirektøren vart vedteke med 7 mot 4 røyster (mindretal AP, SV og FNB).

Vedtak i Utval for tenester og levekår 05.02.2020 - saksnr. 004/20

Utval for teneste og levekår tilrår kommunestyret å vedta satsane slik dei ligg føre i kommunedirektøren sitt framlegg.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Endringsforslag (protokolltilførsel) Per Reidar H. Wergeland Asheim FNB

Satsene for SFO er øket. Satsene for SFO er kraftig øket for innbyggerne i "gamle" Øygarden kommune. Det er et generelt problem i landet nå med lave fødselstall. Årsakene kan være mange, men en kan anta at mange opplever at det er for dyrt med å få for mange barn i dette landet. Kostnaden for foreldre til pass av barn for å være i arbeid, kan være en medvirkende årsak. Vi forstår at en trang kommuneøkonomi kan medføre vanskeligheter med å finne inndekning for utgiftene. FNB synes det er feil at barnefamiliene skal belastes så kraftig i kommunebudsjettet

Innstilling til vedtak:

FNB Øygarden foreslår at kommunestyret går inn for at det skal gies en søskenmoderasjon mellom barnehage og SFO

Endringsforslag (protokolltilførsel) Robert Kaupang Sæle H

Fjerne setninga:

"3. Arbeidsgruppa anbefalar ei gradvis oppgradering av prisane, for at ikkje presset på familiane skal bli for stort i overgangsfasen. Dette gjeld særskilt for familiar i Øygarden."

Samt klargjere i protokoll at dette er utarbeidd av ei administrativ arbeidsgruppe og ikkje den politiske arbeidsgruppa som har gått gjennom SFO vedtekter.

Forslag frå Ap, SV, Sp og Rødt Espen Stølsnes Harkestad Ap

Kommunestyret vedtek:

1. Maks sats for full plass i SFO settes til kr. 2.650,- pr. mnd.
2. Gebyrsatsene for SFO må gjennomgåast av gebyrutvalet i forkant av budsjetthandsaminga for 2021.
3. Kommunestyret ber om at spørsmålet rundt søskenmoderasjon for barn i barnehage og barn i SFO utredast og kostnadsbereknast og blir lagt fram i samband med revidert budsjett for 2020.

Røysting:

Pkt 1. 21 røysta for forslaget (AP (8), SP (4), SV (2), MDG (2), FNB (4), Raudt(1)). **Forslaget fall.**

Pkt 2. **Forslaget vart samrøystes vedteke**

Pkt 3. **Forslaget vart samrøystes vedteke**

Endringsforslag - reduksjon med 25%- frå MDG Maria Thomassen MDG

Maks sats for full plass i SFO settes til 26400,- per år inkludert matpenger. Dette vil utgjøre 2200,- per måneden per barn. Dette er en 25% reduksjon fra det kommunedirektøren har lagt fram.

Røysting: 6 røysta for forslaget MDG (2), FNB (4). **Forslaget fall.**

Desse tok ordet i saka:

Espen Stølsnes Harketstad (Ap), Andreas Kallekleiv (H), Maria Thomassen (MDG), Robert Kaupang Sæle (H), Einar Hadler Jacobsen (FNB), Svein Otto Jacobsen (FrP), Anita Garlid Johannessen (FrP),

Jamfør forvaltningslova § 6, erklære Silvia Haugland (H) seg ugild då ho som tilsett har vore med å tilrettelagt for saka. Førespurnaden vart innvilga. Ho tredde frå under handsaminga av denne saka. Det var 44 røysteføre att i møtet».

Innstillinga:

Røysting: Satsane i innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 018/20

1. Satsane vert vedtekne slik dei ligg føre.
2. Gebyrsatsene for SFO må gjennomgåast av gebyrutvalet i forkant av budsjetthandsaminga for 2021.
3. Kommunestyret ber om at spørsmålet rundt søskenmoderasjon for barn i barnehage og barn i SFO utredast og kostnadsberekna og blir lagt fram i samband med revidert budsjett for 2020.

019/20: Sluttbehandling med motsegn - Detaljregulering for Ebbesvikneset - gbnr 45/4 m.fl. - Ebbesvika

Innstilling til vedtak:

Utval for plan tilrår for kommunestyret å fatte følgjande vedtak:

Detaljregulering for Ebbesvikneset, gnr. 45, bnr. 4 m. fl. – Ebbesvika vert vedteken i medhald av plan- og bygningslova §12-12 med følgjande dokument:

- Plankart, datert 22.4.2014, sist revidert 21.1.2020
- Planføresegn, datert/sist revidert 21.1.2020
- Planskildring, datert 22.4.2014, sist revidert 25.11.2019

Behandling i Utval for plan 06.02.2020:

Forslag om utsetting og synfaring Ruben Håvik Ap

Med tanke på omfanget av motsegnene i saka ynskjer Arbeiderpartiet å utsette saka og be om ei synfaring av Ebbesvikneset

Endringsforslag Svein Otto Jacobsen FrP

Utval for plan tilrår kommunestyret å fatte følgjande vedtak:

Detaljregulering for Ebbesvikneset, gnr. 45, bnr. 4 m. fl. – Ebbesvika vert vedteken i medhald av plan- og bygningslova §12-12 med dokument vedtatt i KPU 07.06.2016 sak 92/16 lagt ut til offentlig ettersyn:

- Plankart
- Planføresegn
- Planskildring

Med bakgrunn i den lave utnyttingsgraden som foreligger i kommunaldirektøren sitt fremlegg på ca 20%.

Dette er lågt for å vere i eit sentrumsnært område, der det etter RATP heiter:

4.2.

I dei regionale vekstsonene kan utbygging bli vektlagt sterkt i høve til omsynet til naturmangfald, landskap, landbruk og friluftsliv.

Følgjande prinsipp skal leggst til grunn:

- a. Utbygginga er planlagt med høg utnyttingsgrad
- b. Potensialet for fortetting og transformasjon er kartlagt og planlagt utnytta

og

3.2.

Kommunane bør leggje til rette for arealeffektiv utbygging og setje krav om rekkjefølgje i utbygging av arealreservane der transportreduserande og arealeffektive prinsipp er lagt til grunn. Sentrumsnære område bør bli prioritert først.

Begge desse krav og retningslinjene innehar plan fra 2016, i motsetning til den lave utnyttingsgraden kommunedirektøren legg opp til i si innstilling.

Av den grunn vert det fremja forslag om at ein vedtek plan fra 2016 og ikkje kommunaldirektøren sitt forslag.

Saksbehandlar Tone Børtveit orienterte om arbeidet med reguleringsplanen. Presentasjonen vert lagt i møteportalen som vedlegg til saka.

Utsendingsforslag frå AP v/Ruben Håvik. Forslaget fekk 4 røyster og falt (mindretall AP, SP og SV).

Kommunedirektøren si innstilling vart sett opp mot forslaget til Svein Otto Jacobsen og fekk 3 røyster og fall. (mindretal AP og SV). Framlegget til Svein Otto Jacobsen (FrP) vart vedteke med 8 røyster.

Vedtak i Utval for plan 06.02.2020 - saksnr. 005/20

Utval for plan tilrår kommunestyret å fatte følgjande vedtak:

Detaljregulering for Ebbesvikneset, gnr. 45, bnr. 4 m. fl. – Ebbesvika vert vedteken i medhald av plan- og bygningslova §12-12 med dokument vedtatt i KPU 07.06.2016 sak 92/16 lagt ut til offentlig ettersyn:

- Plankart
- Planføresegn
- Planskildring

Med bakgrunn i den lave utnyttingsgraden som foreligger i kommunaldirektøren sitt fremlegg på ca

20%.

Dette er lågt for å vere i eit sentrumsnært område, der det etter RATP heiter:

4.2.

I dei regionale vekstsonene kan utbygging bli vektlagt sterkt i høve til omsynet til naturmangfald, landskap, landbruk og friluftsliv.

Følgjande prinsipp skal leggst til grunn:

a. Utbygginga er planlagt med høg utnyttingsgrad

b. Potensialet for fortetting og transformasjon er kartlagt og planlagt utnytta

og

3.2.

Kommunane bør leggje til rette for arealeffektiv utbygging og setje krav om rekkjefølgje i utbygging av arealreservane der transportreduserande og arealeffektive prinsipp er lagt til grunn. Sentrumsnære område bør bli prioritert først.

Begge desse krav og retningslinjene innehar plan fra 2016, i motsetning til den lave utnyttingsgraden kommunedirektøren legg opp til i si innstilling.

Av den grunn vert det fremja forslag om at ein vedtek plan fra 2016 og ikkje kommunaldirektøren sitt forslag.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 019/20

Saka vert trekt frå sakskartet då den først må ta saka til meking hos Fylkesmannen. Saka vart ved ein incurie sett på sakskartet.

020/20: Folkerøysting om kommunenamnet

Innstilling til vedtak:

Saka vert lagt fram utan innstilling til vedtak.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Forslag Børge Haugetun V

Kommunestyret viser til intensjonsavtalen mellom Fjell, Sund og Øygarden og dei likelydande kommunestyrevedtaka i samband med kommunesamanslåinga. Kommunestyret stadfestar i tråd med tidlegare vedtak og vedteken forskrift i departementet, at namnet på kommunen skal vera Øygarden.

Med slik grunngjeving avviser kommunestyret ei folkerøysting om kommunenamnet.

Røysting: 30 røysta for forslaget (AP (8), SP (4), SV (1), MDG (2), (H (10), V (1), KrF (4). **Forslaget vart**

vedteke.

Forslag Jan Utkilen SL

«Prosesen om namnet på den nye storkommunen har vore uryddig og udemokratisk som følge av samansettinga i Fellesnemnda der Fjell kommune var i mindretal. Fjell kommune var i utgangspunktet innstilt på at det skulle lysast ut ein konkurranse om det nye kommunenamnet i dei tre aktuelle kommunane. I forhandlingane i fellesnemnda vart det stilt krav om namnet Øygarden dersom det skulle bli aktuelt med ein kommunesamanslåing. Fellesnemnda innstilte difor på namnet Øygarden for å hindre brot i forhandlingane. Namnet vart seinare stadfesta i dei respektive kommunane.

Saka handlar ikkje om namnet Øygarden, men om demokrati og medverknad. Innbyggjarane ynsker å bli høyrd og teke med på råd. I denne saka kan ikkje dei folkevalde påberope seg å representere folkeviljen. Det er difor naudsynt å gjennomføre ei folkerøysting for å avslutte namnestriden. Kommunestyret vil på den bakgrunn be om at det vert fremja sak om ei rådgivande folkerøysting om kommunenamnet»

Røysting: 15 røysta for forslaget FrP (4), SL (5), Symhorien Pombe (SV), FNB (4), Raudt (1). **Forslaget fall.**

Desse tok ordet i saka:

Børge Haugetun (V), Maria Thomassen (MDG), Nina Glesnes (SL), Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Andreas Kallekleiv (H), Egil Haaland (Ap), Odd Erik Lind (FNB), Jan Utkilen (SL), Anita Garlid (FrP), Hogne Hole (SP), Svein Otto Jacobsen (FrP), Hege Misje (SL), Svein Otto Jacobsen (FrP), Espen Stølsnes Harkestad (Ap)

Forslaga vert sett opp mot kvarandre ved avrøysting.

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 020/20

Kommunestyret viser til intensjonsavtalen mellom Fjell, Sund og Øygarden og dei likelydande kommunestyrevedtaka i samband med kommunesamanslåinga. Kommunestyret stadfestar i tråd med tidlegare vedtak og vedteken forskrift i departementet, at namnet på kommunen skal vera Øygarden.

Med slik grunngjeving avviser kommunestyret ei folkerøysting om kommunenamnet.

021/20: Politisk plattform 2020 - 2023

Innstilling til vedtak:

Saka vert lagt fram utan innstilling til vedtak.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 021/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

022/20: Korleis sikra pensjonsandel for folkevalde som vert trekt i løn frå arbeidsgjevar

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret vedtek slikt avsnitt i tillegg til punkt 21.1 «Legitimert tap av arbeidsinntekt som lønsmottakar» til reglementet Økonomisk reglement for folkevalde:

Tapt arbeidsforteneste bør dekkast ved å oppmoda arbeidsgjevar til å fakturere kommunen direkte for fråver, for å hindre at folkevalde tapar pensjon.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 022/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

023/20: Ny selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS frå 2020

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Øygarden kommunestyre vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 023/20

Øygarden kommunestyre vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Øygarden kommunestyre vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

024/20: Val av representant til representantskapet til interkommunalt arkiv 2020-2023

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vel slik representant med vara til representantskapet for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS (IKAH).

Medlem:	Varamedlem:

Valet gjeld for valperioden 2020-2023.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Tilråding frå valnemnda Nils Kåre Skoge H

Øygarden kommunestyre vel slik representant med vara til representantskapet for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS (IKAH).

Medlem:	Varamedlem:
1. Eva Marit Telle	1. Beate B. Myksvoll

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 024/20

Øygarden kommunestyre vel slik representant med vara til representantskapet for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS (IKAH).

Medlem:	Varamedlem:
1. Eva Marit Telle	1. Beate B. Myksvoll

025/20: Val av medlem til representantskapet for Bergen og omland Farvannsforvaltning (BOF IKS) 2020-2023

Innstilling til vedtak:

Som Øygarden kommune sitt medlem/varamedlem i representantskapet for Bergen og Omland Farvannsforvaltning BF IKS for perioden 2020-2023 vert vald:

Medlem:

Varamedlem:

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 025/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

026/20: Val av politiske representantar til samarbeidsutvala ved grunnskulane

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret vel følgjande medlem og varamedlem til samarbeidsutval ved totalt 21 skular i

kommunen:

Skule :	Medlem:	Varamedlem:
Bjørøy skule		
Blomvåg skule		
Brattholmen skule		
Fjell ungdomsskule		
Foldnes skule		
Hjelteryggen skule		
Knappskog skule		
Kolltveit skule		
Landro skule		
Rong skule		
Skogsvåg skule		
Skålevik skule		
Spildepollen skule		
Stranda skule		
Sund ungdomsskule		
Tjeldstø skule		
Toftøy skule		
Tranevågen ungdomsskule		
Ulveset skule		
Øygarden ungdomsskule		
Ågotnes skule		

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 026/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

027/20: Val av representantar til styret i stiftinga Fjell Festning

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vel desse to faste representantane med varamedlemmar til stiftinga Fjell festning for 2 år:

Fast medlemmar:	Varamedlemmar
1.	1.
2.	2.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 027/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

028/20: Val av representantar til styret i Bustadstiftinga

Innstilling til vedtak:

1. Øygarden kommunestyre vel desse fem faste styrerepresentantane og fem varamedlemmane til styret «Bustadstiftinga» for dei neste fire åra (denne kommunestyreperioden), jamfør vedtektene § 6:

Faste medlemmer

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Varamedlemmar

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

2. Øygarden kommunestyre vel desse som leiar og nestleiar i styret i stiftinga «Bustadstiftinga», jamfør vedtektene § 6:

Leiar:.....

Nestleiar:.....

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 028/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

029/20: Val av styremedlemmar til stiftinga Johannes Kleppevik sitt minnefond

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vel desse tre medlemmane med personlege varamedlemmar til Stiftinga Johannes Kleppevik sitt minnefond, jamfør § 5 i vedtektene:

Styremedlem.....personleg varamedlem.....

Styremedlem.....personleg varamedlem.....

Styremedlem.....personleg varamedlem.....

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 029/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

030/20: Val av representatar til styret i Kystmuseet i Øygarden 2019-2023

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vel desse 3 faste representantane med personlege varamedlemer til stiftinga «Kystmuseet i Øygarden» for valperioden 2019-2023:

Medlemer	Personlege varamedlemer
1.	1.
2.	2.
3.	3.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 030/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

031/20: Val av representantar til styret i stiftinga Nordsjøfartmuseet 2019-2023

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vel desse to representantane med vara for perioden 2019-2023 til styret i stiftinga Nordsjøfartmuseet:

Medlemer	Personlege varamedler
1.	1.
2.	2.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 031/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

032/20: Val av representantar til årsmøtet i IUA Bergen region for perioden 2019-2023

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vel desse medlemene med varamedler til IUA Bergen region for perioden 2019-2023:

Medlem	Varamedlem
1.	1.
2.	2.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 032/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

033/20: Val av representant til Kystkultur no! for perioden 2020-2023

Innstilling til vedtak:

1. Øygarden kommunestyre vidarefører medlemsskapet i Stiftinga Kystkultur no! (tidlegare Kystsogevekene)
2. Øygarden kommunestyre vel som kommunen sitt medlem, ogsom varamedlem, i representantskapet for Stiftinga kystkultur no! for perioden 2020-2023.

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 033/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

034/20: Fritak for politiske verv og suppleringsval

Innstilling til vedtak:

Atle Dåvøy KrF får innvilga fritak frå sine politiske verv i utval for samfunnsutvikling og klagenemnd eigedomsskattetakst. Fritaket gjeld frå vedtaksdato og i fritaksperioden til Torill Selsvold Nyborg.

Suppleringsval:

- Utval for samfunnsutvikling – nytt fast medlem frå KrF
- Utval for samfunnsutvikling – nytt varamedlem frå KrF dersom opprykk
- Klagenemnd – Eigedomsskattetakst – varamedlem
- Utsending til KS-Fylkesmøte – nytt 3. varamedlem

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 034/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

035/20: Nye vedtekter for SFO og barnehagane i Øygarden kommune

Innstilling til vedtak:

Nye vedtekter for barnehagane vert vedtekne slik dei ligg føre.

Vedtektene trer i kraft frå 15.08.2020.

Nye vedtekter for SFO vert vedtekne slik dei ligg føre.

Vedtektene trer i kraft frå 01.08.2020.

Utval for tenester og levekår ber om ei utgreiing av Søskenmoderasjon SFO/barnehage i ein eigen sak.

Behandling i Utval for tenester og levekår 05.02.2020:

Tilleggsforslag: Søskenmoderasjon mellom barnehage og SFO Per Reidar H. Wergeland Asheim FNB

FNB: Det vert inntil vidare gitt søskenmoderasjon mellom barnehage og SFO på 15%. Forslaget fekk 5 røyster og fall (mindretal SV, SP, AP og FNB).

Fellesframlegg H, SL, FrP og KrF: Evaluering av vedtekter SFO Ernst Morten Einarsen H

Vedtektene for SFO skal evaluerast hausten 2021. Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Utsetjingsforslag Eva Aarskog SV

SV: Saka vert send attende til administrasjonen for at tilsette skal få uttale seg om nye forslag i planen. Utsetjingsforslaget fekk 1 røyst og fall.

Tilleggsforslag: Tal barn i SFO pr tilsett Espen Cornell Jacobsen Ap

AP: Bemanning på 12 barn pr voksen i SFO. Forslaget fekk 4 røyster og fall (mindretal AP, SV og FNB).

Fellesforslag frå H, SL, FrP, KrF : Tal barn i SFO pr tilsett Hege Misje SL

Bemanninga på SFO er 14 barn pr tilsett. Fellesframlegget vart vedteke med 7 mot 4 røyster (mindretal AP, SV og FNB).

Utval for tenester og levekår sender saka vidare og ber kommunestyret gjere vedtak i saka.

Vedtak i Utval for tenester og levekår 05.02.2020 - saksnr. 003/20

Utval for teneste og levekår tilrår kommunestyret å gjere følgjande vedtak:

- 1. Nye vedtekter for barnehagane vert vedtekne slik dei ligg føre. Vedtektene trer i kraft frå 15.08.2020.*
- 2. Nye vedtekter for SFO vert vedtekne slik dei ligg føre. Vedtektene trer i kraft frå 01.08.2020.*
- 3. Vedtektene for SFO skal evaluerast hausten 2021*
- 4. Bemanninga på SFO er 14 barn pr tilsette*

Utval for tenester og levekår ber om ei utgreiing av Søskenmoderasjon SFO/barnehage i ein eigen sak

Behandling i Kommunestyret 20.02.2020:

Endringsforslag pkt 4.3 Robert Kaupang Sæle H

Fellesframlegg frå H / SL / Frp / KrF / V

4.3 Opptakskriterium

- 5: Barn av einslege foreldre, som er arbeidssøkjande, i arbeid eller i utdanning. Krav til dokumentasjon: Stadfesting frå Folkeregisteret, NAV/arbeidsgjevar/ utdanningsinstitusjon.

Forslag: Fjerne underpunkt 5 i sin heilskap

Røysting: 23 røysta for forslaget (H (9), FrP (4), SL (5), V (1), KrF (4)). **Forslaget vart vedteke.**

Endringsforslag pkt 5.1 Robert Kaupang Sæle H

Fellesframlegg frå H / SL / Frp / KrF / V

Endre ordlyd i punkt 5.1 frå

5.1 Opningstid: Barnehagane i Øygarden er opne 10 timer per dag. SU fastset opningstida innanfor tidsramma 06.30 – 17.00.

til :

5.1 Opningstid i Barnehagane i Øygarden er opne inntil 10 timar kvar dag. SU fastset opningstida innanfor tidsramma kl 06:30 - 1700

Punktet vert oversendt til kommunedirektøren utan realitetsbehandling med dei signal som vart gitt i møtet.

Fellesforslag frå kommunestyret

Punktet 5.1 om opningstid:

Punktet skal drøftast med dei tillitsvalde. Formannskapet får mynde til å gjere endeleg vedtak i saka.

Røysting: **Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.**

Desse tok ordet i saka:

Hege Misje (SL), Marianne Sandahl Bjorøy (Ap), Andreas Kallekleiv (H), Eva Aarskog (SV), Nina Glesnes (SL), Svein Otto Jacobsen (FrP), Robert Kaupang Sæle (H), Børge Haugetun (H), Per Reidar Asheim (FNB), Maria Thomassen (MDG), Mons Tore Nakken (Ap), Espen Cornell Jakobsen (Ap)

Jamfør forvaltningslova § 6, erklære Silvia Haugland (H) seg ugild då ho som tilsett har vore med å tilrettelagt for saka. Førespurnaden vart innvilga. Ho tredde frå under handsaminga av denne saka. Det var 44 røysteføre att i møtet».

Kommunalsjef Anne-Merethe Vabø Haugane svara på spørsmål i saka.

Innstillinga

Røysting: Innstillinga vart samrøystes vedteke med endringar gjort i samband med pkt 4.3 og 5.1 i vedtekter for barnehagane.

Vedtak i Kommunestyret 20.02.2020 - saksnr. 035/20

Nye vedtekter for barnehagane vert vedtekne slik dei ligg føre med slik endring:

4.3 Opptakskriterium

Fjerna dette underpunktet i sin helskap:

- 5: Barn av einslege foreldre, som er arbeidssøkjande, i arbeid eller i utdanning. Krav til dokumentasjon: Stadfesting frå Folkeregisteret, NAV/arbeidsgjevar/ utdanningsinstitusjon.

5.1 - opningstid

Punktet skal drøftast med dei tillitsvalde. Formannskapet får mynde til å gjere endeleg vedtak i saka.

Vedtektene trer i kraft frå 15.08.2020.

Nye vedtekter for SFO vert vedtekne slik dei ligg føre.

Vedtektene trer i kraft frå 01.08.2020.



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret (KS)	26.03.2020	037/20

Referatsaker og orienteringer

Innstilling til vedtak:

Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Saksopplysningar

I denne saka vert referatsaker og orienteringar presentert.



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet (FS)	17.03.2020	020/20
Kommunestyret (KS)	26.03.2020	038/20

Innspel til nasjonal transportplan 2022-2033

Samandrag:

Kommunen er invitert av Vestland Fylkeskommune til å gje innspel til NTP 2022-2033. I saka framgår det at kommunen bør spele inn ønskje om omklassifisering av fylkesveg 561 frå Kolltveit - Ågotnes til riksveg mellom anna grunna etablering av ny godshamn.

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret ønskjer at trase for ny fylkesveg 561 frå Kolltveit – Ågotnes vert omklassifisert frå fylkesveg til riksveg i NTP 2022 – 2033 og at dette vert prioritert i Fylkeskommunen sitt innspel til Samferdsledepartementet.

Saksopplysningar:

Samferdsledepartementet har i brev datert 21. november 2019 invitert fylkeskommunane saman med dei største byane og Sametinget til å koma med innspel til prioriteringar til Nasjonal transportplan (NTP) for perioden 2022 – 2033. Kommunen er invitert til å koma med skriftlege innspel innan 3. april til kva ein meiner Vestland fylkeskommune bør leggje vekt på i si høyringsfråsegn. Slik det er lagt opp pr i dag skal Fylkestinget handsame saka om prioriteringar til NTP 2022-2033 den 12. mai. 2020.

Saksgang vidare vil vera at regjeringa legg fram si innstilling i januar/februar 2021 og at planen vert vedteken i Stortinget våren 2021.

NTP er eit svært omfattande dokument som er ein plan for korleis ein dei neste 12 åra skal arbeide for overordna og langsiktige mål i nasjonal transportpolitikk. Fylkeskommunen har gjennom

dialogmøter invitert kommunar, partar i arbeidslivet, miljøorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar til innspel og drøftingar.

For ein stor del gjeld NTP prioriteringar av investeringar knytt til utbygging av riksvegnettet. I tillegg omfattar det mange andre tema som løyvingar til rassikring, vintervedlikehald føringar for ferjesamband osv.

Tiltak knytt til byvekstavtalen vil og vera finansiert gjennom NTP. For Øygarden kommune er det og avgjerande at Sotrasambandet er finansiert gjennom NTP 2018-2029.

Det vart i desember 2018 gjort vedtak i hamnerådet at godshamna for Bergensregionen skal flytta frå Dokken i Bergen til Ågotnes. For kommunen er denne avgjerda viktig av mange årsaker som arbeidsplassar, vekst og samfunnsutvikling. Ei utvikling av godshamna på Ågotnes må sjåast i samanheng med gjennomføring av Sotrasambandet og dei utfordringane som kan koma i anleggsfasen. Sotrasambandet er eit eige OPS (offentleg privat samarbeid) prosjekt som gjeld riksvegtraseen frå Storavatnet/Loddefjord til Kolltveit. Vegen vidare frå Kolltveit til Ågotnes er fylkesveg og det vart hausten 2019 vedteke i Fjell kommunestyre detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 561 Kolltveit – Ågotnes.

Som fylkesveg må strekningen Kolltveit – Ågotnes finansierast over regional transportplan der erfaringa viser relativt avgrensa rammer i forhold til store behov. Fylkesvegnettet i ytre strøk er av eldre kvalitet og når gjerne ikkje opp i konkurranse med andre deler av fylket med strekningar utsett for ras osv.

Ved etablering av godshamn på Ågotnes vil ein få eit anlegg av regional og nasjonal betydning der det ikkje er unaturleg å peike på eit ønskje om at vegstrekninga Kolltveit – Ågotnes bør omklassifiserast til riksveg. Det er og andre store industrietableringar lenger ute i kommunen som Kollsnes, Sture og Naturgassparken der ein ventar på investeringsbeslutning for CCS (karbonfangstanlegg) til hausten.

Økonomiske konsekvensar:

Ved å få strekninga Kolltveit – Ågotnes omklassifisert frå fylkesveg til riksveg vil framtidig investeringsbehov bli overført frå fylkesmidlar til statlege investeringsplanar i NTP.

Vurdering:

Førre NTP 2018 – 2029 opna ikkje for omklassifisering av fylkesveg til riksveg, men det heiter at *«regjeringen mener det er naturlig å vurdere inndelingen i riksveier og fylkesveier på bakgrunn i endringer i trafikkmønsteret, vegenes relative betydning for transporten i lys av gjennomføring av regionsreformen»*

Slik kommunedirektøren vurderer det vil etablering av ei godshamn for heile Bergensregionen på Ågotnes tilseie at området kring Ågotnes må kunne reknast som «nasjonalt knutepunkt» der veg fram til knutepunktet klart bør kunne reknast som riksveg. Dette vert forsterka gjennom dei større industrietableringane lenger nord for Ågotnes, som Kollsnes, Sture og Naturgassparken og planar for CCS. Kommunedirektøren vil tilrå at kommunestyret spelar inn til Vestland fylkeskommune ønskje om omklassifisering og at dette innspelet vert tatt med til vidare arbeid med NTP 2022 – 2033.

Behandling i Formannskapet (FS) 17.03.2020:

Vedtak i Formannskapet (FS) - 020/20

Formannskapet vedtok å utsetta alle saker som kan venta til neste møte.



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret (KS)	26.03.2020	039/20

Mynde til formannskap og ordfører i høve den ekstraordinære situasjonen med viruset Covid-19

Samandrag:

Øygarden kommune og Noreg som nasjon står i ein ekstraordinære situasjon, som følgje av spreiding av viruset Covid-19. Denne krisesituasjonen krev ei klargjering av den politiske myndedelinga mellom kommunestyre, formannskap og ordfører.

Formannskapet får i denne saka delegert mynde til å treffe vedtak i saker som skulle vore avgjort av kommunestyret, det gjeld også prinsipielle saker. Det skal gjerast fortløpande vurderingar om vilkåra knytt til denne mynden er oppfylt. Mynde gjeld fram til 31.08.2020.

Ordføreren vert gjeve mynde til å ta avgjerd i saker, der det ikkje er tid til å kalle inn til (fjern)møte i formannskapet. Mynde gjeld fram til 31.08.2020.

Saman med kommunedirektøren sitt mynde til å handtere krisesituasjonar, vil nemnde myndedeling sikre at Øygarden kommune kan ta raske og naudsynte avgjerder for å avgrense dei negative verknadane av viruset Covid-19.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Krisefullmakt (L)(2950)
Reglement for delegering av politisk mynde og delegering av mynde til kommunedirektøren - vedteke i kommunestyret 21.11.2019

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at formannskapet i perioden frå vedtaksdato inntil 31.08.2020, kan fatte vedtak i saker som skulle vore avgjort av kommunestyret.
2. Kommunestyret gjev ordføreren mynde til å ta avgjerd i saker, der det er naudsynt å treffe

vedtak så raskt at det ikkje er tid å kalle inn til (fjern)møte i formannskapet. Mynde gjeld i perioden frå vedtaksdato inntil 31.08.2020

Saksopplysningar:

Øygarden kommune og Noreg som nasjon, står i ein ekstraordinære situasjon som følgje av spreiding av viruset Covid-19. Som følgje av situasjonen har Kommunal- og moderniseringsdepartementet vedteke; «Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19».

Jf. kommunelova § 5-6 femte ledd (2), kan formannskapet få mynde til å treffe vedtak i alle saker, viss ikkje noko anna følgjer av lov.

Øygarden kommune har i reglement for delegering av politisk mynde og delegering av mynde til kommunedirektøren, gjort greie for mynde og oppgåver til folkevalde organ og til kommunedirektøren. Kommunedirektøren har i tillegg fått mynde til å handtere ein krisesituasjon gjennom krisefullmakta vedteke i kommunestyret 19.12.2019 saksnr. 049/19.

Denne ekstraordinære situasjonen krev også ei klargjering av delinga av den politiske mynden mellom kommunestyret, formannskapet og ordføraren.

Kommunestyret er det øvste og det største folkevalde organet i Øygarden. Det set krav til innkalling, organisering og gjennomføring av møte, uavhengig av vedteke førebels forskrift om gjennomføring av fjernmøte og skriftleg saksbehandling.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje relevant

Vurdering:

Mynde til formannskapet:

Formannskapet har i reglement for delegering av politisk mynde kap. 3 følgjande mynde:

«Formannskapet har, om naudsynt, også høve til å gjera vedtak etter hasteparagrafen i kommunelova § 11-8 – Hastesaker».

Det betyr at formannskapet under føresetnad av at det ikkje er tid til å kalle inn til møte i kommunestyret, har mynde til å treffe vedtak i alle saker - også prinsipielle.

I forarbeid til kommunelova (Prop. 46 L) står det følgjande om utvida mynde i hastesaker:

«Departementet vil understreke at det skal noe til før en hastefullmakt kan benyttes. Adgangen må sees i sammenheng med bestemmelsen om fjernmøte i det organet som i utgangspunktet har fullmakt til å treffe den aktuelle avgjørelsen. Kommunene bør i størst mulig grad vurdere om det er mulig å treffe en avgjørelse i et fjernmøte framfor at saken behandles etter bestemmelsen om hastesaker.»

Kommunedirektøren legger til grunn at den noverande ekstraordinære situasjonen, fyller vilkåra om at det ikkje er tid til å kalle inn til kommunestyre. Det er heller ikkje lov å møtast i store grupper. Kommunedirektøren meiner difor det no er vanskeleg og lite føremålstenleg å legge beslag på administrative ressursar til å kalle inn og legge til rette for (fjern)møte i kommunestyret. Vurderinga knytt til dette vilkåret vil bli løypande vurdert.

Frå sentrale myndigheiter er det svært usikre prognosar i høve korleis denne lokale og nasjonale krisa vil utarte seg, og kor lenge den kan vare. Den mellombelse forskrifta om gjennomføring av fjernmøte og skriftleg saksbehandling, som er vedteke pga. denne nasjonale krisa, gjeld til 01.08.2020. Kommunedirektøren vil tilrå at mynde til formannskapet gjeld i perioden inntil 31.08.2020. Då tek ein også høgde for evt. sommarferieavvikling, dersom krisa varar så lenge.

Alle vedtak i formannskapet som i ein normalsituasjon skulle vore fatta av kommunestyret, skal leggst fram som referatsak til kommunestyret, i deira neste møte jf. kommunelova § 11-8 (2).

Mynde til ordførar:

Jf. kommunelova § 6-1 bokstav b) kan kommunestyret gje ordførar mynde til å treffe vedtak i hastesaker etter § 11-8 første ledd. Det går også fram av Øygarden kommune sitt reglement for delegering av politisk mynde kap. 5 strekspunkt 3, men i dette reglementet er mynden avgrensa til ikkje prinsipielle saker, og gjeld til dømes som grunnlag for sommarfullmakt. Etter kommunedirektøren si oppfatning strider dette mot § 11-8 (2), som omhandlar alle saker – også prinsipielle. Kommunedirektøren syner her til at mynde til formannskapet i hastesaker, også gjeld der mynde etter lov ligg til kommunestyret sjølv. Det inneber at formannskapet i denne konkrete saka kan gje ordføraren mynde tilsvarende det dei sjølv har, til å treffe vedtak i hastesaker. Kommunedirektøren vil poengtere at vilkåret for å gjere nytte av slik mynde, er i situasjonar då det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn til (jern)møte i formannskapet.

Alle vedtak som ordføraren treffer i den noverande ekstraordinære situasjonen, som skulle vore fatta av formannskapet, skal leggst fram som referatsak til formannskap og kommunestyret i deira neste møte jf. kommunelova § 11-8 (1).

Mynde til kommunedirektøren:

Mynde til å handtere denne krisa har kommunedirektøren fått i krisefullmakta som vart vedteke i kommunestyret 19/12/2019 som sei følgjande:

Vedtak kommunestyret – 049/19:

Kommunestyret gjev kommunal kriseleiar alle fullmakter til raskt å setje i verk relevante skadereduserande tiltak i ein krisesituasjon, eller når krise truar. Øygarden kommune har som mål at så snart det er forsvarleg skal ansvaret overførast til normal drift, om mulig innan 72 timar.

Fullmakta gjev kriseleiar verksemdsovergripande fullmakter til å mobilisere og bruke dei ressursane kommunen treng i ein beredskapssituasjon. Kriseleiar vil i ein krisesituasjon, så snart det er forsvarleg, halde politisk leiing orientert om naudsynte disposisjonar.

Oppsummert vurdering:

Saman med kommunedirektøren sitt mynde til å handtere krisesituasjonar, vil nemnde myndedeling sikre at Øygarden kommune kan ta raske og naudsynte avgjerder for å avgrense dei negative verknadane av viruset Covid-19.



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	19.12.2019	049/19

Krisefullmakt

Samandrag:

I arbeidet med å etablere nye Øygarden kommune er det organisert ei overordna kriseleiing (KKL). Kommunedirektøren er kriseleiar, og dei 5 kommunalsjefane utgjer krisestaben (KKL). Denne organiseringa er tilrettelagt for å kunne handsame ekstraordinære situasjonar og hendingar meir effektivt enn det den daglege driftsorganisasjonen er organisert for.

Ei krisefullmakt skal gi kriseleiinga rom til å handle effektivt og forsvarleg i ein beredskapssituasjon. Fullmakta gjev kriseleiar verksemdsovergrepande fullmakter til å mobilisere og bruke dei ressursane kommunen treng i ein beredskapssituasjon. Kriseleiar vil i ein krisesituasjon, så snart det er forsvarleg, halde politisk leiing orientert om naudsynte disposisjonar

Det er kriseleiar som avgjer om ei hending er så alvorleg at ho påverkar kommunen på ein måte som gjer at ein må mobilisere kriseorganisasjonen. Kriseleiar har også ansvaret for at vidare oppfølging av beredskapssituasjonen, normalt innan 72 timar, kan førast tilbake til den daglege driftsorganisasjonen.

Innstilling til vedtak:


Kommunestyret gjev kommunal kriseleiar alle fullmakter til raskt å setje i verk relevante skadereduserande tiltak i ein krisesituasjon, eller når krise truar.

Øygarden kommune har som mål at så snart det er forsvarleg skal ansvaret overførast til normal drift, om mulig innan 72 timar

Saksopplysningar:

Eit delprosjekt i kommunalsjefsområde Organisasjon og digitalisering, har som oppgåve å rigge ein beredskapsorganisasjon med kriseleiing, som skal vere operativ frå 01.01.20.

Kriseleiinga er sett saman ut frå ansvarsprinsippet, – den som har ansvar for eit område i normalsituasjonen har også ansvar i kriser -. Kommunedirektøren og dei fem kommunalsjefane utgjer slik kriseleiinga.



Ordførar vil alltid vere kalla inn ved krisesituasjonar når den kommunale kriseleiinga blir mobilisert, og vil vere den som uttalar seg på vegne av kommunen.

Det er kriseleiinga som avgjer om ei hendig, ein situasjon eller ein tilstand, er så alvorleg at kriseleiinga og den øvrige kriseorganisasjonen må mobiliserast. I denne fasen vil det vere aktuelt å nytte dei krisefullmaktene som er gitt til kriseleiinga.

Det er eit mål at organisasjonen snarast mulig kan kome tilbake til normal drift der den daglege drifta kan stå for oppfølging av krisa. Når normal drift er etablert gjeld ikkje lenger fullmaktene som er gitt til kriseleiinga.

Alt beredskapsarbeid i kommunen er knytt til følgande verdiar i prioritert rekkefølge:

- Liv og helse
- Miljø
- Materielle verdiar
- Omdømme

Økonomiske konsekvensar:

Ekstraordinære kostnader til krisehandtering som går utover løyvde driftsmidlar i budsjett, må dekkast enten gjennom fond eller låneopptak. Det kan vere mogleg å få dekkast inn delar av kostnaden gjennom ulike statlege ordningar i ettertid.

Vurdering:

Krisefullmakter til kriseleiinga er viktig for at ikkje tid skal gå til spille når det gjeld å sette inn skadereduserande tiltak for å sikre beredskapsverdiar.

Krisefullmakter vil også reduserte den tida kommunen må vere i krisemodus, då eit sentralt mål er at situasjonen så snart som mulig kan normaliserast og at den daglege drifta kan takast opp att.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Desse hadde ordet i saka: Børge Hauge (V) og Jan Utkilen (SL)

Kommunedirektør Rune Lid og ordførar Tom Georg Indrevik orienterte og svara på spørsmål.

Vedtak i Kommunestyret - 049/19

Kommunestyret gjev kommunal kriseleiar alle fullmakter til raskt å setje i verk relevante skadereduserande tiltak i ein krisesituasjon, eller når krise truar.

Øygarden kommune har som mål at så snart det er forsvarleg skal ansvaret overførast til normal drift, om mulig innan 72 timar.

Reglement for delegering av politisk mynde og delegering av mynde til kommunedirektøren - vedteke kommunestyret 21.11.2019

Innhald

1.	Delegering av mynde.....	2
2.	Kommunestyret sitt ansvarsområde.....	4
3.	Formannskapet sitt ansvarsområde.....	10
	Saker der formannskapet har høve til å gjere endeleg vedtak	10
4.	Utval	11
	Utval for samfunnsutvikling (UFS).....	11
	Utval for tenester og levekår (UTL)	11
	Utval for plan (UFP)	11
	Saker der utvala har høve til å gjere endelege vedtak	12
5.	Ordføraren.....	13
6.	Delegasjon til andre utval.....	13
7.	Delegert mynde til kommunedirektøren	14
7.1	Føremål.....	14
7.2	Kommunedirektøren sitt ansvars- og arbeidsområde	14
7.3	Generell mynde	15
7.4	Mynde til å underteikne dokument	16
7.5	Kommunedirektøren sin søksmålskompetanse og mynde til å opptre på vegne av kommunen i rettslege tingingar	16
7.6	Mynde i personalsaker	16
7.7	Tilvisingsmynde og mynde i økonomiske saker	16
7.8	Mynde til å treffe vedtak etter særlover.....	16
8.	Iverksetjing og endringar av reglement	17
8.1	Iverksetjing	17
8.2	Endringar	17

Kommunelova § 5-14 sei følgjande i høve reglement for delegering:

«§ 5-14.Reglement for delegering og innstilling : Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv et reglement for hvordan vedtaksmyndighet og innstillingsrett skal delegeres. Dette skal gjøres innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Det sist fastsatte reglementet og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett gjelder inntil et nytt reglement er fastsatt. I kraft fra og med det konstituerende møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valgperioden 2019-2023.»

1. DELEGERING AV MYNDE

Delegering av mynde («delegasjon» i daglegtale), vert i dette reglementet brukt i tydinga overføring av mynde frå kommunestyret til politiske utval eller kommunedirektøren, til å fatta avgjerder på ulike område.

Dette reglementet har fokus på delegering av politisk mynde og delegering av mynde til kommunedirektøren. Det vil vere naturleg å sjå dette saman med eit eige reglement for delegering av mynde frå kommunedirektøren til ulike delar av administrasjonen, altså eit eige administrativt reglement. All delegering frå politisk nivå til administrasjonen skjer til kommunedirektøren.

Delegering av mynde inneber ikkje fråskrivning av ansvar. Kommunestyret kan sjølv fatta vedtak på vedkomande saksområde utan å trekkja tilbake delegert mynde. Det same gjeld saksområde der kommunedirektøren har delegert sitt mynde vidare i administrasjonen.

Dette reglementet skal leggje tilhøva til rette for lokalpolitisk styring og effektiv tenesteyting, og vere ein viktig del av grunnlaget for

- Vedtaksmynde nærast mogleg brukarane
- Sterk rettstryggleik
- Klare og tydelege rutinar
- Best og breiast mogleg kontakt med og aktiv informasjon til innbyggjarane om kommunen si verksemd. I denne samanheng skal ein aktivt nytte sosiale- og andre media/verktøy.
- Effektiv og god sakshandsaming

Kommunestyret er kommunen sitt øvste politiske organ, og har det overordna ansvaret for heile kommunen si verksemd. Alle vedtak som styrer kommunen si verksemd, skal i utgangspunktet gjerast av kommunestyret, så langt ikkje anna følgjer av lov eller av vedtak og ordningar, som kommunestyret sjølv har vedteke.

Saker av prinsipiell betydning vert delegert til politiske utval, medan saker som ikkje er prinsipielle vert delegert til kommunedirektøren.

Prinsipielle saker er saker som krev ei skjønsmessig vurdering av politiske karakter. Dei kan t.d. medføre prioriteringar som inneber ein ny praksis, endra nivå på tenestene, ein ny praksis eller økonomiske konsekvensar utover politisk vedteke eller planlagt aktivitet.

Til samanlikning er ikkje-prinsipielle saker fagleg prega. Dei er relatert til lover, føresegnar og anna regelverk, og til kommunen sine eigne plan- og retningslinjer og vedtak. Dei gjev i mindre grad rom for skjønn, vert rekna som kurante, og har ikkje økonomiske konsekvensar utover politisk vedtekne rammer. Dersom det er uklårt om ei sak er prinsipiell eller kurant, skal kommunedirektøren avklara dette med ordførar.

Reglementet i Øygarden kommune legg til grunn prinsippet om **maksimal delegasjon**. Med det meiner ein at det som kan delegerast vert delegert. Unntak frå denne hovudregelen skal gå fram av reglementet.

Delegasjon frå kommunestyret til politiske organ er m.a. meint å gje politikarane høve til å drøfta overordna og prinsipielle saker og planar. Dette oppnår ein også ved å delegera mynde til kommunedirektøren for avgjerd i kurante saker, der avgjerda følgjer direkte av lov, føresegn/regelverk eller frå kommunen sine eigne planvedtak eller retningslinjer.

Jf. KommuneLOVA § 13-1 tredje ledd, skal kommunedirektøren utgreie og gje tilråding i saker som skal handsamast i kommunestyret, formannskap og andre politiske utval. Utgreiinga skal gje eit fagleg, økonomisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak (er omtala i kap. 7.2 og 7.3). Ordførar og kommunedirektør har eit særskilt ansvar for å sjå til at samhandlinga og kommunikasjonen mellom administrativt og politisk nivå fungerer godt.

Saksførebuinga skal i hovudsak byggja på prinsippet om **fullført sakshandsaming**. Dette betyr at politiske saker som skal handsamast av fleire politiske organ, som hovudregel skal ha same saksframstilling og innstilling frå kommunedirektøren.

Kommunedirektøren har ikkje høve til å overprøve politiske vedtak. Dette inneber at kommunedirektøren ikkje har høve til å innarbeide ny informasjon eller ordlyd i t.d. ei innstilling frå eit politisk utval som skal vidare til kommunestyret. Kommunedirektøren skal likevel, om det er grunnlag for det, informere om eventuelle (framlegg til) ulovlege vedtak.

Klage på enkeltvedtak fatta av kommunedirektøren, eller av eit politisk utval, vert først lagt fram for det vedtakande organet til ny vurdering. Dersom vedtaket blir oppretthalde, går klaga til kommunen sitt klageorgan. Dersom særlov har eigne reglar for klagehandsaming, går desse føre.

Formannskap og utval gjev innstilling til kommunestyret i saker som skal handsamast der. Ordføraren kan også bestemme at saker skal leggjast direkte fram for kommunestyret utan tidlegare handsaming i andre organ.

Ordføraren underteiknar på vegner av kommunen, jf. kommuneLOVA § 6-1. Dette inneber at ordføraren representerer kommunen ved ulike høve, og er kommunen sin rettslege representant i alle høve der myndet ikkje er tildelt andre.

2. KOMMUNESTYRET SITT ANSVARSOMRÅDE

Kommunestyret tek sjølv avgjerd i slike saker:

- a) Val til formannskapet, faste kommunale utval og andre utval når myndet ikkje er lagd til andre. Val av kontrollutval og ordning av revisjonen, mottaking av rekneskapsutreiingar og utgreiingar om drifta.
- b) Delegering av mynde til formannskapet og faste kommunale utval, til styre for kommunale føretak/aksjeselskap, eller til interkommunalt styre for verksemd som er sett til å løysa kommunale oppgåver.
- c) Kommuneplanen sin langsiktige del med handlingsprogram, økonomiplan, årsbudsjett med skattevedtak, avgiftsvedtak, eigenbetalingsvedtak, låneopptaksvedtak og endringar i årsbudsjett når mynde ikkje er delegert til andre.
- d) Evt. lån utover det som er føresett i vedteke budsjett, herunder storleiken på lån(a).
- e) Vesentlege nye tiltak eller vesentlege endringar i eksisterande tiltak, når desse går utover vedtekne økonomiske rammer eller overordna planar.
- f) Årsrekneskapen og årsmeldinga.
- g) Saker om å kjøpa, avhenda, makeskifta eller pantsetja fast eigedom, og saker om å gje frå seg eller hefta bort nokon rett i fast eigedom. Slike saker er likevel delegerte til formannskapet når eigedomen eller retten har ein verdi på mindre enn kr. 10.000.000.- Når kommunestyret sjølv har vedteke at ein bestemt eigedom skal kjøpast, avhendast eller heftast bort og ikkje sjølv har fastset prisen, er mynde til å gjera det - delegert til formannskapet. Mynde til å kjøpa, avhenda eller festa bort og til å fastsetja prisen, har formannskapet også når det gjeld gjennomføring av vedtak kommunestyret har gjort.
- h) Saker om konsesjonar eller avtalar om leveransar, bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år, eller har mykje å seia økonomisk for kommunen. Slike saker er likevel delegerte til formannskapet når verdien det er tale om er lågare enn kr. 5.000.000,-.
- i) Tilsetjing av kommunedirektør, herunder vedtak om løn og andre arbeidsvilkår.
- j) Saker om arbeidsvilkår og godtgjersle for kommunale tillitsverv.
- k) Eventuelle andre saker der lov krev det, eller saka sin art gjer det naturleg at kommunestyret sjølv tek avgjerd.

Nedanfor følgjer eit meir detaljert oversyn over kommunestyret (KST) sitt ansvarsfelt, med referanse til lovgrunnlag der dette er tenleg:

Referanse	Høve til å delegere	Avgjerd
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83?q=kommuneloven		KST = Kommunestyret
Samansetjing av kommunestyret, jf. § 5-5	nei	KST
Val av formannskap og fastsetjing av mynde og ansvar, jf. § 5-6	nei	KST
Val av ordførar og varaordførar, jf. § 6-2	nei	KST
Oppretta og leggja ned faste utval, inkl. fastsetjing av mynde og ansvar, jf. § 5-7	nei	KST
Oppretta styre og fastsetja mynde og ansvar for kommunale institusjonar, jf. § 5-10	nei	KST
Oppretta interkommunale styre og fastsetja mynde og ansvar, jf. §27.1. <u>Endra jf. ny lov § 17-1 Opprette interkommunalt samarbeid for å utføre felles oppgåver.</u>	nei	KST
Tilsetja kommunedirektør, jf. § 13-1 1. ledd.	nei	KST
Plassere mynde for til å opprette eller legge ned leiande stillingar, inkl. fastlegging av stillingsvilkår, jf. §24. <u>Utgått i ny lov.</u>	nei	KST
Velja kontrollutval, jf. § 23-1	nei	KST
Velja revisor, jf. § 24-1	nei	KST
Gjere vedtak i samsvar med lovgrunnlaget, knytt til evt. oppretting av kommunale/ interkommunale føretak, jf. kapitel 9 jf. §9-1 - §9-18	nei	KST
Fastsetja reglement for sakshandsaming i folkevalde organ, jf. § 11-12	nei	KST
Premissar knytt til innkomne innbyggjarinitiativ, jf. § 12-1	nei	KST
Føresetnader knytt til kommunen sin økonomiplan, jf. § 14-3, §14-4 og §28-3	nei	KST
Føresetnader knytt til kommunen sitt årsbudsjett, jf. §14-3, §14-4, §14-5 og §28-3	nei	KST
Fastsetjing av låneramme	nei	KST
Fastsetjing av avgifter og prisar på kommunale tenester	nei	KST

Fastsetjing av godtgjersle til personar med kommunale tillitsverv, Jf. § 8-4	nei	KST
Saker om å erverva, avhenda, makeskifta eller pantsetja fast eigedom, og saker om å avstå eller borthefta rettar i fast eigedom, når eigedomen eller rettane har ein verdi over kr. 10.000.000,-. Saker av mindre verdi enn dette er delegert.	nei	KST
Avgjere evt. suspensjon eller fritak frå verv for folkevald(e), og vilkår i den samanheng, Jf. § 7-11	nei	KST
Fastsetje retningslinjer/vilkår for møteretten til dei tilsette i nemnder, Jf. § 13-4	nei	KST
Gje fullmakt til andre til evt. å avgjere spørsmål knytt til tariffavtale, kollektiv arbeidsoppseiing, Jf. §28 <u>Utgått i ny lov.</u>	nei	KST
Fastsetje reglement/reglar for møte i folkevalde organ, Jf. § 11-2, §11-3, §11-4	nei	KST
Fastsetje reglar for sakshandsaming i folkevalde organ § 11-12	nei	KST
Fremje føresetnader knytt til garantiar for verksemd som vert driven i regi av andre enn kommunen, Jf. § 14-19	nei	KST
Arbeidsgjevaransvar for alle tilsette	nei	KST
Saker om konsesjonar eller avtalar om leveransar, bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år, eller har mykje å seia for kommunen sin økonomi. Slike saker er likevel delegerte til formannskapet når verdien det er tale om er lågare enn kr. 5.000.000,-.	nei	KST
Forskrifter for kommunale og fylkeskommunale budsjett og rekneskap		
Vedtak av årsrekneskap, årsbudsjett og økonomiplan	nei	KST
Vedtak om avsetjing til fond	nei	KST
Vedtak om bruk av fond	nei	KST
Vedtak av investeringsbudsjett	nei	KST
Vedtak av budsjett for interkommunal samanslutning	nei	KST
Vedtak om reglement for delegering av mynde	nei	KST
Plan- og bygningslova av 27.6 - 2008 nr. 71		
Fastsetjing av planprogram for kommuneplan, Jf. § 3-3 og §11.13	nei	KST

Vedta kommunal planstrategi, Jf. § 3-3	nei	KST
Vedta reguleringsplanar, Jf. §3-3	nei	KST
Klagehandsaming knytt til reguleringsplanar (etter første handsaming i utval for plan (UFP)).	nei	KST
Behandling av planprogram for planer med vesentlige verknader, Jf. § 12-9	ja	KST
Detaljplanar og områdeplanar der motsegn frå offentleg mynde ligg føre	nei	KST
Private reguleringsplanar som er avslegne, fremja av utval for plan (UFP).	nei	KST
Ekspropriasjon til vass- og avlaupsleidning, Jf. § 16-4	nei	KST
Ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan, Jf. §16-2	nei	KST
Ekspropriasjon for areal utanom reguleringsplanar, Jf. § 16-3	nei	KST
Ekspropriasjon med anna grunnlag	nei	KST
Fastsetjing av forskrift om gebyr for handsaming av ulike gjeremål, som det er naudsynt å utføre i samband med planlegging, Jf. § 33-1	nei	KST
Vedta utbetningsprogram for busetnad, areal m.v. , Jf. § 31- 8	nei	KST
Vallova av 28.06.02 Nr .57		
Val av valstyre, Jf. § 4-1	nei	KST
Val av røystestyre, Jf. § 4-2	ja	valstyret
Målbrukslova av 11.04.80 Nr .5		
Fastsetjing av målform for den kommunale administrasjonen, Jf. §5	nei	KST
Skjønnsprosessloven av 01.06,17		
Forslag til skjønsmenn, Jf. § 14	nei	KST
Skattelova av 26.03.99 Nr 14		
Fastsetjing av skattesats, Jf. kap. 15	nei	KST

Vassfallrettigheitslova av 14.12.17 Nr. 16		
Uttale om konsesjonssøknad, § 13	ja	KST
Lov om eigedomsskatt til kommunane av 06.06.75 Nr.29		
Vedtak om eigedomsskatt i kommunen, Jf.§ 2	nei	KST
Fritak frå eigedomsskatt, Jf. § 7	nei	KST
Reglar og satsar for eigedomsskatt, Jf. § 10	nei	KST
Vedtak om auke av taksten, §8 A-4	nei	KST
Lov om domstolane av 13.08.15, Nr.5		
Val av forliksråd, Jf. § 27	nei	KST
Naturmangfaldlova av 19.06.09, nr. 100		
Uttale før vedtak om vern, Jf. § 43	nei	KST
Drikkevassforskrifta, etter matlova av 19.12.03		
Kontroll og tilsyn med vassverk, Jf. § 26	nei	KST
Lov og forskrift om kommunale vatn- og avløpsanlegg		
Forskrift for vatn- og kloakkavgifter	nei	KST
Fastsetjing av vatn- og kloakkavgifter	nei	KST
Hovudplan for vatn	nei	KST
Hovudplan for avlaup	nei	KST
Forureiningslova av 13.03.81 Nr.6		
Fastsetja føresegner, § 9	nei	KST
Fastsetja renovasjonsføresegner, § 30, 2. ledd	nei	KST

Fastsetja gebyr, § 34	nei	KST
Forureiningsforskrifta		
Fastsetjing av lokal føresegn	nei	KST
Lov om hundehold av 04.07.03, Nr.74		
Sikring av hund med bandtvang m.m., Jf. §6	nei	KST
Ro og orden m.v, Jf. §11	nei	KST
Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd (eldrerådslova) av 08.11.91, Nr.76 – utgått. No heimla i ny Kommune lov § 5-12		
Skiping av eldreråd, Jf. § 1 – utgått heimla i Ny kommunelov § 5-12	nei	KST
Val og samansetjing av eldreråd, Jf. § - 2 utgått heimla i Ny kommunelov § 5-12	nei	KST
Lov om eigarseksjonar av 16.06.17		
Fastsetja seksjoneringsgebyr, Jf. § 15	nei	KST
Fastsetja gebyr for målebrevskart, jamfør delingslova	nei	KST
Fastsetja gebyr for tinglysing av seksjoneringsbegjæringa	nei	KST
Lov om brannvern av 14.06.02, Nr.20		
Fastsetja feieavgift, Jf. § 28	nei	KST
Alkoholova av 02.06.89		
Utarbeida alkoholpolitisk handlingsplan, Jf. § 1-7 d	nei	KST
Veglov av 21.06.63, nr.23		
Avgjerd om bygging av kommunal veg, Jf. § 6	ja	KST
Eventuelle andre saker som vert handsama etter lovheimlar som tilseier at kommunestyret må, eller bør avgjera saka. Viss saka sin art tilseier det, må kommunestyret sjølv avgjera den.	nei	KST

3. FORMANNSKAPET SITT ANSVARSOMRÅDE

Formannskapet skal, der ikkje anna er bestemt, gje innstilling til kommunestyret i saker som dei gjer sluttvedtak i. Saksfordelinga skjer i politisk arbeidsutval.

Formannskapet har, om naudsynt, også høve til å gjera vedtak etter hasteparagrafen i kommunelova § 11-8 – Hastesaker.

Formannskapet har ansvar for drøfting og innstilling til vedtak i kommunestyret innafor følgjande saksfelt:

- a) Handlingsprogram, økonomiplan, årsbudsjett og revidert budsjett, jf. kommunelova § 5-6 og § 14-3 tredje ledd, og årsmelding og rekneskap
- b) Saker om å kjøpa, avhenda, makeskifta eller pantsetja fast eigedom, og saker om å gje frå seg eller hefta bort nokon rett i fast eigedom, når eigedomen eller retten har ein verdi på mindre enn kr. 10.000.000.- Når kommunestyret sjølv har vedteke at ein bestemt eigedom skal kjøpast, avhendast eller heftast bort og ikkje sjølv har fastset prisen, er mynde til å gjera det delegert til formannskapet. Mynde til å kjøpa, avhenda eller festa bort og til å fastsetja prisen har formannskapet også, når det gjeld gjennomføring av vedtak kommunestyret har gjort.
- c) Saker om konsesjonar eller avtalar om leveransar, bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år, eller har mykje å seia økonomisk for kommunen, når verdien det er tale om er lågare enn kr. 5.000.000,-.
- d) Saker knytt til regionalt/ interkommunalt samarbeid og utvikling
- e) Valstyre
- f) Næringslivssaker
- g) Saker knytt til eigarskap, -kommunale og interkommunale selskap og stiftingar
- h) Saker knytt til beredskap
- i) Klagenemnd i saker som ikkje er regulert i særlov
- j) Årlege lønsforhandlingar for kommunedirektøren
- k) Andre saker som ikkje naturleg høyrer til hovudutvala sine arbeids- og ansvarsområde

SAKER DER FORMANNSKAPET HAR HØVE TIL Å GJERE ENDELEG VEDTAK

Kommunelova	Høve til endeleg vedtak	Avgjerd
Vedtak om opptak av lån, § 14-14	Nei	KST
Forvaltningslova av 10.02.67		
Klageinstans ved enkeltvedtak, Jf. § 28	ja	FSK

Mynde til å endra vedtekne budsjettområde i samband med fordelinga av tilleggsløyvingar generelt.	Ja	FSK
Tildeling av næringstomt.	Ja	FSK
Tildeling tomter i kommunale bustadområde	ja	FSK
Mynde til å påleggja kommunale nemnder, styra og råd å utføra beredskapsoppgåver som vedkjem eige arbeidsområde	ja	FSK

*) FSK = formannskapet

4. UTVAL

Øygarden kommune har tre utval: Utval for samfunnsutvikling (UFS), utval for tenester og levekår (UTL) og utval for plan (UFP). Utvala innstiller i saker til overordna politiske organ, og gjer vedtak i tråd med delegasjon.

UTVAL FOR SAMFUNNSUTVIKLING (UFS)

- a) Kommuneplanen sin samfunnsdel
- b) Samferdsel
- c) Kommunale eigedomar, bygging og utvikling
- d) Miljøsaker
- e) Landbrukssaker
- f) Kommunedelplanar innanfor samfunnsutvikling
- g) Lokaldemokrati og identitet
- h) Samordning av samfunnsplan og arealplan
- i) Samferdselrelaterte problemstillingar, knytt til vegar og infrastruktur, kollektivtrafikk og rutetilbod, regionale problemstillingar m.v
- j) Kommunale eigedomar; planlegging, bygging og utvikling
- k) Problemstillingar knytt til fysisk miljø

UTVAL FOR TENESTER OG LEVEKÅR (UTL)

- a) Helse/skule/sosial/barnehage/omsorg/NAV: Drift og planlegging
- b) Kommunedelplanar (tematiske innan for leverkårsområde)
- c) Samfunnskontakt: Frivillige lag og organisasjonar, idrett, kyrkja
- d) Kultur

UTVAL FOR PLAN (UFP)

- a) Overordna plan og utvikling knytt til kommuneplanen sin areal del, herunder planprogram, reguleringsplanar m.m.
- b) Kommunedelplanar (areal)
- c) Reguleringssaker og arealrelaterte saker
- d) Alle saker etter Plan- og bygningslova, unntatt slutthandsaming av klagesaker

SAKER DER UTVALA HAR HØVE TIL Å GJERE ENDELEGE VEDTAK

Saksfelt/ lov	Høve til å delegera	Avgjerd
Lov om folkebibliotek av 20.12.85, Nr.27		
Fastsetjing av reglement, § 4	ja	UTL
Alkohollova av 02.06.89		
Sals- og skjenkeløyve, § 1-7, i samsvar med kommunen sine vedtekne alkoholpolitiske retningslinjer	ja	UTL
Inndraging av løyve, § 1-8, jf. § 1-12	ja	UTL
Kontrollutval jf. forskrift § 10, § 1-9-1	ja	UTL
Fastsetjing av sals- og skjenketider, og søknad om endring av desse, §§ 3-7 og 4-4	ja	UTL
Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven) LOV-2009-12-18-131		
Retningslinjer knytt til sosialtjenestelova	ja	UTL
Ymse		
Tilskot til kulturformål	ja	UTL
Godkjenning av vedtekter; barnehagar, skulefritidsordning, stipend, kontantstøtte som ikkje har økonomiske konsekvensar utover vedtekne rammer	ja	UTL
Veglov av 21.06.63, nr.23		
Ta opp privat veg som kommunal veg, §5	ja	UFS
Uttale til, og vedtak om, omklassifisering/nedlegging av fylkeskommunal / kommunal veg, § 7, jf. § 8	ja	UFS
Oppgåver og mynde etter viltlova.	ja	UFS

5. ORDFØRAREN

Ordføreren er kommunen sin fremste politiske representant, og leiar av kommunestyret og formannskapet. Andre oppgåver, rettar og roller som er lagt til ordføreren er m.a.

- Kalla inn til møte i kommunestyre og formannskap i samsvar med reglane i kommunelova
- Leia møta i politisk arbeidsutval, som m.a. fordeler saker til kommunestyret, formannskapet og hovudutvala
- Ta avgjerder i ikkje-prinsipielle saker ved lengre opphald i møteverksemda til kommunestyret, formannskapet og hovudutvala, t.d. sommarfullmakt
- Syta for at kommunestyret og formannskapet til ei kvar tid er best mogleg kjend med reglar for sakshandsaming, den økonomiske stoda i kommunen og andre grunnleggjande føresetnader for deira verksemd.
- Vera bindeledd mellom politisk nivå og kommunedirektøren, og sjå til at politiske vedtak vert følgd opp.
- Vera kommunen sin rettslege representant, og underteikne dokument i samsvar med dette. Det same gjeld saksdokument som har vore handsama i politiske fora.
- Førespurnader om utgreiingar av saker / sakskompleks skal stilast til ordføreren

6. DELEGASJON TIL ANDRE UTVAL

Kontrollutval. Kontrollutvalet skal føra tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegner av kommunestyret, men kommunelova gir ikkje utvalet avgjerslemynde i enkeltsaker på vegner av kommunen. Kontrollfunksjonen kan ikkje overlatast til andre.

Valnemnda. Valnemnda tilrår til kommunestyret val av nemnder, råd, styre og utval. Valnemnda førebur endringar i politisk organisering.

Valstyret. Valstyret skal førebu og gjennomføra vala i kommunen. Vallova legg det meste av avgjerdsmyndet til valstyret. Kommunestyret delegerer til valstyret mynde til å oppnemne stemmestyre og til å fastsetja kor mange stemmekrinsar kommunen skal delast inn i, jf. vallova §§4-2 og 9-3. Formannskapet utgjør valstyret jf. kap. 3.

Administrasjonsutvalet. Administrasjonsutvalet er kommunen sitt partsamansette utval etter Kommuneleova § 5-11, for handsaming av fellessaker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Hovudarbeidsområdet for administrasjonsutvalet er den overordna personalpolitikken for kommunen, og utvalet skal vedta retningsliner for dette arbeidet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet handsamar og gjev uttale i alle saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne sine levekår i kommunen. Dette gjeld også reguleringsplanar, budsjett og økonomiplan. Rådet er ikkje tillagt avgjerdsmynde på vegner av kommunen.

Eldrerådet. Rådet kan handsama alle saker som gjeld levekåra for dei eldre i kommunen og er eit rådgjevande organ for kommunen jf. kommunelova § 5-12. Dette gjeld m.a. reguleringsplanar, årsbudsjett og økonomiplan.

Ungdommens kommunestyre. Interesseorgan for ungdom i kommunen der kommunale saker vert drøfta og påverka gjennom fast møteverksemd. UKS må tidleg inn i prosessen der relevante saker skal handsamast, og vil også fungere som høyringsinstans i saker der dette er naturleg. UKS er sett saman av 11 representantar med vara, i alderen 13-19 år. Alle er valde frå vidaregåande skule, ungdomsskular og ungdomsklubbar i kommunen.

Politisk arbeidsutval er samansett av ordførar, varaordførar og leiarane for hovudutvala. Utvalet fordeler arbeidsoppgåvene til hovudutvala, vurderer kva saker, utgreiingar og innkomne dokument kommunen ev. skal gje uttale til, og liknande. Politisk arbeidsutval har ikkje fullmakt til å gjere vedtak i / avgjera politiske saker. Møta er opne for publikum, med unntak for saker som i følge offentleglova er skjerma mot offentleggjing. I utgangspunktet skal utvalet ha månadlege møte.

7. DELEGERT MYNDE TIL KOMMUNEDIREKTØREN

7.1 FØREMÅL

Delegeringa har som føremål å:

- Sikre innbyggjarane rask og effektiv service og sakshandsaming
- Bidra til ein føremålstenleg og effektiv arbeidsdeling mellom politiske organ og administrasjonen, der kommunedirektøren si oppgåve er å iverksette politiske vedtak.
- Gje administrasjonen naudsynt handlefridom til å utvikle ein effektiv organisasjon, med vekt på å dekkje innbyggjarane sine behov innafor dei politiske vedtekne rammene.

7.2 KOMMUNEDIREKTØREN SITT ANSVARS- OG ARBEIDSOMRÅDE

Kommunedirektøren er øvste leiar for kommunen sin administrasjon. Kommunedirektøren sine rettar og pliktar går m.a. fram av Kommunalova § 13-1, tilsettings- og leiaravtale, kommunale vedtak, reglement og retningslinjer.

Kommunalova § 13-1 seier følgjande:

«§ 13-1. Kommunedirektør. Myndighet og oppgaver

«.....Kommunedirektøren skal lede den samlede kommunale eller fylkeskommunale administrasjonen, med de unntak som følger av lov, og innenfor de instruks, retningslinjer eller pålegg kommunestyret eller fylkestinget gir.

Kommunedirektøren skal påse at saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet. Utredningen skal gi et faktisk og rettslig grunnlag for å treffe vedtak.

Kommunedirektøren skal påse at vedtak som treffes av folkevalgte organer, blir iverksatt uten ugrunnet opphold. Hvis kommunedirektøren blir oppmerksom på faktiske eller rettslige forhold som

har sentral betydning for iverksettingen av vedtaket, skal han eller hun gjøre det folkevalgte organet oppmerksom på dette på en egnet måte.

Kommunedirektøren har møte- og talerett i alle kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer, med unntak av kontrollutvalget. Kommunedirektøren kan la en av sine underordnede utøve denne retten på sine vegne.

Et folkevalgt organ kan gi kommunedirektøren myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget selv har bestemt noe annet.

Kommunedirektøren har det løpende personalansvaret for den enkelte, inkludert ansettelse, oppsigelse, suspensjon, avskjed og andre tjenstlige reaksjoner, hvis ikke noe annet er fastsatt i lov»

Jf. KommuneLOVA § 13-1 har kommunedirektøren har eit særskild ansvar for å:

- Leie administrasjonen sitt arbeid med å førebu saker til dei folkevalde organa og sjå til at desse er forsvarleg utgreidd, m.a. med omsyn til eit heilskapleg perspektiv og konsekvensar for økonomi, personell og innbyggjarane sine krav til tenester. Utgreiinga skal gje eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak.
- Gjennomføre og setje i verk dei politiske vedtaka
- Sørge for god forvaltning og effektiv bruk av kommunen sine økonomiske ressursar.
- Sørge for god internkontroll for å sikre at lover og forskrifter vert følgt. Internkontrollarbeidet skal vere systematisk og tilpassast organisasjonen sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikotilhøve jf. KommuneLOVA § 25-1
- Vidareutvikle, kvalitets sikre og tilpasse kommunale tenester til dei behov innbyggjarane har
- Leie det strategiske plan- og utviklingsarbeidet i kommunen
- Motivere og utvikle kommunen sine tilsette innafor ein fleksibel og effektiv organisasjon
- Ivareta kommunen sitt overordna arbeid med helse, miljø og tryggleik
- Delta i kommunen sitt interkommunale samarbeid og profilere kommunen eksternt

7.3 GENERELL MYNDE

Kommunedirektøren har delegert mynde til å avgjere alle saker som er kurante og som ikkje er av prinsipiell karakter. Kommunedirektøren kan vidaredelegere sitt mynde, så langt ikkje kommunestyret har bestemt noko anna.

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med reglementa for delegering, dei sakshandsamingsreglar som følgjer av lov og forskrift og dei etiske retningslinene til kommunen.

Vidare skal all delegert mynde blir utøvd innanfor plan- og budsjetttrammer og andre reglement og retningsliner, vedtekne av overordna organ

Jf. kap. 7.2 kulepunkt 1, skal kommunedirektøren utgreie og gje tilråding i saker som skal handsamast i kommunestyret, formannskap og andre politiske utval. Utgreiinga skal gje eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak.

Formannskap og dei faste utvala kan i situasjonsbestemte høve, delegere mynde til kommunedirektøren til å gjere vedtak, dersom utvala sjølv av tidsmessige høve, ikkje rekker å behandle ei sak. Slik delegering skal vere tidsavgrensa.

7.4 MYNDE TIL Å UNDERTEIKNE DOKUMENT

Kommunedirektøren vert delegert fullmakt til å underteikne dokument på kommunen sine vegner i saker som er kurante og ikkje av prinsipiell karakter.

7.5 KOMMUNEDIREKTØREN SIN SØKSMÅLSKOMPETANSE OG MYNDE TIL Å OPPTRE PÅ VEGNE AV KOMMUNEN I RETTSLEGE TINGINGAR

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å vedta at kommunen skal gå til søksmål eller nytte rettsmiddel etter tvistelovgivinga (her under særlover om sivil tvistehandsaming) til ivaretaking av kommunen sine interesser og mynde.

Ordførar skal haldast løpande orientert, i den grad lovgjevinga gjev høve til det.

Saker av prinsipiell karakter skal leggjast fram for formannsskapet til fråsegn. Saker til Høgsterett i hovudforhandling, skal alltid reknast for prinsipielle.

Kommunedirektøren får innafor same grenser, mynde til å peike ut partsrepresentant i saka, og å engasjere prosessfullmektig.

7.6 MYNDE I PERSONSAKER

Kommunedirektøren har det løpande personalansvaret for den enkelte medarbeidar i Øygarden kommune jf. Kommunelova § 13-1. Det inkluderer mynde til å tilsette, seie opp, suspensjon, avskjed og andre tenestelege reaksjonar, i alle kommunale stillingar viss ikkje noko anna er fastsett i lov.

Kommunedirektøren fattar avgjerd i alle personalsaker innafor dei retningslinjer som kommunestyret eller administrasjonsutvalet har vedteke.

Mynde til å opprette nye stillingar/ årsverk ligg til kommunestyret.

Mynde til å opprette stillingar / årsverk innan for gjeldene budsjett / politiske vedtak ligg til kommunedirektøren.

7.7 TILVISINGSMYNDE OG MYNDE I ØKONOMISKE SAKER

Kommunedirektøren har ansvar og mynde til å disponere heile kommunen sitt budsjett, innafor vedtekne budsjetttrammer, mål og retningslinjer. I dette inngår m.a. å avgjere tidspunkt for opptak av lån, godkjenning av lånevilkår/ nye lån og refinansiering og opptak av konverteringslån utan utviding av lånesum.

7.8 MYNDE TIL Å TREFFE VEDTAK ETTER SÆRLOVER

Kommunedirektøren vert delegert kommunestyret sitt mynde til å forvalte og treffe vedtak etter alle særlover som til ein kvar tid er gjeldande for kommunen, - så framt mynde ikkje er delegert til formannskapet eller andre politiske utval og ikkje er av prinsipiell karakter.

8. IVERKSETJING OG ENDRINGAR AV REGLEMENT

8.1 IVERKSETJING

Reglementet trer i kraft frå det tidspunkt det er vedteke av kommunestyret. Frå same tidspunkt vert tidlegare reglement oppheva.

8.2 ENDRINGAR

Endring av reglementet vert vedteke av kommunestyret. Kommunedirektøren har mynde til å gjere justeringar og formelle endringar, for å sørge for at reglementet til ei kvar tid er i samsvar med dei vedtak om delegering som vert fatta, samt justeringar som er naudsynte som følgje av endringar i lover, forskrifter og andre føresegn. Kommunestyret skal orienterast om endringar som vert gjort av kommunedirektøren.



Arkiv:

Arkivsaknr: 20/2690 - 1

Sakshandsamar: Jarle Kåre Oen

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret (KS)	20.02.2020	028/20
Kommunestyret (KS)	26.03.2020	040/20

Val av representantar til styret i Bustadstiftinga

Samandrag:

Fjell bustadstifting har endra namn til Bustadstiftinga. Vidare fått endra vedtektene slik at det er Øygarden kommune som vel styret (ikkje Fjell). Lotteri- og stiftingstilsynet har godkjent denne såkalla omdanninga. Øygarden kommunestyre skal velja styremedlemmar, varamedlemmar og leiar/nestleiar til styret i stiftinga. Tidsrommet gjeld for denne kommunestyreperioden.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Vedtekter for stiftinga Bustadstiftinga pr. 15.10.19
Møtebok 2 gangs behandling Fjell bustadstifting

Innstilling til vedtak:

1. Øygarden kommunestyre vel desse fem styrerepresentantane og fem varamedlemmane til styret «Bustadstiftinga» for dei neste fire åra (denne kommunestyreperioden), jamfør vedtektene § 6:

Faste medlemmer

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Varamedlemmar

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

2. Øygarden kommunestyre vel desse som leiar og nestleiar i styret i stiftinga «Bustadstiftinga», jamfør vedtektene § 6:

Leiar:.....

Nestleiar:.....

Saksopplysningar:

Fjell Bustadstifting har endra namn til «Bustadstiftinga». Vidare fått inn i vedtektene at det er Øygarden kommune som vel representantane til styret. Lotteri- og stiftingstilsynet har godkjent vedtektsendringane.

§ 6 definerer val av styremedlemmar. Her heiter det:

«Stiftinga skal ha ei styre på 5 medlemmar og 5 varamedlemmar – valde av Øygarden kommunestyre kvart 4. år. Kommunestyret vel og leiar og nestleiar. Eit styremedlem vert sitjande inntil nytt styremedlem er vald – sjølv om tenestetida er gått ut.

Representantar frå Øygarden kommunestyre kan ikkje utgjera fleirtalet i styret til stiftinga.»

Om kommunestyret ønskjer det, kan maksimalt to styremedlemmar koma frå kommunestyret - faste/varamedlemmar. Dei andre må koma utanfrå. Det skal vera same regelen for varamedlemmar. Maks 2 frå kommunestyret – dei andre kjem utanfrå.

Stiftelsesloven § 27 a) viser til at likestillingslova gjeld ved oppnemning av styret i ei stifting. Ifølgje likestillingslova § 28 b) og forskrift om kjønnsrepresentasjon med reglar om handheving § 2, skal kvart kjønn vere representert med minst to medlemmer dersom utvalet har fire eller fem medlemmer. Kjønnsrepresentasjonskravet gjeld tilsvarande for varamedlemmer.

I 2018 gjorde Fjell kommunestyre eit justeringsval av styremedlemmar og varamedlemmar for å vera i tråd med vedtektene:

Vedtak i Kommunestyret - 27.09.2018:

Kommunestyret vel følgjande fem medlemmer med personlege varamedlemmer, inkludert tre eksterne representantar med eksterne vara, til styret for Fjell bustadstifting:

Medlem:	Personleg varamedlem:
Gunnar Sulen (H) *ekstern	Tore Lønøy (H)
Elisabeth Vethe (AP)	Anne Hestnes (AP)
Anita Garlid Johannessen (FrP)	Knut Thore Algrøy (KrF)
Egil Morland (KrF) *ekstern	Eivind Solsvik (FrP) *ekstern
Bjørn Vie (SL) *ekstern	Jan Estensen (SL) *ekstern
Leiar: Gunnar Sulen	Nestleiar: Anita Garlid Johannessen

Valet gjeld ut Fjell kommune si virketid, dvs. 31.12.2019.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjente økonomiske konsekvensar

Vurdering:

Kommunedirektøren kjem ikkje med innstilling til namn i slik saker. Kommunestyret føretek utveljinga og gjer endeleg vedtak om verva.

Behandling i Kommunestyret (KS) 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret (KS) - 028/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

**VEDTEKTER
FOR
BUSTADSTIFTINGA**
Org.nr 957.693.660

Godkjent i styremøte 15. oktober 2019 - sak 4.19

§ 1

Stiftinga sitt namn er Bustadstiftinga.

Fjell Bustadstifting blei stifta 03.04.1990 av Fjell kommune. Stiftinga blei 29.04.1999 slått saman av tidlegare Fjell Bustadstifting og Sotra Boligstiftelse. I samband med samanslåinga av Fjell, Sund og Øygarden kommunar til Øygarden kommune, har styret i Fjell Bustadstifting den 15.10.19 vedtatt namneendring til Bustadstiftinga.

§ 2

Stiftinga har forretningskontoret sitt i Øygarden kommune.

§ 3

Stiftinga har som føremål å skaffa bustader og servicebygg for utleige eller overdraging, utan eige økonomiske føremål.

Omgrepet servicebygg dekkjer barnehagar, studentbustader, omsorgs- og servicebustader, servicesenter for eldre-og andre bustader med eit klart sosialt føremål.

Bustadene og servicebygga vert skaffa ved oppføring eller kjøp, og skal, etter gjeldande retningslinjer, leigast ut eller overdragast til dei målgrupper som er omfatta av offentlege låne- og tilskottsordningar m.m. Det til einkvar tid sitjande styret fastset retningslinjene. Retningslinjene skal vere baserte på Øygarden kommune sitt behov for bustader og servicebygg. Retningslinjene fastsett dei nærare føresetnadene for å skaffe slike bustader, samt vilkåra for tildeling, utleige og overdraging. Endring av retningslinjene krev samstemd avgjerd i styret.

Kostnadene med stiftinga sitt arbeid skal dekkjast av leigeinntekter, driftsinntekter, inntekter ved overdraging og eventuelt tilskot frå styresmakter.

Dersom behovet for bustader og servicebygg er tilfredsstillande dekkja, kan styret vedta å dela ut opparbeida midlar til sosiale føremål i dei målgrupper som er definerte i denne paragrafen.

§ 4

Utlegebustader kan ikkje seljast utan samstemd avgjerd-i styret.

§ 5

Stiftinga har ein grunnkapital på kr 200 000.

§ 6

Stiftinga skal ha eit styre på 5 medlemar og 5 varamedlemar – valde av Øygarden kommunestyre kvart 4. år. Kommunestyret vel og leier og nestleiar. Eit styremedlem vert sitjande inntil nytt styremedlem er vald – sjølv om tenestetida er gått ut.

Representantar frå Øygarden kommunestyre kan ikkje utgjere fleirtalet i styret til stiftinga.

§ 7

Eit styremedlem må vere myndig. Det må ikkje vere i konkurskarantene etter konkurslovens reglar.

§ 8

Styret skal forvalte stiftinga og det som vedkjem den i samsvar med føremål og vedtekter, lov om stiftingar og andre lover eller forskrifter som gjeld for verksemda.

Stiftinga blir forplikta ved underskrift av styreleiar og dagleg leiar i fellesskap. Styret gjer vedtak i møte. Som styret sitt vedtak gjeld det som fleirtalet av dei møtande har røysta for, så langt ikkje anna kjem fram av vedtektene. Ved likt røystetal, gjeld det som leiaren har røysta for.

Styret skal føre møtebok. Møteboka skal innehalde dei vedtaka som styret gjer. Tid og stad for møta skal gå fram av boka, likeins ulike meiningar mellom dei styremedlemmene som er tilstades.

Styret skal ein gong kvart år gi ein rapport om aktiviteten i stiftinga til kommunestyret i Øygarden kommune.

§ 9

Stiftinga skal ha ein dagleg leiar. Dagleg leiar skal stå for daglege leining av verksemda og skal fylgje retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

§ 10


Styret i stiftinga har plikt til å sjå til at bokføring og forvalting av formuen er under trygg kontroll. Rekneskapen skal fylgja kalenderåret og skal avsluttast seinast 6 månader etter utgangen av året. Den til eikvar tid gjeldande rekneskapslov gjeld også for stiftinga.

§ 11

Godtgjersle til styremedlem, daglig leiar eller annan leiande tilsette i stiftinga skal stå i rimeleg høve til det arbeid og ansvar som fylgjer vervet eller stillinga.

Straume. 15.10.2019

I styret for Bustadstiftinga



Gunnar Onarheim Sulen
Styreleiar




Anita Garlid Johannessen
Nestleiar



Egil Morland
Styremedlem



Bjørn Vie
Styremedlem



Elisabeth Vethe
Styremedlem



Ketil Strand
Dagleg leiar

Retningslinjer til paragraf 3 i vedtektene til Bustadstiftinga

Org.nr 957.693.660

Godkjent styremøte 15.10 2019. sak 4.19

1. Behov for bustader og servicebygg.

Bustadstiftinga vil skaffa bustader og servicebygg basert på behovet for dette i Øygarden kommune. I vurderinga av om det føreligg eit behov skal Bustadstiftinga vektleggja følgjande:

- a. Behov som er definert i bustadsosial handlingsplan for Øygarden kommune eller andre planar som omhandlar same, og som er i samsvar med vedteke framdrift i same planer.
- b. Behov som følgje av Øygarden kommune sin plikt etter sosialtjenesteloven til å skaffe bustader til vanskelegstilte.
- c. Behov som følgje av Øygarden kommune sin plikt etter kommunehelsetjenesteloven og sosialtjenesteloven til å skaffe omsorgsbustader.

2. Tildeling og overdraging av bustader og servicesenter

Bustader og servicesenter som blir finansiert ved låne- og tilskottsordningar frå Husbanken skal tildelast og overdragast i samsvar med dei til ein kvar tid gjeldande forskrifter og retningslinjer gitt av Husbanken. Desse retningslinjene er også definert i bustadsosial handlingsplan for Øygarden kommune.

I dei tilfelle Husbanken fullfinansierer omsorgsbustader som definert i kommunehelsetjenesteloven og sosialtjenesteloven, krever Husbanken at kommunen tildeler omsorgsbustadene i minimum 20 år. Øygarden kommune skal tildele desse bustadene. Øygarden Bustadstifting skal som eigar av bustadene inngå leigekontrakt med den eller dei som kommunen har tildelt omsorgsbustad til. Stiftinga har som huseigar og utleigar det juridiske ansvar i høve til leigeforholdet og plikter å følgje reglane i gjeldande husleigelov. For desse leigeforholda gjeld særreglane som avgrensar leigetakaren sin disposisjonsrett over bustaden etter lov om husleie av 26.3.1999 nr. 17 kapittel 11.

Øygarden Bustadstifting skal stå for tildeilinga av alle andre typar bustader enn omsorgsbustader som nemnt ovanfor. Desse tildelingane skal være basert på faglege vurderingar av den enkelte søkjar sitt sosiale behov for bustad eller plass i servicebygg.

Dersom det ligg føre særlege grunnar og det ikkje er i strid med gjeldande husleigelov, kan styret fastsetje nærare reglar for utleige av bustadene, m.a. om tilgjenge til å ta opp personar i leigarens hus, og tilgjenge til mellombels utleige eller framleige av bustaden til andre enn dei som er nemnde i vedtektene § 3 og i gjeldande retningslinjer.

§ 12

Stiftinga skal ha statsautorisert / registrert revisor. Avtale med revisor skal gjerast av styret.

§ 13

Revisor skal, med dagsett påskrift, attestere årsrekneskapen. Han skal stadfesta at dei attesterte verdiane er til stades i dei høve dette ikkje går fram av depotoppgåve frå bank eller saldooppgåve for bankinnskot. Elles skal revisjon utførast i samsvar med reglane i gjeldande lov om revisjon og revisorar.

§ 14

Stiftinga sine eignelutar skal haldast fråskilde andre midlar.

Stiftinga sin kapital skal handsamast forsvarleg, slik at det til eikvar tid blir tatt tilstrekkeleg omsyn til tryggleik og høve til å oppnå tilfredsstillande avkastning for å ivareta stiftinga sitt føremål.

§ 15

Stiftinga kan skipast om og vedtektene endrast i samsvar med stiftingslova kap. VI.


§ 16

Vert stiftinga oppheva, skal midlane nyttast til stiftinga sine føremål, eller til andre liknande føremål.

-oo0oo-

Straume. 15.10. 2019


I styret for Bustadstiftinga


Gunnar Onarheim Sulen
Styreleiar


Anita Garlid Johannessen
Nestleiar


Egil Morland
Styremedlem


Bjørn Vie
Styremedlem


Elisabeth Vethe
Styremedlem


Ketil Strand
Dagleg leiar



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
42/18	Kommunestyret	21.06.2018
56/18	Kommunestyret	27.09.2018

Val av medlemmer til styret i Fjell bustadstifting - 2.gongs handsaming

Samandrag av saka:

Kommunestyret behandla sak 18/18 *Val av medlemmer til styret i Fjell bustadstifting* på møtet 19.april. I saka vart det opplyst at tre medlemmer med personlege varamedlemmer må vere eksterne. I ettertid har det vist seg at berre to av dei valte styremedlemene og eitt av dei valte varamedlemene er eksterne – dvs. at dei ikkje er medlemmer / varamedlemmer av Fjell kommunestyre:

Kommunestyret må difor behandle saka på nytt og velje nytt styre basert på nytt framlegg frå valnemnda. Kommunestyret må vere merksam på at når det vert valt eksternt medlem så må også varamedlemet vere ekstern, jf. personleg varamedlem som sikrar oppfølging av bustadstiftinga sine vedtekter § 6, siste ledd.

Innstilling:

Kommunestyret vel følgjande fem medlemmer med personlege varamedlemmer, inkludert tre eksterne representantar med eksterne vara, til styret for Fjell bustadstifting:

Medlem:	Personleg varamedlem:
_____	_____
_____	_____
_____	_____ (osv.)

Leiar: _____
Nestleiar: _____

Valet gjeld ut Fjell kommune si virketid, dvs. 31.12.2019. Det nye styret byrjar funksjonstida si etter at det sitjande styret har godkjent rekneskapen på møte 19.06.2018 og fungerer fram til ev. nytt val av styre i bustadstiftinga i nye Øygarden kommune.

Straume, den 07.06.2018

Lillian Torsvik
Kst. rådmann

Grethe Bergsvik
Kst. servicetorgsjef

Handsama i Kommunestyret - 21.06.2018:

Framlegg frå valnemnda v/leiar Egil Haaland:
Saka vert utsett til kommunestyremøtet i september 2018.

Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet i september 2018.

Handsama i Kommunestyret - 27.09.2018:

Framlegg til nytt styre for Fjell bustadstifting:

Medlem:

Gunnar Sulen (H)*ekstern
Elisabeth Vethe (AP)
Anita Garlid Johannessen (FrP)
Egil Morland (KrF) *ekstern
Bjørn Vie (SL) *ekstern

Personlege varamedlem

Tore Lønøy (H)
Anne Hestnes (AP)
Knut Thore Algrøy (KrF)
Eivind Solsvik (FrP) *ekstern
Jan Estensen (SL) * ekstern

Leiar: Gunnar Sulen
Nestleiar: Anita Garlid Johannessen

Framlegget vart **samrøystes** vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 27.09.2018:

Kommunestyret vel følgjande fem medlemmer med personlege varamedlemer, inkludert tre eksterne representantar med eksterne vara, til styret for Fjell bustadstifting:

Medlem:

Gunnar Sulen (H)*ekstern
Elisabeth Vethe (AP)
Anita Garlid Johannessen (FrP)
Egil Morland (KrF) *ekstern
Bjørn Vie (SL) *ekstern

Personleg varamedlem:

Tore Lønøy (H)
Anne Hestnes (AP)
Knut Thore Algrøy (KrF)
Eivind Solsvik (FrP) *ekstern
Jan Estensen (SL) * ekstern

Leiar: Gunnar Sulen
Nestleiar: Anita Garlid Johannessen

Valet gjeld ut Fjell kommune si virketid, dvs. 31.12.2019. Det nye styret byrjar funksjonstida si etter at det sitjande styret har godkjent rekneskapen på møte 19.06.2018 og fungerer fram til ev. nytt val av styre i bustadstiftinga i nye Øygarden kommune.

Dokument vedlagt saka:

- Vedtekter for Fjell bustadstifting (2006)

Elektronisk lenkje til:

- Fjell bustadstifting si heimeside: <http://bustadstifting.no/forside>
- Fjell kommune si eigarskapsmelding 2016: <https://www.fjell.kommune.no/plan-bygg-og-eigedom/kommunen-sine-planar/strategi---eigarskapsmelding/>
- Lov om stiftelser (2001): https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2001-06-15-59?q=stiftelseslov*
- Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (2017): https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-06-16-51?q=likestillings*

Vedtak i Fjell kommunestyre - 19.04.2018 sak 18/18:

Kommunestyret vel følgjande fem medlemmer med personlege varamedlemmer, inkludert tre eksterne representantar, til styret for Fjell bustadstifting:

Medlem:

*Gunnar Sulen (H) *ekstern*
Elisabeth Vethe (AP)
Anita Garlid Johannessen (FrP)
*Egil Morland (KrF) *ekstern*
Benedicte Bjelland (SL)

Personlege varamedlem

Tore Lønøy (H)
Anne Hestnes (AP)
*Eivind Solsvik (FrP) *ekstern*
Knut Thore Algrøy (KrF)
Hege Misje (SL)

Leiar:

Gunnar Sulen

Nestleiar:

Anita Garlid Johannessen

Valet gjeld for 2 år, dvs. 2018-2020. Det nye styret byrjar funksjonstida si når det sitjande styret har godkjent rekneskapen og fungerer fram til nytt val er gjennomført.

Rådmannen har utheva kven som er eksterne medlemmer / varamedlemmer i kommunestyret sitt vedtak 19.april. Kommunestyret må vere merksam på at val av ekstern medlem også krev val av ekstern varamedlem jf. personleg vara. Val av eksterne medlemmer / varamedlemmer skal sikre at representantar frå Fjell kommunestyre ikkje utgjer fleirtalet i stiftinga sitt styre etter bustadstiftinga sine vedtekter § 6, siste ledd.

Saksopplysningar – kopi frå KS-sak 18/18 Val av medlemmer til styret i Fjell bustadstifting:

Fjell bustadstifting vart stifta i 1990 av Fjell kommune og har omlag 400 bustader der halvparten er utleigebustader. Vanskelegstilte på bustadmarknaden kan søkje om å få tildelt bustad for leige i inntil 3 år. Etter stiftinga sine vedtekter § 3 skal stiftinga «skaffe bustader og servicebygg for utleige eller overdraging, utan eige økonomisk føremål». Servicebygg gjeld bygg med klart sosialt føremål – t.d. barnehagar.

Stiftelsesloven § 30 viser til at styret er stiftinga sitt øvste organ. Ifølgje Fjell bustadstifting sine vedtekter § 8 skal styret forvalte stiftinga i samsvar med vedtekter og lover som gjeld for verksemda. I tillegg har stiftinga ein dagleg leiar som skal følgje dei retningslinjer og pålegg som styret gjev. Fjell kommune si eigarskapsmelding, vedteke i kommunestyremøtet 25.02.16, sak 19/16, viser til at stiftingar er 100 % sjølveigande organ der dei kommunale interessene må utøvast gjennom vedtektene og gjennom dei styremedlemene som vert valde av kommunen.

Samansetjing av styret i Fjell bustadstifting

Ifølgje Fjell bustadstifting sine vedtekter § 6 skal stiftinga ha eit styre på **fem medlemer med personlege varamedlemer** som kommunestyret skal velje. Kommunestyret skal òg velje leiar og nestleiar i styret. Vedtektene viser elles til at representantar frå kommunestyret ikkje kan utgjere fleirtalet i styret til stiftinga. Det gjer at tre valte medlemer med varamedlemer må vere eksterne – dvs. ikkje medlemer av Fjell kommunestyre. Ifølgje vedtektene skal det veljast styre annakvart år, og dette valet vil gjelde ut Fjell kommune si virketid grunna kommunesamanslåinga. Ifølgje Fjell kommune si eigarskapsmelding skal det sitjande styret godkjenne rekneskapen, og bustadstiftinga sine vedtekter § 10 viser til gjeldande rekneskapslov med godkjenning seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Dagleg leiar har informert om at rekneskapen skal godkjennast på styremøtet 19.06.2018 og nytt styre vil ha funksjonstid frå då av.

Stiftelsesloven § 27 a) viser til at likestillingslova gjeld ved oppnemning av styret i ei stifting. Ifølgje likestillingslova § 28 b) og forskrift om kjønnsrepresentasjon med reglar om handheving § 2, skal kvart kjønn vere representert med minst to medlemer dersom utvalet har fire eller fem medlemer. Kjønnsrepresentasjonskravet gjeld tilsvarande for varamedlemer. Eigarskapsmeldinga si retningslinje nr. 11 «Kjønnsrepresentasjon i styra» spesifiserer at Fjell kommune vil arbeide for lik kjønnsrepresentasjon i styra uavhengig av selskapsform.

Til orientering valte kommunestyret følgjande medlemer til bustadstiftinga sitt styre for to år sidan på kommunestyremøtet 25.02.16, sak 22/16:

Vedtak i Kommunestyret - 25.02.2016:

Kommunestyret vel følgjande 5 medlemer med personlege varamedlemer, inkludert 3 eksterne representantar, til styret for Fjell bustadstifting:

Medlem:

*Gunnar Sulen (H)
Elisabeth Vethe (AP)
Egil Morland (KrF)
Anita Garlid Johannessen (FrP)
Bjørn Vie (SL)*

Varamedlem:

*Tore Lønøy (H)
Odd A. Valvatne (AP)
Marianne Rosenvold (SV)
Eivind Solsvik (FrP)
Jan Estensen (SL)*

Leiar: Gunnar Sulen

Nestleiar: Anita Garlid Johannessen

Valet gjeld for 2 år, dvs. 2015-2017. Det nye styret byrjar funksjonstida si når det sitjande styret har godkjent rekneskapen og fungerer fram til nytt val er gjennomført.

Rett kompetanse hos styremedlemer

Kommunestyret vedtok gjeldande eigarskapsmelding i møtet 25.02.16, med følgjande vedtakspunkt:

- 1. Eigarskapsmeldinga 2016 vert teken til orientering med følgjande presiseringar:*

- *Selskapa skal ein gang pr. år orientere om drifta samt presentere årsmelding og rekneskap for kommunestyret/formannskapet*
- 2. *Det skal arrangerast styreseminar for styremedlemmer, varamedlemer og dagleg leiing innan utgangen av august 2016. Inkludert i denne opplæringa skal også kommunens eigarstrategi gjennomgåast.*
- 3. *Valnemnda skal følgje opp punkt 10 i eigarskapsmeldinga og formannskapet vil særskilt peike på følgjande:*
 - a. *Det skal gjerast ei vurdering av den einskilde kandidat i forhold til mogelege rollekonfliktar og forvaltingslova sine regler for habilitet.*
 - b. *Der kor det er naturleg kan dagleg leiar setja opp ei oversikt over ønska kvalifikasjonar for styrerepresentantar.*
 - c. *Ved behov skal det gjennomførast intervju av aktuelle kandidatar.*
 - d. *Innstillingar til eksterne selskap skal grunngjevast.*

I eigarskapsmeldinga vert det tilrådd, som hovudregel, at leiande politikarar ikkje bør sitje i selskapsstyra for å unngå mogelege rollekonfliktar og ugildskap.

Fjell kommune si eigarskapsmelding viser til, i retningslinje nr. 1, at kommunen vil gje obligatorisk opplæring til alle styremedlemer som vert valde på vegne av Fjell kommune som eigar. Fjell bustadstifting er eit sjøveigande organ, men det er likevel til kommunen sin fordel å gje opplæring til valte styremedlemer i Fjell bustadstifting då dei kommunale interessene må utøvast gjennom vedtektene og gjennom dei styremedlemene som vert valde av kommunen.

Eigarskapsmeldinga viser til at det bør setjast tre grunnleggande krav til alle styremedlemer – dei må vere kompetente, ha tid til styrejobben og opptre uavhengig – for å sikre eit profesjonelt samansett styre med relevant kompetanse for den verksemda dei skal styre. Retningslinjer nr. 9 viser til kva områder styret som kollegium skal ha erfaring og kompetanse innanfor.

Dagleg leiar, og styret i Fjell bustadstifting, skal leia ei verksemd som skal produsera bustader og bygg for utleige og eventuelt sal. Aktiviteten skal særleg relatera seg til bustader for personar med spesielle behov. Verksemda skal skje i ein marknad med konkurranse og skiftande konjunkturar. Det kan difor peikast på nokre viktige kompetanseområde:

1. God økonomisk forståing
2. Eigedomsutvikling på reguleringsnivå
3. Sosialfagleg kompetanse
4. Forståing av samspelet mellom kommune og næringsliv.

Samspelet mellom Fjell kommune og Fjell bustadstifting

Dagleg leiar av bustadstiftinga viser til ein tett dialog med kommunen, og då særleg med det nyoppretta Fjell bustadkontor, når det kjem nye søkjarar eller når noverande leigetakarar får endra bustadbehov. Bustadstiftinga deltek også på felles tildelingsmøter med kommunen og tilviser aktuelle leigetakarar til Fjell bustadkontor ved behov for startlån.

Med tanke på kommunesamanslåinga frå 1.1.2020 blir det diskutert, i eit eige utval for eigarskapsmodellar, kva som skal gjerast med organ som Fjell bustadstifting. Utvalet legg fram ein sluttrapport til fellesnemnda 16.04.18 med forslag til organisering av eigarskap i Nye Øygarden kommune: *«Det vert arbeidd vidare med naudsynte lovendringar (påverknad av sentrale styresmakter) slik at stiftinga kan lovleg omdannast og deretter fusjonerast med Øygarden eigedomsforvaltning KF, sjå også kommentarane i kapitel 5».* «Kap. 5.2.3 Eigedomsforvaltning: Ut frå ei samla vurdering av den noverande situasjonen med dei rammer og føresetnader som regulerer drift av stiftingar, ser utvalet at Fjell bustadstifting

må halda fram som før inntil ei eventuell endring i stiftelses-lova opnar for omdanning, eller at ein får dispensasjon frå stiftelses-lova på bakgrunn av kommunereforma ». Sluttrapporten skal sendast ut på høyring med endeleg vedtak i fellesnemnda 18.06.18.

Vurdering – kopi frå KS-sak 18/18 Val av medlemmer til styret i Fjell bustadstifting:

Fjell kommunestyre må velje fem nye medlemmer, og fem nye personlege varamedlemmer, til styret i Fjell bustadstifting for to nye år. Det er vesentleg at tre av medlemene, og deira personlege varamedlemmer, er eksterne dvs. ikkje medlemmer av Fjell kommunestyre. Det er samstundes krav om kjønnsrepresentasjon ved at kvart kjønn skal vere representert med minst to medlemmer / varamedlemmer. Valnemnda bør også ta omsyn til å sikre medlemmer med rette kvalifikasjonar til styret.

Nytt styre i Fjell bustadstifting vil ha funksjonstid etter at det sitjande styret har godkjent rekneskapen på møte 19.06.18 og ut Fjell kommune si virketid 31.12.2019. Valnemnda vil kome med forslag til styremedlemmer og varastyremedlemmer til stiftinga, i kommunestyremøtet.



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret (KS)	20.02.2020	025/20
Kommunestyret (KS)	26.03.2020	041/20

Val av medlem til representantskapet for Bergen og omland Farvannsforvaltning (BOF IKS) 2020-2023

Samandrag:

Øygarden kommune er medlem i Bergen og Omland Farvannsforvaltning (BF IKS) og skal velje medlem og varamedlem til representantskapet. Valet gjeld for 4 år om gongen og følgjer kommunevalperioden.

Innstilling til vedtak:

Som Øygarden kommune sitt medlem/varamedlem i representantskapet for Bergen og Omland Farvannsforvaltning BF IKS for perioden 2020-2023 vert vald:

Medlem:

Varamedlem:

Saksopplysningar:

Øygarden kommune er medlem i Bergen og Omland Farvannsforvaltning (BF IKS) og skal velje medlem og varamedlem til representantskapet. Valet gjeld for 4 år om gongen og følgjer kommunevalperioden.

Det vert vist til selskapsavtalen § 5 og IKS-lova § 6, kor det det går fram at kommunen skal velje eit medlem og eitt varamedlem til representantskapet.

Selskapsavtale - § 5 Representantskapet

Alle deltakere skal hver velge ett medlem samt ett varamedlem til representantskapet. Medlemmer og varamedlemmer i representantskapet velges for inntil fire år av gangen. Valget følger kommunevalgperioden.

Lov om interkommunale selskaper - § 6. Representantskapet og dets sammensetning

Selskapet skal ha et representantskap hvor samtlige deltakere er representert med minst én representant. Vedkommende kommunestyre eller fylkesting oppnevner selv sine representanter. Er et

interkommunalt selskap deltaker, oppnevner selskapets representantskap dets representanter. Det skal oppnevnes minst like mange varamedlemmer som faste medlemmer. Hvis ikke annet er fastsatt i selskapsavtalen, velger representantskapet selv sin leder og nestleder. Kommunestyret eller fylkestinget bestemmer selv om dets representanter skal velges ved forholdsvalg eller flertallsvalg. Daglig leder kan ikke velges til medlem av representantskapet. Representantskapets medlemmer velges for fire år om ikke annet er fastsatt i selskapsavtalen. Den enkelte deltaker kan foreta nyvalg av sine representantskapsmedlemmer i valgperioden. Nyvalg skjer for den gjenværende del av valgperioden.

Forslag til medlem og varamedlem vert lagt fram i møtet.

Vurdering:

Saka vert fram utan vurdering og innstilling.

Behandling i Kommunestyret (KS) 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret (KS) - 025/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet (FS)	14.01.2020	005/20
Kommunestyret (KS)	20.02.2020	017/20
Kommunestyret (KS)	26.03.2020	042/20

Val av politisk utval for oppfølging av kommunedirektøren

Samandrag:

Denne saka omhandlar oppfølging av ansvar for kommunedirektøren og er bestilt av ordføraren.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
KS - Utviklingssamtale mellom folkevalgte og rådmannen

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å oppnemna politisk utval for å ivareta arbeidsgjevaransvaret for kommunedirektøren. For perioden 2020 - 2023 vert følgjande personar valde:
.....
2. Utvalet får mynde til å følgja opp arbeidsgjevaransvaret slik det går fram av saka.

Saksopplysningar:

Kommunestyret har som kollegialt organ overordna arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i kommunen. I det daglege ligg det utøvande arbeidsgjevaransvaret hos kommunedirektøren.

Arbeidsgjevaransvaret for kommunedirektøren sjølv må imidlertid ivaretakast av dei folkevalde. Korleis dei ivaretek denne rolla som arbeidsgjevar, vil ha betyding for samarbeidet mellom rådmannen og folkevalde, for styring og leiing, for omdømme og høve til å rekruttera dyktige leiarar til kommunesektoren. Ivaretaking av eit godt arbeidsgjevaransvar for kommunedirektøren handlar blant anna om å opptre på ein slik måte at konflikhtar vert førebyggt, og at det er godt tillitsforhold mellom folkevalde og kommunedirektøren.

Arbeidsavtalen er eit grunnlag for oppfølging av kommunedirektøren. Dei same prinsipp gjeld for kommunedirektøren, som for andre tilsette. Det inneber at det må liggja føre ein skriftleg arbeidsavtale som innfrir minstekrava i arbeidsmiljølova.

Kommunedirektøren vert tilsett av kommunestyret, og rapporterer til kommunestyret. Kommunedirektøren har slik sett ingen enkeltperson å forhalda seg til som sin arbeidsgjevar, men eit kollektivt organ. Prinsipielt skulle kommunedirektøren hatt «medarbeidarsamtale» med kommunestyret. Det er openbart verken praktisk eller føremålstenleg. Det andre ytterpunkt er at ordføraren på vegne av kommunestyret (eventuelt med et delegasjonsvedtak), åleine gjennomfører oppfølgingssamtalen. Det har klare svakheiter. For det første er det ein risiko for at den naudsynte forankring ikkje vert ivareteken godt nok. Kommunedirektøren er heile kommunestyrets kommunedirektør, og samarbeidet mellom administrasjonen og folkevalde går langt ut over det daglige samarbeidet mellom ordfører og rådmann. For det andre kan det dannast eit inntrykk av at ordførar og kommunedirektør har ein overordna/underordna relasjon. For det tredje vil det vera uheldig om ordførar og kommunedirektør vert oppfatta som for nære.

KS tilrår at ein utviklingssamtale vert gjennomført av eit utval nedsett av folkevalde, til dømes samansett av ordførar, varaordførar og «opposisjonsleiar». I nokre kommunar kan formannskapet vera eit eigna forum då det kan gi god forankring, men det føreset at det ikkje er for stort til å kunne gjennomføra ein utviklingssamtale prega av gjensidig openheit og tillit.

Føremålet med utviklingssamtalen vil vera:

- å avklara gjensidige forventningar til samarbeid, arbeidsvilkår og resultat
- å skapa tillit og openheit og leggja grunnlag for god kommunikasjon i relasjonen mellom folkevalde og kommunedirektøren herunder bidra til rolleavklaring
- å identifisera og avtala utviklingsbehov og utviklingstiltak for kommunedirektøren

Kommunedirektøren skal ha årleg lønsutvikling som alle andre tilsette. Sjølv om utviklingssamtalen ikkje skal vera ein lønssamtale, bør forhold som ligg til grunn for lønnsfastsetjing også vera tema i utviklingssamtalen.

Vurdering:

Sund kommune har hatt god erfaring med system for oppfølging av kommunedirektøren basert på KS sin rettleiar «Utviklingssamtale mellom folkevalgte og rådmannen», jf vedlegg. Utvalet i Sund har vore samansett av ordførar, varaordførar og 1 representant frå mindretallet i kommunestyret slik rettleiaren tilrår. Utvalet har hatt ansvar for utviklingssamtale og lønsvurdering. Det kan vera føremålstenleg å vidareføra denne modellen i Øygarden kommune.

Behandling i Formannskapet (FS) 14.01.2020:

Forslag til representantar til utvalet - foreslått av Nils Kåre Skoge H

Ordfører Tom Georg Indrevik, varaordfører Torill Selsvoll Nyborg og Marianne Sandal Bjørøy gruppeleder AP

Desse tok ordet i saka:

Nils Kåre Skoge

Innstillinga + forslag frå Nils Kåre Skoge (H) vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet (FS) - 005/20

1. Kommunestyret vedtek å oppnemna politisk utval for å ivareta arbeidsgjevaransvaret for kommunedirektøren. For perioden 2020 - 2023 vert følgjande personar valde:
 - Ordførar Tom Georg Indrevik
 - Varaordførar Torill Selsvold Nyborg
 - Gruppeleiar Ap - Marianne Sandahl Bjørøy

2. Utvalet får mynde til å følgja opp arbeidsgjevaransvaret slik det går fram av saka.

Behandling i Kommunestyret (KS) 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret (KS) - 017/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

Utviklingssamtale mellom folkevalgte og rådmannen





*Et godt samspill mellom politikk
og fag/administrasjon gir et godt
grunnlag for styring og ledelse av
fylket/kommunen.*

Utviklingssamtale mellom folkevalgte og rådmannen

Fylkestinget/kommunestyret har som kollegialt organ overordnet arbeidsgiveransvar for alle ansatte i fylkeskommunen/kommunen. I det daglige ligger det utøvende arbeidsgiveransvaret hos rådmannen¹. Arbeidsgiveransvaret overfor rådmannen selv må imidlertid ivaretas av de folkevalgte. Hvordan de ivaretar rollen som arbeidsgiver for rådmannen, vil ha betydning for samarbeidet mellom rådmannen og de folkevalgte, for styring og ledelse, for om-dømme og mulighet til å rekruttere dyktige ledere.

Ivaretagelse av et godt arbeidsgiveransvar overfor rådmannen handler blant annet om å opptre på en slik måte at konflikter forebygges, og at det er et godt tillitsforhold mellom de folkevalgte og rådmannen.

Arbeidsavtalen – et grunnlag for oppfølging av rådmannen

Det gjelder generelt de samme prinsipper for ivaretagelse av arbeidsgiveransvaret for rådmannen, som for andre ansatte. Det innebærer at det må foreligge en skriftlig arbeidsavtale som innfrir minstekravene etter arbeidsmiljølovens bestemmelser. En slik arbeidsavtale vil derfor måtte inneholde en oversikt over:

- avtalens parter, tiltredelse, arbeidssted, prøvetid, arbeidstid og eventuelle særlige arbeidstidsordninger, samt oppsigelsesfrister
- lønn, tillegg og hvilke tariffavtaler som skal gjelde, samt eventuell kompensasjon for møtevirksomhet m.v.
- ansvar- og myndighetsområde, taushetsplikt, samtykke til offentliggjøring av CV, regulering av adgangen til bistillinger/-verv og egenutvikling/faglig utvikling
- eventuell avtale om åremål, retrettstillinger, etterlønn ved fratreden

I tillegg anbefaler KS at avtalen også inneholder:

- prosedyrer for utarbeiding av gjensidige forventninger/resultatkrav
- prosedyrer for oppfølging og videreutvikling av gjensidige forventninger/resultatkrav (herunder gjennomføringen av utviklingssamtalen)
- prosedyrer for håndtering av situasjoner som kan oppstå om forventninger/resultatkrav

De tre siste punktene ovenfor vil i realiteten beskrive hvordan de folkevalgtes arbeidsgiveransvar for rådmannen konkret skal følges opp.

¹ Med rådmann i dette dokumentet menes det, som omtalt i kommune-loven, «administrasjonssjef». Dette er øverste administrative leder i kommuner og fylker som ikke har etablert en parlamentarisk styringsform.

Oppfølgingen av arbeidsgiver-ansvaret overfor rådmannen er spesielt og kan ikke sammenliknes med oppfølgingen av andre ansatte i kommunen.

Fylkestinget/kommunestyret som arbeidsgiver for rådmannen

Rådmannen ansettes av fylkestinget/kommunestyret, og rapporterer til fylkestinget/kommunestyret. Rådmannen har slik sett ingen enkeltperson å forholde seg til som sin arbeidsgiver, men et kollektivt organ. Prinsipielt skulle rådmannen hatt «medarbeidersamtale» med kommunestyret. Det er åpenbart verken praktisk eller hensiktsmessig. Det vil være svært vanskelig å få til den åpenhet og *fortrolighet* en oppfølgingsamtale forutsetter. Den andre ytterlighet er at ordføreren på vegne av kommunestyret (eventuelt med et delegasjonsvedtak), alene gjennomfører oppfølgingssamtale med rådmannen. Det har åpenbare svakheter. For det første er det en risiko for at den nødvendige *forankring* ikke ivaretas

godt nok. Rådmannen er hele fylkestingets/kommunestyrets rådmann, og samarbeidet mellom administrasjonen og de folkevalgte går langt ut over det daglige samarbeidet mellom ordfører og rådmann. For det andre kan det dannes et inntrykk av at ordfører og rådmann har en overordnet/underordnet relasjon. For det tredje vil det være uheldig om ordfører og rådmann oppfattes og oppleves som for nære.

En strukturert utviklingssamtale mellom folkevalgte og rådmannen

En tradisjonell «medarbeidersamtale» med rådmannen er derfor ikke hensiktsmessig. Det er en samtale som passer i en «leder – medarbeider» situasjon, og ikke i fylkestingets/kommunestyrets oppfølging av rådmannen. Imidlertid er det åpenbart at det må være rom for å drøfte utviklingen av relasjonen mellom de folkevalgte og rådmannen, herunder arbeidsform, kommunikasjon og oppnådde resultater. Det kan forebygge unødvendige konflikter og tillitsbrudd. KS anvender derfor begrepet «utviklingssamtale» for å skille mellom en medarbeidersamtale mellom leder og medarbeider, og en strukturert samtale mellom de folkevalgte og rådmannen.

Det er i spennet mellom nødvendig *forankring* i hele fylkestinget/kommunestyret på den ene siden, og nødvendig *fortrolighet* på den andre siden, at hver enkelt kommune må finne en egnet form på utviklingssamtalen.

Hvem deltar i utviklingssamtalen?

KS anbefaler at en utviklingssamtale minimum gjennomføres av ordfører, varaordfører og opposisjonsleder. Formannskapet kan være et egnet forum som på den ene siden sikrer en god forankring i fylkestinget/kommunestyret, og samtidig er lite nok til å kunne gjennomføre en utviklingssamtale preget av gjensidig åpenhet og fortrolighet. I noen fylker/kommuner kan det være andre organer, som et ansettelsesutvalg (de folkevalgte representantene i ansettelsesutvalget), eller andre utvalg nedsatt av og med de folkevalgte, som anses mest egnet.

Formålet med utviklingssamtalen

Formålet med utviklingssamtalen vil være:

- å avklare gjensidige forventninger til samarbeid, arbeidsvilkår og resultater
- å skape tillit og åpenhet og legge grunnlag for god kommunikasjon i relasjonen mellom de folkevalgte og rådmannen, herunder bidra til rolleavklaring
- å identifisere og avtale utviklingsbehov og utviklingstiltak for rådmannen

Forventningsavklaring og resultatoppfølging

Utviklingssamtalen skal være et verktøy for en systematisk gjennomgang av oppnådde resultater for rådmannen. Utgangspunktet for en slik samtale vil være arbeidsavtalens beskrivelse av ansvar og arbeidsoppgaver, og videre konkrete

serte mål for rådmannen. De konkrete resultatmålene må være nedfelt i en skriftlig resultat- og utviklingsplan. Som et resultat av utviklingssamtalen utarbeides det også en ny resultat- og utviklingsplan for neste periode (f.eks. ett år).

Det er viktig at de målene som settes for rådmannen også er forankret i plan eller vedtak i fylkestinget/kommunestyret, for eksempel i vedtatt budsjett, kommuneplan og arbeidsgiverstrategi. Det enkelte fylkesting/kommunestyre må selv finne de områder som er viktige for oppfølgingen av rådmannen. For hvert av disse områdene bør målene konkretiseres, og det bør angis hva som er kritiske suksessfaktorer og måleindikatorer.

Nedenfor er det angitt forslag til tema hvor ønskede mål kan etterprøves gjennom gitte måleindikatorer:

- økonomi
- brukere
- medarbeidere
- interne prosesser og rutiner
- læring og fornyelse

Et annet «sett» av tema som kan benyttes til å utarbeide konkrete mål, suksessfaktorer og måleindikatorer kan være:

- plan
- økonomi
- personal

Samspill politikk – administrasjon

Utviklingssamtalen bør også åpne for en god dialog om samarbeidet mellom de folkevalgte og rådmannen. Formålet er å få til en best mulig avstemming av gjensidige forventninger om hvordan man best kan samarbeide, og å gjennomgå erfaringene de ulike partene har av det samarbeidet som har vært. Det er viktig at samtalen er en dialog der rådmannen er en likeverdig samtalepartner med de folkevalgte, og fritt kan komme med egne synspunkter og vurderinger av samspillet politikk-administrasjon.

Det må erkjennes at skillet mellom politikk og administrasjon ikke er et entydig skille. Det kan være politikk i mange saker som tilsynelatende er av administrativ karakter. Videre vil det være ulike oppfatninger av hva som er politikk og hva som er administrasjon, både blant de folkevalgte og de ansatte i fylket/kommunen. Og ikke minst vil det være en dynamisk relasjon mellom administrasjon og politikk. Rolleforståelsen kan derfor aldri avklares en gang for alle, men må arbeides med kontinuerlig, både blant de folkevalgte og i dialogen mellom de folkevalgte og rådmannen.

Hele fylkestingets/ kommunestyrets rådmann

Rådmannen må følge opp og sørge for å iverksette alle vedtak fattet av folkevalgte organer (som er gitt myndighet til å fatte vedtak). Resultatoppfølgingen av rådmannen vil blant annet dreie seg om hvordan vedtak er fulgt opp av rådmannen og administrasjonen for øvrig. Samtidig skal rådmannen være uavhengig. For det første er rådmannen hele fylkestingets/kommunestyrets rådmann, og må forholde seg til de folkevalgte som et kollektivt organ. For det andre har rådmannen plikt til å se til at saker er forsvarlig behandlet. I dette ligger det at rådmannen må kunne foreta en selvstendig faglig vurdering av saker som legges fram for politisk behandling. Rådmannen plikter også å si i fra om eventuelle rettslige mangler i vedtak.




Rådmannen må være både lojal og uavhengig

Det at rådmannen framstår som både lojal og uavhengig er sentralt for rådmannens autoritet og tillit hos de folkevalgte og de ansatte i kommunen. Manglende lojalitet vil raskt undergrave rådmannens tillit blant de folkevalgte og resultere i manglende autoritet. Samtidig vil manglende uavhengighet kunne redusere tillit og autoritet for rådmannen internt i egen organisasjon. Det er derfor viktig at samspillet mellom de folkevalgte og rådmannen også har et tydelig preg av en uavhengighet til å gjøre egne faglige vurderinger. Folkevalgte som bidrar til å undergrave rådmannens autoritet vil skape et dårlig grunnlag for rådmannens utøvelse av ledelse i organisasjonen, og kan på sikt bidra til sviktende lojalitet gjennom redusert gjennomføringskraft og svekket uavhengighet i faglige vurderinger.

Rådmannens uavhengighet innebærer også at rolleutøvelsen i prinsippet ikke bør endres om det politiske flertallet i fylkestinget/kommunestyret endres, eller ved endringer i formannskap eller skifte av ordfører.

De folkevalgte og rådmannen spiller ikke på hver sin banehalvdel, de spiller på samme lag. Utviklingssamtalen bør derfor handle om hvordan de folkevalgte kan understøtte rådmannens ledelse, og hvordan rådmannen kan understøtte god politisk styring.





*Rådmannen må være
både lojal og uavhengig*

Utviklingsbehov og utviklingstiltak for rådmannen

En utviklingssamtale med rådmannen bør også innebære en dialog om utviklingsbehov og utviklingstiltak for rådmannen. Arbeidsavtalen kan også inneholde bestemmelser som regulerer eventuell rett til kompetanseutvikling. Det er uansett viktig å identifisere og avstemme hvilke muligheter og behov som foreligger for kompetanseutvikling for rådmannen og konkretisere utviklingstiltak som rådmannen kan og bør gjennomføre.

Forberedelser til utviklingssamtalen

Det er ikke hensiktsmessig å gjennomføre utviklingssamtalen med hele fylkestinget/kommunestyret. Samtidig er det viktig å sikre nødvendig forankring. Derfor kan det være hensiktsmessig at de som skal gjennomføre utviklingssamtalen sonderer blant de folkevalgte om hvilke tema som bør tas opp i utviklingssamtalen. Dette kan gjøres ved at ordfører sonderer og samler inn innspill fra gruppeledere forut for samtalen og planlegger gjennomføringen basert på tilbakemeldingene.

Rådmannen bør også forberede seg til utviklingssamtalen. Det kan være hensiktsmessig at rådmannen har gjennomført en (skriftlig) egenevaluering av oppnådde resultater, og har forslag til resultatmål for kommende periode.

Gjennomføring og forankring av utviklingssamtalen

KS anbefaler at det settes av god tid til en slik samtale, og avtales i god tid før samtalen. Den bør også gjennomføres i lukket rom. Skal samtalen oppleves som fortrolig i ettertid, er det viktig at deltakerne ikke gjengir innholdet i samtalen.

Imidlertid bør det skrives et referat som:

- oppsummerer gjennomgangen av resultatoppnåelse
- formulerer nye resultatmål og forventninger
- stadfester prinsipper for samhandling politikk-administrasjon
- eventuelt også konkretiserer utviklingstiltak for rådmannen i kommende periode

Referatet bør gjøres kjent for fylkestinget/kommunestyret og vil slik sett være åpent.

En utviklingssamtale bør gjennomføres minimum en gang årlig. Hvorvidt det er behov for å ha flere samtaler, for eksempel en egen oppfølgings-samtale midtveis mellom utviklingssamtalene, må vurderes i hvert enkelt tilfelle.

Lønnsfastsettelse

Det er fylkestinget/kommunestyret som fastsetter rådmannens lønn, jf. HTA kap. 3 pkt. 3.4.1.

Grunnlaget for lønnsvurdering er ett eller flere av følgende kriterier:

- oppnådde resultater i forhold til virksomhetens mål
- utøvelse av lederskap
- betydelige organisatoriske endringer
- behov for å beholde kvalifisert arbeidskraft

Selv om det ikke gjennomføres forhandlinger om lønn, vil det være hensiktsmessig at det gjennomføres samtaler om dette. Selv om utviklings-samtalen ikke skal være en lønnsamtale, vil de forhold som ligger til grunn for lønnsfastsetting også være tema i utviklingssamtalen.

Utviklingssamtalen kan derfor med fordel legges slik at denne kan danne grunnlag for fylkestingets/kommunestyrets fastsetting av rådmannens lønn.

Dialog mellom folkevalgte og rådmannen ut over utviklingssamtalen

Det er viktig at en årlig utviklingssamtale ikke erstatter den kontinuerlige dialog som må være mellom rådmannen og de folkevalgte. Mange av de temaer som omhandles i utviklingsamtalen, vil det kunne være behov for å drøfte flere ganger i perioden. Slik bør det også være. Skulle det for eksempel oppstå misforståelser knyttet til rolleforståelsen i samspillet mellom politikk og administrasjon, må dette også tas opp og samtales om underveis.


Andel rådmenn pr. 1.12.2007 som fortsetter i stilling som fylkesrådmann/rådmann

Tall pr 1. desember i det aktuelle år basert på KS' PAI-register

	2007	2008	2009	2010	2011
Rådmann	100%	79%	68%	57%	49%
- Ansatt i samme kommune	100%	77%	64%	50%	42%
- Ansatt i annen kommune	0 %	2%	4%	7%	7%

Fylkesrådmenn og rådmenn i årene 2007 og 2011

Tall pr 1. desember i det aktuelle år basert på KS' PAI-register



KONTORADRESSE
POSTADRESSE

Haakon Vlls gt. 9, 0161 Oslo
Postboks 1378 Vika, 0114 Oslo

TELEFON
TELEFAX
E-POST
INTERNETT

24 13 26 00
22 83 22 22
ks@ks.no
www.ks.no

November 2012

PROSJEKT: ELISABETH AXELSSON BERGE • DESIGN: HÅKON IMIS • FORSIDEFOTO: MATTON SE • TRYKK: HBO

*Et godt samspill mellom politikk og fag/
administrasjon gir et godt grunnlag for
styring og ledelse av fylket/kommunen.*



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret (KS)	20.02.2020	033/20
Kommunestyret (KS)	26.03.2020	043/20

Val av representant til Kystkultur no! for perioden 2020-2023

Samandrag:

Fjell, Sund og tidlegare Øygarden kommune har vore medlem i Kystsogevekene, som i 2019 skifta namn til Kystkultur no! I denne saka vert kommunestyret invitert til å stadfesta at Øygarden kommune vidarefører medlemskapet i stiftinga slik praksis har vore i «gamle» kommunar. Det er 23 kystkommunar som saman med Vestland fylkeskommune har eit samarbeid i Stiftinga Kystkultur no! Det må veljast 1 medlem og eit varamedlem til representantsskapet frå kvar kommune.

Innstilling til vedtak:

1. Øygarden kommunestyre vidarefører medlemskapet i Stiftinga Kystkultur no! (tidlegare Kystsogevekene)
2. Øygarden kommunestyre vel som kommunen sitt medlem, ogsom varamedlem, i representantskapet for Stiftinga kystkultur no! for perioden 2020-2023.

Saksopplysningar:

Stiftinga Kystsogevekene skifta i representantskapsmøtet i 2019 namn til Stiftinga Kystkultur no!

Fjell, Sund og Øygarden har vore medlem i Kystsogevekene i ein årrekke, noko som har vore viktig for kystkultur- og reiseopplevingane i kommunane.

Øygarden kommune har mottatt brev frå stiftinga med oppmoding om å utnemna representant og vararepresentant til representantskapet.

Representantskapet til stiftinga følger kommune og fylkestingsval, og representantane vert oppnevnt av sin kommune (ved kommunestyret) i etterkant av valet. (Ofte er dette ordførar, men her står sjølvstøtt kvar kommune fritt til å gjera sine val.)

Kvar av medlemskommunane, og Vestland Fylkeskommune, vel eit medlem til representantskapet. Representantskapet møtest årleg, til vanleg i april/mai månad i Bergen.

Om stiftinga:

[Stiftinga Kystkultur no!](#) er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og 23 kystkommunar i Vestland fylke. Fylkeskommunen er Stiftinga Kystkultur no! sin viktigaste økonomiske støttespelar. Stiftinga Kystkultur no! er ei ikkje-næringsdrivande stifting med føremål å stimulere og virke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod og koordinering av kystkultur i Vestlandsregionen. Bak dei ulike arrangementa står ei stor gruppe lokale eldsjeler som er stolte av eigenart og tradisjonar.

Kystkultur no! arbeidar for å styrkja identiteten i kystdistrikta og å skapa kultur- og reiselivsopplevingar knytta til kysten. Auka trivsel, vekst og nye arbeidsplassar er andre viktige målsetjingar. Målet med arrangementa er å fremja kystkultur og området sitt særtrekk.

Kystkultur no! frontar kystkultur fra alle tider, både gammal og ny. Folk får oppleve kystkultur og yrande folkeliv i mange former og uttrykksmåtar.

Programmet femner vidt, frå store folkefester til intime konserter eller små arrangement: marknader, konsertar, torgdagar, revyar, turar og aktivitetar. Mange veteranbåter er i sving, og folk i alle aldre kan prøva seg på ulike maritime aktivitetar. Tradisjonsmat, handverk og arbeidsteknikkar, lokale skips- og båttypar er sentrale ingrediensar. På dei mange marknadene kan småskala-produsenter av ulikt slag, særleg innan mat og handverk, visa seg fram for publikum.

Medlemskommunar:

Vestland fylkeskommune

Alver, Askøy, Askvoll, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Bømlo, Fedje, Fitjar, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Kvinnherad, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Solund, Stad, Stord, Sveio og Tysnes.

Medlem til representantsskapet og vedtekter

I følgje vedtektene skal stiftinga ha eit representantskap, samansett ved at fylket og kvar av medlemskommunane oppnemner eit medlem kvar.

§ 4. Representantskap

Stiftinga skal ha eit representantskap, samansett ved at fylket og kvar av medlemskommunane oppnemner ein medlem kvar.

Representantskapet sine medlemmer vert oppnemnde for 4 år.

Representantskapet skal ha ein leiar og ein nestleiar som vert valde av og blant representantskapet sine medlemmer ved byrjinga av fireårsperioden.

Medlemmer av representantskapet kan ikkje veljast til styret.

Representantskapet sin leiar møter i styret med tale og forslagsrett, men ikkje røysterett.

§ 5. Representantskapet sine oppgåver

Representantskapet skal:

- velje stiftinga sitt styre og revisor*
- gje uttale til stiftinga si årsmelding og årsrekneskap.*
- fastsetje eventuelt honorar for styret.*
- gje uttale til styret i saker som gjeld drift av stiftinga.*
- føre tilsyn med at stiftinga vert driven i samsvar med lov, vedtekter og vedtak fatta av representantskapet.*

- gjere vedtektsendringar etter forslag frå styret, jfr § 8.

Vedtekter for stiftinga Kystkultur.no!

<https://www.kystkultur.no/default-css.asp?k=4882&id=27333&sok=styre&index=1>

Økonomiske konsekvensar:

Ingen medlemsavgift.

Vurdering:

Kommunedirektøren viser til at valnemnda legg fram forslag til medlem i Kystkultur no! i møtet.

Behandling i Kommunestyret (KS) 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret (KS) - 033/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.



Arkiv:

Arkivsaknr: 20/2666 - 1

Sakshandsamar: Jarle Kåre Oen

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret (KS)	20.02.2020	027/20
Kommunestyret (KS)	26.03.2020	044/20

Val av representantar til styret i stiftinga Fjell Festning

Samandrag:

Kommunestyret i Øygarden skal i denne saka velje 2 medlemmer og 2 varamedlemmer til styret i stiftinga Fjell Festning. Valperioden er på vel 2 år. I høve §13 i Likestillingslova skal det vere kjønnsbalanse i offentlege utval og til dette styret må kommunestyret velje 1 av kvart kjønn, dette gjeld også for varamedlemmer. Styret har vedteke naudsynte vedtektsendingar som er godkjent av lotteri- og stiftingstilsynet.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Vedtekter for stiftinga Fjell festning pr 16.09.19
Møtebok stiftinga Fjell festning

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vel desse to faste representantane med varamedlemmar til stiftinga Fjell festning for 2 år:

Fast medlemmar:	Varamedlemmar
1.	1.
2.	2.

Saksopplysningar:

Det vert synt til §3 i vedtektene som ligg ved saka. Styret skal veljast for to år.

I vedtektene til stiftinga Fjell festning § 3 Styret, heiter det at stiftinga vert leia av eit styre på 5 medlemmer. Sotra og Øygarden Forsvarsforeining (SØF) vel 2 medlemmer, Øygarden kommunestyre vel 2 medlemmer og Museum Vest vel 1 medlem. Vedtektene seier vidare at styret vert vald for 2 år om gongen med høve til forlenging. Ved utskifting av medlemmer i styret må det sikrast kontinuitet.

Vedtektene er ikkje spesifikk på at styremedlemene sit i sine verv inntil nytt val er gjennomført, men det er ein vanleg praksis for andre styreverv. Styret vel sjølv leiar.

I vedtektene §3 Styret står det vidare at styret skal ha bredde i kompetanse og det er ønskjeleg at følgjande kompetanse vert lagt til grunn ved val av styremedlemmer:

- Kompetanse i høve til forsvaret/engasjement for saka/dugnad
- Kompetanse i høve til kulturminne og historie
- Kompetanse i høve til vedlikehald/prosjekt/økonomi
- Kompetanse i høve til å utvikle reisemål
- Kompetanse i høve til politiske system

Det første kulepunktet vert føresett dekkja av Sotra og Øygarden Forsvarsforeining som skal peika ut 2 medlemer, det andre kulepunktet vert føresett dekkja av Museum Vest gjennom val av sin representant. Øygarden kommune si utfordring er difor å dekkja dei andre kompetansekrava best mogeleg gjennom val av 2 styremedlemer.

Stiftingar er eige rettsobjekt.

Dette er det siste vedtak om styrerepresentasjon i Fjell kommunestyre:

Vedtak i Kommunestyret - 30.11.2017:

Kommunestyret vel desse medlemene og varamedlemene til styret i stiftinga Fjell festning:

Fast medlem: Eli Årdal Berland (H)

Fast medlem: Egil Morland (KrF)

Varamedlem: Jon Olav Hesjedal

Varamedlem: Berit Andersen

Medlemene og varamedlemene vert valt for ca 2 år og fram til nyval i samband med etablering av nye Øygarden kommune er gjennomført.

Vurdering:

Kommunedirektøren kjem ikkje med innstilling til namn i slik saker. Kommunestyret føretek utveljinga og gjer endeleg vedtak om verva.

Behandling i Kommunestyret (KS) 20.02.2020:

Vedtak i Kommunestyret (KS) - 027/20

Saka vart utsett til neste møte då det ikkje vart tid til å behandla saka i møtet.

Vedtekter for Stiftinga Fjell festning

§1 - Stiftinga sitt namn og grunnkapital

Stiftinga Fjell festning er ein sjølvstendig juridisk person skipa 18. juni 2007 ved at stiftarane, Fjell kommune og Sotra og Øygarden Forsvarsforening skyt inn ein grunnkapital som lista opp nedanfor:

- Følgjande eigedomar/parsellar med påståande bygningar og installasjonar overteke av Fjell kommune frå forsvaret i 2004: gnr.56 og bnr. 24 på i alt 2 dekar, gnr.56 og bnr. 25 på i alt 37 dekar og gnr.56 og bnr.26 på i alt 28 dekar.
- Følgjande bygg oppført av Sotra og Øygarden Forsvarsforening i 2004-2005: kanoverbygget med tilhøyrande veg, parkering og toalett.
- Kontantinnskot på kr. 50.000,- gjort av Fjell kommune og kontantinnskot på kr. 50.000 gjort av Sotra og Øygarden Forsvarsforening.

§2 – Føremål

Stiftinga sitt føremål er å vedlikehalda bygg og anlegg, og utvikla Fjell festning til eit spanande og etterspurd krigsminne. Målsetjinga er at festninga skal verta eit attraktivt reisemål som også genererer inntekter. Utviklingsarbeidet skal gjerast i eit tett samarbeid med dei ansvarlege for museumsverksemda, dette skal regulerast i samarbeidsavtalen mellom Stiftinga Fjell festning og Stiftinga Museum Vest.

§3 – Styret

Stiftinga vert leia av eit styre på 5 medlemmer. Styret skal ha breidde i kompetanse og det er ønskeleg at følgjande kompetanse vert lagt til grunn ved val av styremedlemmer:

- Kompetanse i høve til forsvaret/engasjement for saka/dugnad
- Kompetanse i høve til kulturminne og historie
- Kompetanse i høve til vedlikehald/prosjekt/økonomi
- Kompetanse i høve til å utvikla reisemål
- Kompetanse i høve til politiske system

Sotra og Øygarden Forsvarsforening peikar ut 2 medlemer, Museum Vest peikar ut 1 medlem med fagbakgrunn medan Øygarden kommunestyre vel dei andre 2.

Styret vert vald for 2 år om gongen med høve til forlenging. Ved utskifting av medlemmer i styret må det sikrast kontinuitet. Styreleiaren vert å velja av styret. Sekretærfunksjonen for styret vert utført av det konsoliderte museet.

Styret representerer stiftinga i høve til omverda. Styret har elles ansvaret for at festninga og eigedomen vert forvalta på ein tilfredsstillande måte og i samsvar med føremålet.

§4 – Styret sitt ansvarsområde

Styret sitt ansvar femner om vedlikehald av bygg og anlegg og utvikling av Fjell festning.

Dette gjeld ikkje utvikling av utstillingar og formidling i det museale området. Det museale området er definert i samarbeidsavtalen mellom Stiftinga Fjell festning og Stiftinga Museum Vest. Styret har ansvar for eit konstruktivt samarbeid med det konsoliderte museet

som skal stå for drifta av museumsanlegget dvs. etablering av formidling, forvaltning og utstillinger, forskning, reinhald, lys og varme i desse anlegga. Stiftinga Museum Vest er arbeidsgjevar for museumsverksemda.

Ansvarsdelinga mellom partane skal spesifiserast i ein eigen samarbeidsavtale.

Styret må også samhandla konstruktivt med Øygarden kommune, Sotra og Øygarden Forsvarsforening og andre aktuelle aktørar i samband med utviklinga av festningsområdet. Styret har høve til å ta opp lån så lenge det aktuelle tiltaket er i samsvar med føremålet og at lånet kan økonomisk forsvarast innanfor tildelte budsjetttrammer.

Styret har ikkje høve til å selja eigedom som er ein del av grunnkapitalen til stiftinga.

§5 – Styremøte

Styret gjer vedtaka sine i møte. Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmer er til stades. Når det ligg føre simpelt fleirtal i ei sak, er styret sitt vedtak bindande. Dersom styreleiar ikkje er tilstades i møte, vel styret møteleiar. Ved likt røystetal har styreleiar eller møteleiar dobbeltrøyst.

Styret skal føra møtebok. Møteboka skal innehalda kva saker som vert sett under votering, kva voteringsresultatet er og kva som er styret sitt endelege vedtak. Møteboka skal skrivast under av dei i styret som er til stades i møtet.

Styret skal årleg godkjenna budsjettet for stiftinga og syta for at tiltak vert gjennomførde innanfor rammene av budsjettet.

Styret skal syta for at det vert ført rekneskap over stiftinga sine eigedelar, gjeld, inntekter og utgifter. Rekneskapen skal følgja rekneskapsåret for aksjeselskap. Eit eventuelt overskot vert å leggja til stiftinga sin kapital medan eit underskot vil redusera stiftinga sin kapital.

Styret engasjerer ein registrert eller statsautorisert revisor i samsvar med lov om stiftingar av 2001-06-15 der det går fram at stiftingar har revisjonsplikt etter revisorlova.

§6 – Overskot og underskot

Overskot i årsrekneskapen vert å avsetja i fond til framtidig vedlikehald og nødvendige investeringar. Underskot i rekneskapen vert å dekkja frå det same fondet.

§7 – Øvste organet i stiftinga

Styret er stiftinga sitt øvste organ.

§8 – Endring av vedtekter

Endringar i vedtektene kan berre gjerast på styremøte i april-mai (årsmøte for styret) og då med 2/3 fleirtal av dei frammøtte. Framlegg til endringar skal vera omtalt i innkallinga.

For framgangsmåte og avgjerdskompetanse vert det vist til kap 6 Omdanning i stiftingslova.

§9 – Utdeling av stiftinga sine aktiva

Dersom det ikkje vert mogeleg å gjennomføra stiftinga sitt føremål, skal stiftinga sine aktiva disponerast i medhald av §52 i stiftingslova. Ved oppheving av stiftinga inneber dette at den kapitalen som er att etter at kreditorane sine krav er dekkja, skal brukast på ein måte som samsvarer med stiftinga sitt føremål eller til liknande føremål.

§ 10 – Anna


Elles gjeld til ei kvar tid gjeldande lov om stiftingar.

Desse vedtektene er godkjende av skiparane av stiftinga, jamfør vedtak i Fjell kommunestyre den 23.11.06 i sak 114/06 og vedtak i sak 61/07 i komité for finans og forvaltning 15.05.07 samt vedtak i Sotra og Øygarden Forsvarsforening, jamfør årsmøtevedtak den 19.nov. 2005 og styrevedtak den 01.06.06 og 30.08.06.


Straume den 16.09.2019



Eli Årdal Berland
styreleiar




Ole Hovland
varamedlem



Vidar Broch
styremedlem



Egil Morland
styremedlem



Jenny Heggvik
styremedlem



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
93/17	Kommunestyret	30.11.2017

Val av medlemmer til styret i stiftinga Fjell festning

Samandrag av saka:

Kommunestyret i Fjell skal i denne saka velje 2 medlemmer og 2 varamedlemmer til styret i stiftinga Fjell festning. Valperioden er på vel 2 år.

I høve §13 i Likestillingslova skal det vere kjønnsbalanse i offentlege utval og til dette styret må kommunestyret velje 1 av kvart kjønn, dette gjeld også for varamedlemmer.

Fjell festning er i dag eit mykje nytta og populært museums- og friluftsområde. Stiftinga har, saman med Museum Vest, spanande planar for vidare utvikling. For å lukkast med desse planane må styret i stiftinga fungere godt og arbeide målretta og konstruktivt saman med andre aktuelle aktørar på festninga.

I 2015 hadde styret i stiftinga Fjell festning, saman med representantar frå Museum Vest og Fjell kommune ein god prosess for å drøfta gjeldande samarbeidsavtale og stiftinga sine vedtekter. Det vart utarbeidd framlegg til justerte vedtekter og samarbeidsavtale som skulle behandlast og vedtakast i styret i Stiftinga Fjell festning. Dette er ennå ikkje gjort.

Stiftingar er sjølvstendige juridiske rettsobjekt. Det betyr at kommunestyret/kommunen, ikkje kan utøve eigarskapsmynde direkte. Dei kommunale interessene kan utøvast gjennom vedtekter og gjennom dei styremedlemmane som vert valde av kommunen.

Innstilling:

Kommunestyret vel desse medlemene og varamedlemene til styret i stiftinga Fjell festning:

Fast medlem:

Fast medlem:

Varamedlem:

Varamedlem:

Medlemene og varamedlemene vert valt for ca 2 år og fram til nyval i samband med etablering av nye Øygarden kommune er gjennomført.

Straume, den 20.11.2017

Steinar Nesse
Rådmann

Lillian Torsvik
Servicetorgsjef

Handsama i Kommunestyret - 30.11.2017:

Som nær familiemedlem til kandidat til styret i stiftinga Fjell festning bad Helena Morland Hansen kommunestyret vurdere hennar gildskap.

Kommunestyret vurderte ho til å vere gild og ho deltok i handlinga av saka.

Leiar i valnemnda, Egil Haaland, har ikkje eit felles framlegg til nye medlemer og varamedlemer til styret i Stiftinga Fjell festning, men legg fram det som fleirtalet i valnemnda har vorte einige om:

Eli Årdal Berland (H) held fram som medlem. Egil Morland vert fremja som nytt medlem. Ny varamedlem vert foreslått Jon Olav Hesjedal (AP) og at noverande varamedlem Berit Andersen held fram.

Leiar i valnemnda gav ei grunngjeving for kvifor valnemnda har fremjar desse kandidatane, som er i tråd med tilrådingar i Eigarskapsmeldinga og i sjølve saka.

Framlegg frå Svein P Bergh (SL).

Framlegg om at John Kjell Fjeld held fram som styremedlem til styret i stiftinga Fjell festning.

Representanten Bergh grunngav også sitt framlegg.

Votering:

Framlegg til at Eli Årdal Berland held fram som medlem vart **samrøystes** vedteke.

Framlegg frå Svein Bergh om at noverande medlem John Kjell Fjeld held fram som medlem vart sett opp mot valnemnda sitt framlegg om Egil Morland som nytt medlem.

Framlegget frå Svein Bergh fekk 8 røyster og fall (FrP 2, Sotralista 4, SP og MDG).

Egil Morland vart valt som nytt medlem.

Framlegg frå valnemnda om at Berit Andersen held fram som varamedlem og at nytt varamedlem vert Jon Olav Hesjedal vart **samrøystes** vedteke.

Medlemene og varamedlemene vert valt for ca 2 år og fram til nyval i samband med etablering av nye Øygarden kommune er gjennomført.

Vedtak i Kommunestyret - 30.11.2017:

Kommunestyret vel desse medlemene og varamedlemene til styret i stiftinga Fjell festning:

Fast medlem: Eli Årdal Berland (H)

Fast medlem: Egil Morland (KrF)

Varamedlem: Jon Olav Hesjedal

Varamedlem: Berit Andersen

Medlemene og varamedlemene vert valt for ca 2 år og fram til nyval i samband med etablering av nye Øygarden kommune er gjennomført.

Dokument vedlagt saka:

Vedtekter for Stiftinga Fjell festning

Saksopplysningar:

Stiftinga Fjell festning vart oppretta i 2006 og er eit sjølvstendig juridisk rettssubjekt som har som føremål å vedlikehalda, rusta opp og utvikla Fjell festning og andre festningsverk til eit spanande og etterspurd krigsminne. Målsetjinga er at festninga skal verta eit attraktivt reisemål som også genererer inntekter. Utviklingsarbeidet skal gjerast i eit tett samarbeid med dei ansvarlege for museumsverksemda som i dag er Museum Vest.

I vedtektene til stiftinga Fjell festning § 3 Styret, heiter det at stiftinga vert leia av eit styre på 5 medlemmer. Sotra og Øygarden Forsvarsforeining (SØF) vel 2 medlemmer, Fjell kommunestyre vel 2 medlemmer og Museum Vest vel 1 medlem. Vedtektene seier vidare at styret vert vald for 2 år om gongen med høve til forlenging. Ved utskifting av medlemmer i styret må det sikrast kontinuitet. Vedtektene er ikkje spesifikke på at styremedlemene sit i sine verv inntil nytt val er gjennomført, men det er vanleg praksis for andre styreverv, og det vert difor lagt til som ei presisering i innstillinga. Styret vel sjølv leiar.

I vedtektene §3 Styret står det vidare at styret skal ha bredde i kompetanse og det er ønskeleg at følgjande kompetanse vert lagt til grunn ved val av styremedlemmer:

- Kompetanse i høve til forsvaret/engasjement for saka/dugnad
- Kompetanse i høve til kulturminne og historie
- Kompetanse i høve til vedlikehald/prosjekt/økonomi
- Kompetanse i høve til å utvikle reisemål
- Kompetanse i høve til politiske system

Det første kulepunktet vert føresett dekkja av Sotra og Øygarden Forsvarsforeining som skal peika ut 2 medlemmer, det andre kulepunktet vert føresett dekkja av Museum Vest gjennom val av sin representant. Fjell kommune si utfordring er difor å dekkja dei andre kompetansekrava best mogeleg gjennom val av 2 styremedlemmer.

Festningsområdet er allereie eit godt besøkt reisemål, men potensiale til å utvikla dette ytterlegare er stort. Fjell kommune har, saman med kommunane Sund og Øygarden, inngått samarbeid med Bergen reiselivslag om felles marknadsføring av Bergensregionen med fokus på *Kysten*. Kunnskap om korleis ein utviklar reiselivsprodukt og kompetanse på økonomi- og prosjektstyring er eigenskapar som ein vil ha god nytte av i styret.

I tillegg er det nemnd kompetanse i høve politisk system. Det er ikkje slik å forstå at kommunen sine representantar må vere politikarar, men det er ei føremon at kommunen sine representantar kjenner til korleis ein arbeider innanfor slike system. Kommunestyret står likevel fritt til å velja dei representantane dei finn mest eigna til å ivareta kommunen sine interesser.

Til slutt vil rådmannen peike på at det er styret sin samla kompetanse som skal oppfylle intensjonane i vedtektene.

Fjell kommune valte sine representantar til stiftinga i kommunestyremøte 25.09.2014, KS-sak 75:

Vedtak i Kommunestyret - 25.09.2014:

Kommunestyret vel desse medlemene og varamedlemene til styret i stiftinga Fjell festning:

Fast medlem: Eli Årdal Berland

Fast medlem: John Kjell Fjeld

Varamedlem: Odd Bjarne Skogestad

Varamedlem: Berit Andersen

Medlemene og varamedlemene vert valde for 2 år og fram til etter årsmøte i Stiftinga i 2017, med høve til forlenging. Styremedlemene held fram i sine verv inntil nytt val er gjennomført.

